

Frå oppdagingar til bistand

*Forteljingar om møter mellom europearar og
kulturar utanfor Europa i historielæreboeker
etter Kunnskapsløftet*

Susanne Hoggen Kippersund



Mastergradsoppgåve i historie

Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap

UNIVERSITETET I BERGEN

15.05.2019

© Susanne Hoggen Kippersund

2019

Frå oppdagingar til bistand. Forteljingar om møter mellom europearar og kulturar utanfor Europa i historielærebøker etter Kunnskapsløftet

Susanne Hoggen Kippersund

<http://bora.uib.no/>

Abstract

Historical awareness is part of our identity and provides orientation at the crossroads between perceived past, lived present and expected future. History textbooks are important sources for historical awareness. In this thesis, I analyse the representation of Europeans and Non-Europeans as well as the portrayal of their encounters in eleven Norwegian history textbooks used in primary and lower secondary school. The textbooks are from the main textbook publishers in Norway and are written in accordance with the national 2006 Knowledge Promotion Reform (Kunnskapsløftet). Based on the national subject curriculum I concentrate on the three topics that portray the most evident encounters in the textbooks: 1) European Discoveries, 2) Imperialism, and 3) Decolonisation. I use Jörn Rüsen, Hayden White, Peter Aronsson and Niels Kayser Nielsen's typologies to explore the narratives which the textbooks construct and to discuss the orientation they offer pupils.

I identify two competing narratives throughout the topics. First, a *traditional narrative* which traces the origins of today's "International Community" and highlights European development as the main historical force. Second, a *critical narrative* which criticises European behaviour and shapes storylines of recurring tragedies. An *exemplary narrative* occurs at the intersection of these two narratives. It suggests to pupils that they, as powerful Europeans, are the gatekeepers of the International Community's values and should show benevolence to the rest of the world by helping them take up the "good and right universal values" of democracy and a functioning economy.

The *exemplary narrative* promotes values such as democracy and human rights and therefore complies with the aim of the national curriculum. It is, however, composed of two elements that independently may hinder other objectives of the curriculum. The *critical narrative* implies that encounters between cultures are challenging and that the outcome of cultural encounters is uncertain. While the Eurocentric *traditional narrative* encourages the values of equality, it also endorses a European hegemony and may consequently be a hindrance to counteract discrimination and promote intercultural tolerance. Finally, the exemplary function is founded on a combination of guilt and superiority, and thus I argue that it provides pupils with a potentially unfortunate ground for action.

Forord

Først og fremst vil eg rette ein stor takk til min rettleiar, Christian Sæle. Tusen takk for engasjerande diskusjonar, gode råd og for all tida du har via meg og oppgåva mi. Eg vil også takke alle på masterseminaret *Politikk, samfunnsstyring og historiebruk* for konstruktive tilbakemeldingar gjennom heile masterløpet.

Takk til lesesalgjengen for tidlege frukostar, quiz-lunsjar og naudsynte skrivepausar.

Takk til Anna for kommentarar og innspel, og særleg takk til Charlotte for samtalar, korrekturlesing og oppmuntrande ord gjennom heile prosessen.

Bergen, 15. mai 2019

Susanne Hoggen Kippersund

Innhald

1	Innleiing	1
1.1	Lærebokforskning i historie og framstillingar av «dei andre»	2
1.2	Forteljingar	6
1.2.1	Forteljingar som orienteringsreiskap	7
1.2.2	Historie som romanse, satire, komedie og tragedie	8
1.2.3	Historiekulturens grunntropar	10
1.2.4	Metode	12
1.3	Kjelder	13
2	Europeiske oppdagingsreiser	17
2.1	Forteljingar om europeiske oppdagingsreiser	17
2.1.1	Oppdagarane overvinn motstanden	17
2.1.2	Vendepunkt: Frå framgang til øydelegging	20
2.2	Representasjonar i oppdagingsreisene	23
2.2.1	Europearane: Modige menn	23
2.2.2	Avanserte indianarar	27
2.2.3	Lidande afrikanarar	32
2.3	Diskusjon av forteljingane om europeiske oppdagingsreiser	34
3	Imperialisme	37
3.1	Ei forteljing om Europa som ein trykkokar	37
3.1.1	Europa i sterk utvikling	37
3.1.2	Hurtig tempo	38
3.1.3	Verda utanfor Europa ligg i ro	39
3.1.3.1	Afrika som illustrerande for imperialismen	41
3.1.4	Imperialismen som uunngåeleg	43
3.1.5	Dominerande europeiske menn	44
3.1.5.1	Valdelege sideaktørar	46
3.1.6	Oppsummering av fellestrekk i forteljingane	47
3.2	Kosmos	47
3.3	Undervegs	50
3.4	Matriks	54
3.5	Nye makt og menneske	57

3.6	Diskusjon av forteljingane om imperialismen.....	58
4	Avkolonisering	61
4.1	Fellestrekk i forteljingane om avkolonisering.....	61
4.1.1	Kolonimaktene forstår at dei må gje slepp på koloniane	61
4.1.2	Gryande optimisme	63
4.1.3	Models of virtue	64
4.2	Kosmos.....	66
4.3	Undervegs.....	68
4.4	Matriks	74
4.5	Nye makt og menneske	78
4.6	Diskusjon av forteljingane om avkolonisering.....	82
5	Avslutning	87
5.1	Forteljingar om Europas vekst	87
5.2	Oppgåvas funn opp mot tidlegare forskning og læreplanen.....	89
	Lærebøker.....	92
	Litteratur.....	93

Figurar

Figur 1	Døme på aztekar	29
Figur 2	Døme på spanjol	29
Figur 3	Døme på oppdagarar.....	30
Figur 4	Døme på inkaer.....	30
Figur 5	Døme på før- og etter-kart over Afrika.....	39
Figur 6	Karikaturen «The Rhodes Colossus».....	42
Figur 7	Døme på bilete av utydelege afrikanarar	49
Figur 8	Døme på valdelege illustrasjonar.....	69
Figur 9	Døme på ei positiv framstilling av ikkje-europearar	78

1 Innleiing

Temaet for denne oppgåva er møter mellom europearar og ikkje-europearar i norske historielærebøker for grunnskulen, etter læreplanen Kunnskapsløftet frå 2006 (LK06).¹ I grunnskulen er historie del av samfunnsfag, og det er egne læreplanmål knytt til historiedelen av faget. Eg har vald ut to læreplanmål kor ein tydeleg kan forvente at slike møter vert skildra: «framstille oppdagingsreiser europearane gjorde, skildre kulturmøte og samtale om korleis dette kunne opplevast» og «gjere greie for kolonialisme og imperialisme og gje døme på avkolonisering».² Ved å undersøke korleis lærebøkene behandlar dei to læreplanmåla vil eg svare på følgande problemstilling: *Korleis vert europearar og menneska utanfor Europa framstilt i møte med kvarandre?*

Tidlegare lærebokforskning har undersøkt korleis «dei andre» vert framstilt i historielærebøker, og då med særleg vekt på framstillingar av Afrika og afrikanarar. Ved å granske møta mellom kulturar ønsker eg å rette merksemda vel så mykje mot «oss», i denne samanhengen forstått som Europa og europearar. Eg vil undersøke ikkje berre korleis kulturar utanfor Europa vert framstilt, men også kva bilete som vert skapt av europearar. Tidlegare forskning har vist at lærebøkene har plassert Noreg som del av eit felles europeisk «vi»,³ og dimed er framstillingar av Europa også relevante for norske elevars sjølvforståing. Kva legg lærebøkene opp til at elevar skal tenke om seg sjølve i møte med menneske og kulturar utanfor Europa? I den generelle delen av læreplanen står det: «Oppfostringa skal motverke fordommar og diskriminering og fremje gjensidig respekt og toleranse mellom grupper med ulike levevis.»⁴ Kva orientering gir lærebøkene skuleelevane om møter mellom ulike kulturar? Gjennom å finne kva forteljingar lærebøkene konstruerer om møta mellom europearar og ikkje-europearar vil eg diskutere kva forståing historiedelen av samfunnsfaget legg opp til om slike møter.

¹ Læreplanen vart sist oppdatert i 2013, men endringane består hovudsakleg av språklege formuleringar og ikkje av meiningsinnhald.

² Utdanningsdirektoratet. 2013. "Læreplan i samfunnsfag (SAF1-03)." <https://www.udir.no/kl06/SAF1-03> (henta 03.10, 2017).

³ Til dømes Kjølsseth, Kari, "Verdshistoriens "vi" og "de andre" : En analyse av fem norske lærebøker i verdshistorie fra slutten av 1800-tallet" (Hovedoppgave, Universitetet i Oslo, 2002).

⁴ Utdanningsdirektoratet. 2015. "Generell del av læreplanen." <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/generell-del-av-lareplanen/> (henta 01.05, 2019).

1.1 Lærebokforskning i historie og framstillingar av «dei andre»

Lærebøker er ein spesiell sjanger, og «may well be our most composite literary product»⁵, ifølge lærebokforskar Egil Børre Johnsen. Med tilføyingar av digitale ressursar er utsegna minst like aktuelt som då han skreiv det i 1993. Lærebøker vert utforma av kommersielle aktørar, men det er læreplanen som set rammene for kva elevar skal lære på skulen. Læreplanen er eit resultat av ein demokratisk, politisk prosess og vert vedteke av folkevalde. Læreplanmåla er lite konkrete og legg få føringar på korleis historia skal formidlast. Likevel ligg det ei bestilling til grunn frå læreplanen som lærebøkene må følge om dei skal vere relevante for skulane. Christian Sæle har difor kalla lærebøker «et kompromiss mellom ulike faglige, politiske og formidlingsmessige hensyn.»⁶

Lærebøker har tradisjonelt stått sterkt i den norske skulen. Ifølge Svein Lorentzen har særleg historielærebøker «i betydelig grad vært aktører i den norske nasjonsbyggingsprosessen»⁷. Jan Bjarne Bøe viser mellom anna til historie- og samfunnsfaget når han argumenterer for at: «Skoleverket er samfunnets fremste og offisielle måte å forme de unges kunnskaper og holdninger på»⁸. Lærebøker skal følge ein læreplan som har både faglege og normative føremål. Eg forstår difor lærebøker delvis som del av ein politisk dannelsingsprosess og ikkje reine forsøk på objektiv formidling av kunnskap. Blant dei som forskar på lærebøker er det heller ikkje vanleg å undersøke i kva grad lærebøkene er korrekte, men heller kva haldningar som vert formidla.

Lærebokkritikk har lange tradisjonar. I etterkrigstida har feltet utvikla seg frå å vere knytt til eit vesteuropeisk fredsprosjekt i mellomkrigstida, til eit felt som freistar utfordre etablerte, vestlege «sanningar» om historia.⁹ Med internasjonalt samarbeid og fred som siktemål vart den tidlege lærebokkritikken driven fram av internasjonale organisasjonar som Folkeforbundet og UNESCO.¹⁰ På 1970-talet sto global urettferd og syn på andre kulturar sentralt i

⁵ Johnsen, Egil Børre, *Textbooks in the kaleidoscope : a critical survey of literature and research on educational texts* (Oslo: Scandinavian University Press, 1993), 21.

⁶ Sæle, Christian, "Den rette historien : lærebokkritikk som historiepolitisk redskap" (Universitetet i Bergen, 2013), 211.

⁷ Lorentzen, Svein, *Ja, vi elsker - : skolebøkene som nasjonsbyggere 1814-2000* (Oslo: Abstrakt forlag, 2005), 223.

⁸ Bøe, Jan Bjarne, *Å lese fortiden : historiebruk og historiedidaktikk* (Kristiansand: Høyskoleforlaget, 2006), 196.

⁹ Sæle, "Den rette historien : lærebokkritikk som historiepolitisk redskap", 212-213.

¹⁰ *Ibid.*, 212.

samfunnsdebatten i Vesten. Det påverka lærebokkritikken, som ofte er svært tidstypisk.¹¹ Mange utvikla ei meir kritisk haldning til lærebøkene perspektiv og utval. Med slagordet «historie nedanifrå» vart det no eit viktig mål å løfte fram dei gløynde og usynleggjorte gruppene i historieskrivinga.¹² I norsk lærebokkritikk er framstillingar av land og kulturar utanfor Vesten blant dei temaa som har fått mest merksemd.

Den svenske statsvitaren Herbert Tingsten ga i 1969 ut *Gud og fedrelandet*, ei bok som i Norden framleis vert sett på som eit standardverk innan lærebokkritikk.¹³ I den norske utgåva skreiv dåverande kontorsjef ved FN-sambandet, Svein Erik Odden, eit kort og kritisk samandrag av kva som fanst av ikkje-europeiske kulturar i norske historielærebøker. Han fann at: «Fremmede verdensdeler nevnes i det omfang der er nødvendig for å få forståelse av Europas historie, i meget sjelden utstrekning ser vi historiske hendelser fra et ikke-europeisk synspunkt.»¹⁴ Vidare kritiserte han lærebøkene for å berre utvide emna når dei vart fornya, heller enn å gjere innhaldsendringar.

I denne perioden vart fleire inspirert av litteraturprofessor Edward Said sitt skilsetjande verk *Orientalismen: Vestlige oppfatninger av Orienten* (1978). Han demonstrerte korleis vestlege kulturuttrykk har konstruert ideen om «Orienten» som sitt motstykke gjennom hundrevis av år. Ifølgje Said vart arabiske orientalarar framstilt som mellom anna framande, ikkje-rasjonelle og trugande, medan europearane i kontrast vert «rasjonelle, fredelige, liberale, logiske, i stand til å ha sanne verdier, uten naturlig mistenksomhet.»¹⁵

På 1970- og 80-talet tok nokre hovudfagsoppgåver for seg framstillingar av ulike geografiske områder i historielærebøker.¹⁶ «U-landsproblematikken» kom særleg i fokus utover på 1980-talet. Sverige leia an innanfor skandinavisk lærebokforsking, og i 1981 ga Susanne Rubin og Christina Sohlberg ut *En obegriplig värld? Om u-länder i högstadielböcker*, kor viktigheita av spørsmål kring fordelinga av verdas ressursar, fattigdom og rikdom var grunngeving for

¹¹ *Ibid.*, 213-214.

¹² Heiret, Jan, Teemu Ryymin og Svein Atle Skålevåg, *Fortalt fortid : norsk historieskriving etter 1970* (Oslo: Pax, 2013), 11.

¹³ Sæle, "Den rette historien : lærebokkritikk som historiepolitisk redskap", 123.

¹⁴ Tingsten, Herbert, *Gud og fedrelandet : studier i hundre års skolepropaganda*, red. Sven Erik Odden, overs. Tryggve Norum, *Gud och fosterlandet. Studier i hundra års skolpropaganda* (Oslo: Gyldendal, 1970), 12.

¹⁵ Said, Edward W., *Orientalismen : vestlige oppfatninger av Orienten*, overs. Anne Aabakken, *Orientalism* (Oslo: Cappelen, 2004), 61-62.

¹⁶ Lund, Ragne Birte, *Utviklingsland og deres historie i historielærebøker for den høgre skolen og ungdomsskolen i perioden 1955-1975* (1976) og Brevik, Harry Robert, *Midt-Østens historie i lærebøker for den videregående skole* (1981)

undersøkinga.¹⁷ I 1987 ga Mai Palmberg ut *Afrika i skolböckerna – gamle fördommar och nya*. Her var ei viktig målsetjing å endre einsidig elendeframstilling av Afrika.¹⁸ Svensk forskning på feltet inspirerte fleire i Noreg, mellom anna pedagogen Yngve Nordkvelle, som skreiv to rapportar om *Bilder av utviklingsland i norske lærebøker* (1987). Målet var å undersøke korleis «det globale perspektivet» vart teken hand om i lærebøkene. I likskap med Odden fann han at: «Den hvite manns referanseramme er den totalt dominerende.»¹⁹ Vidare kritiserte Nordkvelle ordbruken i bøkene for å skape eit bilete av distanse og overtak heller enn likeverd.²⁰ Saman med Ingrid Tvette ga Nordkvelle ut ein ny rapport i 2010, *Nord/sør-perspektivet i norske lærebøker*. Dei kritiserte lærebøkene for å vere for teoretiske og for lite opptekne av solidaritet i praksis, og for ikkje å vere ein «etisk lysstolpe i arbeidet for solidaritet og rettferdigheit på kloden»²¹.

Etter tusenårsskiftet har det vore eit oppsving i lærebokkritikk knytt til ikkje-vestleg historie, og dei siste åra har det mellom anna vore ein auke av masteroppgåver som tek for seg temaet. Dei fleste undersøker korleis avgrensa geografiske områder vert framstilt i lærebøkene. Afrika som kontinent har fått mest merksemd,²² men det er også skrive oppgåver som undersøker framstillingar av til dømes Kina²³ og Islam.²⁴ Kari Kjølseth si hovudfagsoppgåve *Verdenshistoriens «vi» og «de andre»* (2002) syner tendensar til ei anna vinkling. Ho undersøkte kva førestillingar om hierarki som fanst i lærebøkene. Kjølseth fann at bøkene la stor vekt på ein evolusjonistisk tanke om utvikling, og dei som hadde bidrege til, samt sikra

¹⁷ Rubin, Susanne og Christina Sohlberg, *En obegriplig värld? : om u-länder i högstadieböcker* (Stockholm: SIDA, 1981), 6.

¹⁸ Palmberg, Mai, *Afrika i skolböckerna: gamla fördommar och nya* (Stockholm: Sida, 1987), förord.

¹⁹ Nordkvelle, Yngve, "Bilder av utviklingsland i norske lærebøker : en undersøkelse av lærebøker for samfunnsfag i ungdomsskolen," i *U-lands-relaterte temaers plass i norsk skole* (Oslo: 1987), 13.

²⁰ *Ibid.*

²¹ Nordkvelle, Yngve og Ingrid Tvette, "Nord/sør perspektivet i norske lærebøker : rapport laget for Hei Verden," (Stavanger: Hei Verden, 2010), 96.

²² Til dømes: Sletbak, Bjørn-Terje, *Europa i Afrika – Et utviklende overgrep: Fremstillingen av kolonitiden i Afrika fra 1870 til 1960 i historiebøker for gymnas og videregående skole* (Universitetet i Tromsø 2011)

Reistad, Helen, *Fra rettferdiggjøring til fordømming? En sammenligning av fremstillingen av den nye imperialismen i Afrika i norske og britiske historielærebøker i perioden 1920-1990* (Høgskulen på Vestlandet 2014)

Varanes, Mari Teigen «Afrika» - meir enn eit u-land? Ei diskursanalyse av konstruksjonen av «Afrika» i den norske ungdomsskulens samfunnsfag (NTNU 2014)

²³ Moe, Jørgen Ulvan, *I skyggen av Europa? Framstillinger av Kinas eldre historie i et utvalg norske lærebøker 1952-2003* (NTNU 2008)

²⁴ Høisæther, Kristoffer Tyssøy, «Lite med europeisk overlegenhet å gjøre» *Fremstillinger av den islamske verdens og Europas middelalderhistorie i norske lærebøker for grunnskolen og videregående etter Kunnskapsløftet* (Universitetet i Bergen 2018)

Husby, Ida Lunde, «Den falske religion» *En studie av forestillinger om islam og muslimer i dansk-norske og norske oversiktsverk og lærebøker i perioden 1750-1914* (Universitetet i Bergen 2018)

kontinuiteten i verdas utvikling vart historias «vi». Ho identifiserte ei bestemt utvikling land må gjennom for å reknast som det leiande «vi» i historia, noko berre England hadde oppnådd. USA og dei fleste europeiske land er likevel såpass nære at også dei kan reknast med, og Kjølseth fann at det er liten tvil om at nordmenn er inkludert i lærebøkene «vi» i verdshistoria.²⁵

Litteraturvitar og lærebokforskar Bente Aamotsbakken har skrive artikkelen *The Colonial Past in Norwegian History Textbooks* (2008), kor ho undersøkte korleis moderne europeisk kolonialisme vert framstilt i norske historielærebøker. Ho tok for seg bøker frå 1970-, 80- og 90-åra, og fann at synspunkt og perspektiv har vorte meir nyansert og mindre eurosentrisk over tid. Ho forklarar ei slik utvikling med at postkoloniale studiar kan ha hatt påverknad på historielærebøkene.²⁶ Vidare fann ho at det har vore lite endring i layout, illustrasjonar og skrivemønster i bøkene over tid. I likskap med fleire fokuserte Aamotsbakken på koloniseringa av Afrika, noko ho forklarar med at det er det lærebøkene har gjort og fordi ein her kan sjå konfrontasjonen mellom europeiske stormakter innan eit kort tidsrom.²⁷ Interessa for kolonialisme i historielærebøker er veksande internasjonalt, til dømes kom samlinga *The Colonial Past in History Textbooks*, redigert av Karel van Nieuwenhuysse og Joaquim Pires Valentim, i 2018. Boka tek for seg kolonialisme i historielærebøker frå ei rekke ulike, hovudsakleg europeiske, land. Ho konkluderer med at til tross for at vi lever i ei postkolonial verd er det likevel «not quite a decolonial turn» i lærebøkene, og framleis eit behov for undersøkingar som «[deconstruct] modern imperialism» i nye historielærebøker.²⁸

Lærebokforskinga seier lite om kva handlingsrom lærebøkene gir elevane som europearar. Formar dei eksempelvis posisjonar som «overgripingar» eller heller «føregangsfolk»? Gjennom å studere møta mellom kulturar ønsker eg å undersøke kva førestillingar om europearar som gjer seg gjeldande og korleis dei skaper orientering for elevane. Kontrastar til andre vert viktige for identitetsdanninga fordi identifikasjon skjer både ved at ein identifiserer likskapar til nokre

²⁵ Kjølseth, "Verdshistoriens "vi" og "de andre" : En analyse av fem norske lærebøker i verdenshistorie fra slutten av 1800-tallet", 257.

²⁶ Aamotsbakken, Bente, "The Colonial Past in Norwegian History Textbooks," *Internationale Schulbuchforschung* 30, nr. 3 2008, 774.

²⁷ *Ibid.*, 765.

²⁸ Wassermann, Johan, "Perspectives on Representations of Colonial Pasts Through Textbook Analysis - Not Quite a Decolonial Turn," i *The Colonial Past in History Textbooks : Historical and Social Psychological Perspectives*, red. Joaquim Pires Valentim og Karel Van Nieuwenhuysse (Charlotte, N.C: Information Age Publishing, 2018), 275.

og skilnadar til andre.²⁹ Sosialantropolog Thomas Hylland Eriksen seier det slik: «Uten den andre kan ikke jeg være meg selv; uten de andre kan ikke vi være oss.»³⁰ Forholdet til andre vert soleis viktig både på individnivå og gruppenivå. Ifølge sosialantropolog Fredrik Barth er det grensene til andre som definerer etniske grupper, det er «The ethnic boundary that defines a group, not the cultural stuff that it encloses.»³¹ I møte med andre vert difor eigen kultur tydelegare. Said forklarte at konstruksjonen av Orienten vart ein måte å stadfeste europeisk identitet: «europeisk kultur ble styrket og fikk en sterkere identitet ved å se seg selv som en motpol til Orienten.»³² Å undersøke ei gruppe i samheng med andre vil difor vere formålstenleg, det gjeld også i historiefaget. Antropolog Eric R. Wolf har forklart det slik: «an analytic history could not be developed out of the study of a single group or nation. (...) human populations construct their cultures in interaction with one another, and not in isolation»³³

Framstillingar av europearar i kulturmøter er difor eit særleg fruktbart område å undersøke for å utforske korleis førestillingar om europeisk identitet vert konstruert i lærebøkene. Møtepunkta mellom kulturar har ikkje fått mykje merksemd i lærebokkritikken tidlegare og mi tilnærming opnar difor opp for ny forskning om lærebøkene. Ved å undersøke framstillingar av gruppene i møte med kvarande vil oppgåva også kunne gi innblikk i kva lærebøkene formidlar om kulturmøter som fenomen. Dette vil eg gjere ved å bruke historiske forteljingar som metodisk inngang.

1.2 Forteljingar

Historiemedvit inngår i identiteten til kvart menneske og handlar om førestillingar om korleis ein sjølv inngår i pågåande historiske hendingsgangar.³⁴ For Jörn Rüsen tek historiemedvit utgangspunkt i samtida og inkluderer tolkingar av fortida og forventingar om framtida.³⁵ Slik får historie ein viktig orienterande funksjon. Menneske treng orientering i samtida og det får ein gjennom førestillingar om fortida. Historiemedvit gir orientering i skjeringspunktet mellom erindra fortid og forventa framtid, og ifølge Rüsen er historisk tenking grunnleggande narrativ.

²⁹ Eriksen, Thomas Hylland, *Hva er sosialantropologi*, vol. 4, *Hva er* (Oslo: Universitetsforlaget, 2003), 139.

³⁰ *Ibid.*

³¹ Barth, Fredrik, *Ethnic groups and boundaries : the social organization of culture difference* (Oslo: Universitetsforlaget, 1969), 15.

³² Said, *Orientalismen : vestlige oppfatninger av Orienten*, 13.

³³ Wolf, Eric R., *Europe and the people without history* (Berkeley, Calif: University of California Press, 2010), xxv.

³⁴ Stugu, Ola Svein, *Historie i bruk*, 2. utg., *Utsyn og innsikt* (Oslo: Det norske samlaget, 2016), 18.

³⁵ Rüsen, Jörn, *History : narration, interpretation, orientation*, vol. 5, *Making sense of history* (New York: Berghahn Books, 2005), 2.

Han skriv: «By narration time gains sense.»³⁶ I tråd med Rüsen vil eg nytte forteljingar som analytiske reiskap for å finne det meiningsberande i lærebøkenes tekstar og slik finne kva meining som vert skapt om møta mellom europearar og ikkje-europearar.

1.2.1 Forteljingar som orienteringsreiskap

Forteljingar skapar meining av røynsler og førestellingar ved å ordne dei etter ulike mønster eller prinsipp.³⁷ Rüsen har delt forteljingar inn i fire kategoriar utifrå deira ulike funksjonar som orienteringsreiskap i samtida: Eksemplariske, tradisjon-, kritiske og utviklingsforteljingar. Å undersøke forteljinganes funksjon kan hjelpe meg å finne kva dei formidlar om korleis ein kan handtere kulturmøter. Demonstrerer forteljingane visse prinsipp som bør gjelde i møte med andre kulturar? Viser dei døme til etterfølging eller avskrekking? Då kan dei vere *eksemplariske forteljingar*, forteljingar som ser historia som livets læremeister. Slike forteljingar gjer abstrakte reglar eller prinsipp konkrete gjennom til dømes forteljingar om «models of virtue or vice» som syner gyldigheita deira.³⁸ Verdiane vert evige, for «Genom dessa berättelsar, som handlar om hur klok eller oklok någon var en gång, ska man bli klok för alltid.»³⁹ Forteljingane kan fungere orienterande fordi dei gir elevane verdiar å handle etter. Her vil det vere nyttig å identifisere kva verdiar forteljingane formidlar som viktige i kulturmøter. Er det til dømes dialog og samarbeid eller økonomisk utvikling som vert viktigast når kulturar møtes? Kven syner forteljingane at elevane skal ta lærdom frå?

Tradisjonsforteljingar produserer kontinuitet og fokuserer på opphavet til dagens samfunn. Om kulturmøter vert presentert som ein integrert del av utviklinga fram til dagens samfunn eller ikkje, vil kunne sei noko om kor viktige møta vert framstilt som. Ein funksjon ved slike forteljingar vil vere å ivareta tradisjon, og om kulturmøter vert presentert som del av ein tradisjon vil det vere eit signal om å halde fram med slike møter. Eg forventar at tradisjonsforteljingar er tydeleg til stades i lærebøker, mellom anna fordi det står i læreplanen at elevar skal «[leve] seg inn i nedarva veremåtar, normer og uttrykksformer» og «ta vare på og utdjupe den kjennskapen elevane har til lokale og nasjonale tradisjonar.»⁴⁰ Å undersøke korleis kulturmøter går inn i forteljingar om opphavet til dagens samfunn vil derimot komme klarare

³⁶ *Ibid.*

³⁷ Stugu, *Historie i bruk*, 17.

³⁸ Rüsen, Jörn, "Historical Narration: Foundation, Types, Reason," *History and Theory* 26, nr. 4 1987, 91.

³⁹ Rüsen, Jörn, *Berättande och förnuft : historieteoretiska texter* (Göteborg: Daidalos, 2004).

⁴⁰ Utdanningsdirektoratet, *Generell del av læreplanen*.

fram om ein ser lærebøkene under eitt heller enn berre i dei utdraga eg har vald ut. Det kan likevel vere relevant for meg å undersøke om forteljningane viser ein tydeleg samanheng med i dag.

Kritiske forteljingar set spørsmålsteikn ved gitte tradisjonar, regler og prinsipp, dei er «motforteljingar» som ønsker å erstatte eit mønster med eit nytt.⁴¹ Dei er kritiske til korleis dagens normer har blitt til, og avseier gjerne ein dom over fortida.⁴² Ein funksjon i lærebøkene kan vere å freiste utfordre elevane ved å presentere ulike historietolkningar. Retninga slike forteljingar gir er at ting skal bli annleis enn dei har vore. Ei kritisk forteljing om dagens samfunn kan vere at det er bygd på utnytting av ikkje-europearar. I slike forteljingar vert forandring meiningsfylt dersom det kan erstatte det etablerte, og orienteringa det gir elevane vert å endre eit slikt system.

Den siste kategorien til Rösen er *utviklingsforteljingar*, som ser endring i seg sjølv som det meiningsfulle og framhevar endring som det kontinuerlege og stabile i historia. I slike forteljingar vil ei forventning om endring stå sterkt. Her kan kven som står for endring vere viktig for kva som vert formidla om kulturmøter. Er det, som mange tidlegare har påpeika, europearane som står for endring eller kan også møter mellom kulturar i seg sjølv vere grunnlag for forandring? I utviklingsforteljingar har historia vore full av endring og slike forteljingar skriv fram eit behov for forandring også i notida.⁴³ Endringane vil føre til at framtida vil bli annleis enn samtida, og difor kan til dømes forholdet mellom kulturar heile tida endre seg. Elevane vert her del av forandringa og dei får difor eit større handlingsrom fordi korleis vidare endring skjer i stor grad vert opp til dei. Ifølge Rösen finst alle dei ulike kategoriane i historietekstar, men i ulik grad og med ulike samansetningar. Å ta utgangspunkt i Rösens kategoriar kan gjere det lettare for meg å identifisere kva funksjonar forteljningane i lærebøkene har.

1.2.2 Historie som romanse, satire, komedie og tragedie

I *Fortalt fortid* (2013), redigert av Jan Heiret, Teemu Ryymin og Svein Atle Skålevåg, identifiserer forfattarane ulike forteljingar som har prega norsk historieskriving og analyserer

⁴¹ Heiret, Ryymin og Skålevåg, *Fortalt fortid : norsk historieskriving etter 1970*, 28.

⁴² Rösen, "Historical Narration: Foundation, Types, Reason," 92.

⁴³ Rösen, *Berättande och förnuft : historieteoretiska texter*, 64.

korleis forteljingane skapar meining i tekstane.⁴⁴ *Fortalt fortid* trekk fram historikaren Hayden White som sentral blant dei som ser historie som forteljing. Han hevda at historiske tekstar er grunnleggjande skjønnlitterære og argumenterte for at det difor ikkje finst eit klart skilje mellom fiksjon og historie.⁴⁵ Ifølge White kan historiske verk, på same måte som skjønnlitterære, plasserast innan fire arketyriske forteljingar med ulike plottstrukturar: romanse, satire, komedie og tragedie. White lånte desse kategoriane frå litteraturteoretikaren Northrop Frye og nytta dei på historiske tekstar. Dei ulike plottstrukturane hjelper lesaren å forstå forteljingane fordi dei har røter i vår kultur, og ein kan difor kjenne att strukturen.⁴⁶ Fordi dei ligg så tett på våre meiningsberande strukturar kan plottstrukturane gjere det ukjende til noko forståeleg.⁴⁷ Whites plottstrukturar kan hjelpe meg å identifisere drivkrefter bak og retningar på kulturmøta, og slik finne tak i kva forteljingane formidlar.

Romanse er forteljingar om vekst og framsteg. White kallar det «a drama of the triumph of good over evil, of virtue over vice, of light over darkness»⁴⁸. Historia har her eit godt mål og utviklinga endar i eit framtidig idealsamfunn ved at helten klarer å ta skjebnen i eiga hand.⁴⁹ I ei slik forteljing vil eit viktig spørsmål vere kven helten er. Er det dei som får kulturmøter til å skje? Eller er helten ein av partane i møtet? Francis Sejersted har nytta kategoriane på norske historietekstar. Ifølge Sejersted er romanse «det moderne samfunns favorittgenre» og er tett knytt til framtidstru og til nasjonalstatens framvekst.⁵⁰ Vil det også prege lærebøkene? Dersom lærebøkene skriv fram forteljingar om møter mellom kulturar konstruert som romansar kan det skape førestillingar hjå elevane om at slike møter er ønskelege fordi dei endar godt og fører til framsteg.

Satire er det motsette av romanse. Her er menneska fangar av verda, heller enn at dei vinn over den.⁵¹ Ei slik forteljing kan følgeleg handle om korleis frigjering har ført til ny undertrykking eller om marknadsoptimisme som har slått om til spekulasjon og krise.⁵² Aktørane eigentlege

⁴⁴ Heiret, Ryymin og Skålevåg, *Fortalt fortid : norsk historieskriving etter 1970*.

⁴⁵ *Ibid.*, 20.

⁴⁶ Folkenborg, Håkon Rune, *Én fortid - mange fortellinger : introduksjon til historiebruk* (Oslo: Cappelen Damm akademisk, 2018), 60.

⁴⁷ Norland, Heidi, "Innledning," i *Hayden White : Historie og fortelling : utvalgte essay*, red. Heidi Norland (Oslo: Pax, 2003), 11.

⁴⁸ White, Hayden, *Metahistory : the historical imagination in nineteenth-century Europe* (Baltimore: Johns Hopkins University Press, 1973), 9.

⁴⁹ Sejersted, Francis, "Historiefagets fortellinger," *Nytt norsk tidsskrift (trykt utg.)*, 12, nr. 4 1995.

⁵⁰ *Ibid.*

⁵¹ White, *Metahistory : the historical imagination in nineteenth-century Europe*, 9.

⁵² Heiret, Ryymin og Skålevåg, *Fortalt fortid : norsk historieskriving etter 1970*, 20.

motiv vert redusert til «individuelle, egoistiske motiver som ønske om makt eller vinning.»⁵³ For meg vil det vere særleg relevant å identifisere motiva bak kultur møta. I ein romanse kan motiva vere ting som nyfikkne og interesse, medan i ein satire vil motiva heller vere makt og grådighet. Makt korrumpere, og difor er det gitt at satireforteljinga får ei dyster avslutning.⁵⁴ Det er nærliggande å sjå for seg at kultur møter i ein satire difor er prega av utnytting og soleis noko ein bør unngå.

I *komedien* vert ein opphavelig harmoni forstyrra som følge av misforståingar.⁵⁵ Komedien er kjenneteikna av ein utviklingsoptimisme som får eit tydeleg brot, før ein etter ei oppklaring kan vende tilbake att til harmonien. Avslutninga er prega av ei forsoning kor dei ulike partane vert sameint, dei er «at one with themselves and others.»⁵⁶ Dersom det er møter mellom kultur ar som i ein komedie fører til eit mellombels problem, kan ei slik forteljing syne at ein kan ordne opp og halde fram med ei god utvikling likevel. Ei forsonande avslutning kan syne korleis ulike kultur ar kan leve saman på.

Den siste av Whites plottstrukturar, *tragedien*, har ei utvikling med store løfter for framtida. Utviklinga vert broten gjennom eit forræderi og det er i forræderiet tragedien ligg.⁵⁷ Også i tragedien får avslutninga ei slags forsoning, men i motsetning til i komedien er ho prega av resignasjon og nederlag.⁵⁸ Dersom møter mellom kultur ar er konstruert som tragediar kan det gi dei ei negativ framstilling og gi elevane grunn til å styre unna. Dersom ei av gruppene har rolla som forrædarar, vil det tydeleg påverke korleis dei vert framstilt.

1.2.3 Historiekulturens grunntropar

Peter Aronsson er blant dei som meiner Whites kategoriar vert for snevre. Han har identifisert ulike idealtypar av forteljingsmønstre, det han kallar historiekulturens grunntropar.⁵⁹ Særleg innan nordisk historiebruksforskning har mange nytta grunntropar til å få fram korleis historiske forteljingar ordnar tilhøvet mellom fortid, notid og framtid.⁶⁰ Å sjå etter slike tropar i

⁵³ Sejersted, "Historiefagets fortellinger."

⁵⁴ *Ibid.*

⁵⁵ *Ibid.*

⁵⁶ White, *Metahistory : the historical imagination in nineteenth-century Europe*, 9.

⁵⁷ Sejersted, "Historiefagets fortellinger."

⁵⁸ White, *Metahistory : the historical imagination in nineteenth-century Europe*, 9.

⁵⁹ Aronsson, Peter, *Historiebruk : att använda det förflutna* (Lund: Studentlitteratur, 2012), 78.

⁶⁰ Ryymin, Teemu, *Historie og politikk : historiebruk i norsk politikkutforming etter 1945* (Oslo: Universitetsforlaget, 2017), 27.

lærebøkene vil hjelpe meg å finne tekstanes temporalitet, og slik undersøke kva forventingar forteljingane skapar om samanheng mellom tidlegare kulturmøter og i dag. Den første tropen kallar Aronsson *inkje nytt under sola*. Tropen vektlegg den ubrotne samanhengen mellom fortid og notid, kor det som har skjedd tidlegare har relevans for i dag. Det gjeld sjølv om hendingane skjedde på ei anna tid eller stad, fordi det likevel har skjedd innanfor rammene av den same menneskelege erfaringa.⁶¹ Ei forventing her vert då at det som har skjedd før vil skje igjen. Når historia vert framstilt som den same som alltid kan det skape lite handlingsrom for elevane. Dersom forteljingane om kulturmøter er at dei har leia til konflikhtar før, vert det i denne tropen sannsynleg at det vil halde fram slik.

I den andre tropen, *historia gjentek seg ikkje – då er heilt annleis enn no*, finst det derimot eit klart skilje mellom fortida og notida. Kontrasten mellom då og no er sentral, og Aronsson kallar tropen for grunnleggande for den moderne verdas sjølvforståing, fordi ein forstår seg sjølv som radikalt annleis frå fortida.⁶² Fortidige hendingar får ikkje stor innverknad på framtida, utanom at ein forstår seg sjølv i kontrast til dei. Dersom europearar var heilt annleis før, kva tyder det for korleis dei vert framstilt i dag? Om europearar var grådige før, vert dei gåvmilde no? Ein slik trope kan spele seg ut gjennom at kulturmøter som førte til konflikt tidlegare kjem i kontrast til at ein no har funne betre måtar å løyse problem på.

Den tredje tropen handlar om ein tidlegare *gullalder* som ein no er på veg vekk frå. I den tropen var alt betre før, i Edens hage som den arketyperiske gullalder, medan ein no er på veg mot framtidig apokalypse og undergang, og ein hedonistisk individualisme har teke over.⁶³ Her vert endring sentralt i historia. Det same gjeld Aronssons siste trope, *framsteget – frå mørkeret stig vi mot lyset*, men då med motsett forteikn. Om forteljingane om møter mellom kulturar vert at dei leiar fram mot eit framsteg eller vekk frå ein gullalder vil gi dei tydeleg samanheng med i dag, men på ulike måtar.

Dei to første tropene er utan forandringsspektiv. I den første er alt det same og i den andre er alt annleis, men endringsforløpet er ikkje sentralt i nokon av dei. Dei to siste tropene ser derimot endring som kontinuerleg, og sjølv om dei viser til motsett utvikling viklast dei to ofte saman og kan eksistere parallelt i same forteljing. Niels Kayser Nielsen har lagt til ein femte grunntrope som er ein kombinasjon av framsteg- og gullaldertropen: *U-modellen*. I denne

⁶¹ Aronsson, *Historiebruk : att använda det förflutna*, 79.

⁶² *Ibid.*, 80.

⁶³ *Ibid.*, 80-81.

tropen er utviklinga delt inn i tre fasar: Etter ei stordomstid inntreff forfallet, før alt, gjennom gjenreising eller vekking, anten no eller i den «glorværdige fremtid», vil bli betre att.⁶⁴ Dersom møter mellom kulturar kjem inn som ein faktor i ein slik struktur vil forteljinga, avhengig av om kultur møter vert årsak til forfallet eller til gjenreisinga, kunne syne at kultur møter har potensiale for å vere øydeleggande eller føre til stort utbytte.

Kayser Nielsen legg også til andre analytiske faktorar, som kor vidt historia er prega av høg eller låg forandringsgrad. Høg forandringsgrad, uavhengig av om ein er på veg mot forfall eller framsteg, kan formidle behov for å redde det som reddast kan, medan låg forandringsgrad kan føre til mindre interesse for historia fordi utviklinga ikkje verkar truga.⁶⁵ Tropene viser altså til forandringas karakter medan graden viser til kor raskt eller sakte endringa skjer. Ulike kombinasjonar av tropar og forandringsgrad i forteljingane kan dimed gi ulike framtidsperspektiv og mobilisere til handling på forskjellige måtar. Sett på spissen, sender forteljingane elevane ut for å redde verda snarast mogleg, eller er det best å halde seg heime?

1.2.4 Metode

Forteljingsmønstra til White, Rüsen, Aronsson og Kayser Nielsen kan hjelpe meg å identifisere kva forteljingar lærebøkene formidlar om møter mellom europearar og ikkje-europearar og vidare kva orientering det gir elevane om møter mellom kulturar. Eg har brukt mønstra for å finne moglege strukturar i bøkene og slik brukt dei som verktøy i min lesestrategi. Ikkje alle mønstra framtrer som like viktige, men eg har brukt dei der det er relevant. Målet mitt har ikkje vore å vurdere sanningsgehalten i bøkene, men å undersøke kva meining som vert skapt om dei ulike gruppene i møte med kvarandre. Eg har difor sett etter forma på forteljingane, det White kallar «the structural components»⁶⁶. For å finne fram til forteljingane har eg først skapt eit overordna blick over tekstane tilhøyrande kvart hovudkapittel. Det har eg gjort ved å lese dei ulike bøkene i lys av kvarandre. Eg har sett etter det *Fortalt fortid* kallar den konfigurative dimensjon, «en sammenbindende idé, et perspektiv eller en synsmåte som preger utvelgelsen»⁶⁷. Korleis er forteljingane bygd opp og kva perspektiv legg dei til grunn? Korleis ordnar dei hendingane og korleis startar og sluttar forteljingane? Kva historiske hendingar legg

⁶⁴ Kayser Nielsen, Niels, *Historiens forvandlinger : historiebrug fra monumenter til oplevelsesøkonomi* (Århus: Aarhus Universitetsforlag, 2015), 54.

⁶⁵ *Ibid.*, 55.

⁶⁶ White, *Metahistory : the historical imagination in nineteenth-century Europe*, 4.

⁶⁷ Heiret, Ryymin og Skålevåg, *Fortalt fortid : norsk historieskriving etter 1970*, 26.

bøkene vekt på? Kva narrative forkortingar finst og kva effekt får dei? Er det, slik Kayser Nielsen trekk fram, høg eller låg endringsgrad i forteljingane? Kva aktørar får plass, kven vert det fortalt om? Dei relevante aktørane i min analyse er europearane og menneska dei møter. Kva roller får dei i forteljingane? Slike spørsmål har eg stilt for å finne forteljingane om europearar og ikkje-europearar i møte med kvarandre. Framstillinga av desse gruppene har eg funne gjennom ei nærlesing av tekstane kor eg særleg såg etter skildringar av aktørane. Kva handlingar utfører dei? Får dei ting til å skje eller vert dei utført handlingar på? Vert dei individualiserte eller del av større grupper? Har dei kjensler eller meiningar? Kva kjønn har dei? Er det nokre formuleringar som vert brukt berre om visse grupper? Vektlegg bøkene ulike ting i skildringa av ulike kulturar? I representasjonane spelar illustrasjonar ei særleg rolle, og eg har halde auge med kva førestillingar dei forsterkar. Gjennom å sjå etter ytringar som vert teke for gitt har eg søkt å finne kva som vert forstått som norma og kva som vert sett som annleis.

1.3 Kjelder

Eg har vald å undersøke nye, norske historielære-bøker, det vil seie læreverk utgitt etter LK06. Mange lærebokforskarar undersøker utviklinga i lærebøker over tid, og ein vil då kunne avdekke kontinuitet eller brot i lærebøkene framstillingar. Ved å velje lærebøker frå same periode får eg derimot moglegheit til å gjere ei detaljert undersøking av lærebøkene, og utforske nærmare kva som formar dagens undervisning.

Noreg har ikkje ei offisiell godkjenningssordning for lærebøker. Eg har vald å bruke bøker frå alle forlag som har gitt ut læreverk tilhøyrande LK06, og som er i utstrakt bruk i norsk grunnskule. For å finne fram til kjeldegrunnlaget mitt har eg gått gjennom alle læreverka og vald ut dei kapitla kor dei utvalde læreplanmåla vert eksplisitt behandla. Generelt har læreverka europeiske oppdagingar som tema i 7. klasse, imperialisme og kolonialisme i 8. eller 9. klasse og avkolonisering i 10. klasse. Kapittel frå følgande lærebøker utgjer kjeldene mine:

- *Gaia 7* av Dagny Holm, Jens Fredrik Nystad, Ole Røsholdt og Anne-Elisabeth Utklev. Gyldendal undervisning, 2008.
- *Midgard 7* av Tone Aarre, Bjørg Åsta Flatby og Håvard Lunnan. Aschehoug, 2011, 2. utgåve.⁶⁸

⁶⁸ 1. utgåve kom i 2008

- *Globus 7* av Ivar Libæk, Trude Mathiesen, Rolf Mikkelsen og Øivind Stenersen. Cappelen Damm, 2008.
- *Kosmos 9* av John Harald Nomedal og Ståle Bråthen. Forlaget fag og kultur, 2007.
- *Kosmos 10* av John Harald Nomedal og Ståle Bråthen. Fagbokforlaget, 2010.⁶⁹
- *Undervegs : Historie 8* av Harald Skjøsberg. Gyldendal, 2006.
- *Undervegs : Historie 10* av Harald Skjøsberg. Gyldendal, 2008.
- *Matriks 8 : Historie* av Synnøve Veinan Hellerud og Sigrid Moen. Aschehoug, 2010.⁷⁰
- *Matriks 10 : Historie* av Synnøve Veinan Hellerud og Ketil Knutsen. Aschehoug, 2008.
- *Nye makt og menneske 8 : Historie* av Bjørn Ingvaldsen og Ingunn Kristensen. Cappelen Damm, 2014.
- *Nye makt og menneske 9 : Historie* av Bjørn Ingvaldsen og Ingunn Kristensen. Cappelen Damm, 2015.
- *Nye makt og menneske 10 : Historie* av Bjørn Ingvaldsen og Ingunn Kristensen. Cappelen Damm, 2016.

Dei fleste læreverka har ulike former for digitale ressursar tilhøyrande, i tillegg til ulike variantar av lærarrettleingar eller oppgåvehefter. For å avgrense kjeldeomfanget har eg vald å sjå vekk frå desse tilleggsressursane og utelukkande konsentrere meg om dei fysiske lærebøkene. Ei slik avgrensing kan føre til at eg potensielt går glipp av nokre aspekt ved det læreverka formidlar, samstundes gir det meg høve til å gå i djupna på eit breiare utval lærebøker. Eg har konsentrert meg om brødteksta, men der det er særleg relevant nyttar eg òg andre delar av bøkene, som oppgåver, bilete og kart.

Lærebøkene behandlar dei to utvalde læreplanmåla kronologisk i tre ulike delar. Oppgåva har difor tre ulike hovudkapittel: Kapittel 2: Europeiske oppdagingar, kapittel 3: Imperialisme og kapittel 4: Avkolonisering. Lærebøkene skil ikkje mellom imperialisme og kolonialisme, og nyttar hovudsakleg imperialisme-omgrepet. For enkelheits skuld gjer eg det same. I arbeidet med kjeldene fann eg at det varierer kor likt eller ulikt lærebøkene behandlar læreplanmåla, og det varierer difor også kva som er den mest hensiktsmessige strukturen i dei ulike kapitla. Læreverka for mellomtrinnet, *Gaia*, *Midgard* og *Globus*, tek alle for seg læreplanmålet om europeiske oppdagingsreiser. Forteljingane deira liknar kvarandre, og mellom anna for å unngå

⁶⁹ 1. opplag kom i 2008

⁷⁰ 1. opplag kom i 2006

gjentakingar har eg difor vald å analysere dei samla. Læreplanmålet om imperialisme og avkolonisering høyrer til ungdomsskulen, og vert behandla i læreverka *Kosmos*, *Undervegs*, *Matriks* og *Nye makt og menneske*. I desse læreverka er forteljingane meir ulike. Eg har difor delt kvart av dei to hovudkapitla Imperialisme og Avkolonisering i to delar, kor eg først peikar på fellestrekk i forteljingane, og deretter tek for meg eitt og eitt læreverk. Særleg i temaet avkolonisering skil læreverka seg frå kvarandre, og eg bruker difor meir plass på særtrekka ved dei ulike bøkene. Etter hovudkapitla diskuterer eg kva lærebøkene samla formidlar om kulturmøter og kva orientering om møter mellom kulturalar forteljingane kan gi elevane.

2 Europeiske oppdagingsreiser

Dei utvalde læreverka *Gaia*, *Globus* og *Midgard* tek alle for seg læreplanmålet om europeiske oppdagingsreiser i bøkene for 7. klasse. Bøkene skil seg noko både i omfang og skrivestil, men forteljingane i bøkene er svært like og eg vil difor analysere dei samla. I dette kapittelet undersøker eg først kva slags forteljingar bøkene skriv fram, før eg analyserer representasjonar av europearar, amerikanske urfolk og afrikanarar. I dei tilfella kor det er påfallande skilnader mellom bøkene vil eg kommentere det.

2.1 Forteljingar om europeiske oppdagingsreiser

Lærebøkene har litt ulike tidsavgrensingar og noko variasjon i kva for oppdagingsreiser dei fortel om, men strukturane på forteljingane deira har likevel nokre tydelege fellestrekk. Forteljingane startar med utfordrande utreiser for europeiske oppdagarar, før det handlar om møter mellom grupper av europearar og menneske utanfor Europa, kor av amerikanske urfolk får mest merksemd. Handel er ein sentral motivasjon for aktørane og den viktigaste drivkrafta bak oppdagingsreisene. Møta skjer i hovudsak i form av krigar og konflikhtar. I starten handlar forteljingane om spenning og framsteg, men så kjem det eit vendepunkt og etter det handlar forteljingane meir om utnytting og utrydding. Forteljingane vert avslutta med slaveri og trekanthandel.

2.1.1 Oppdagarane overvinn motstanden

Forteljingane vert sett i gong av europeiske menn som legg ut på oppdagingsreiser. Desse oppdagarane har til felles at dei er modige og nyfikne einskildpersonar som drog på reiser for å finne ut meir om verda og for å tene seg rike. Dei vert heltar som mot «alle odds» lukkast. Oppdagarane får attråverdige eigenskapar som nyfikne, utfartstrong og mot, og også meir egoistiske sider som gulltørste og rikdomssøkande. Ute i verda møter oppdagarane nye, spennande folk, som dei til slutt får makt over.

Ei rekke ulike europeiske menn har hovudroller som oppdagarar i forteljingane om oppdagingsreisene. Kristoffer Columbus, Vasco da Gama og Fernando Cortez er med i alle bøkene, medan Fernando de Magellan, Francisco Pizarro, Marco Polo, Bartholomeu Diaz og Henrik Sjøfararen er nemnd i ei eller to av bøkene. Siktemåla til oppdagarane er å finne ut meir

om verda og å drive meir handel, men dei møter alle motstand på vegen dit. Eit viktig plott er kampen mellom oppdagarane som vil ut i verda og det som stoppar dei. Oppdagarane kjempar mot ulike former for krefter som hindrar dei i å utforske verda, og bøkene trekk fram fleire poeng som tala mot at desse mennene skulle klare reisene sine. Motstanden materialiserer seg i ulike former, gjennom europeiske monarkar, mangel på finansiering, motvillig mannskap, lite proviant og farlege vêrforhold. Oppdagarane klarer likevel å overvinne motstanden og tek slik skjebnen i eigne hender.

Eit viktig poeng i bøkene er at sjømennene reiste mot noko ukjend. *Midgard* har til dømes ei overskrift som lyd: «Reisen mot det ukjente»⁷¹ og *Gaia* skriv om «sjøferder til fjerne og framande strøk.»⁷² Framhevinga av det ukjende skapar spenning og ei kjensle av at alt kan skje. Det bidrar også til eit bilete av modige oppdagarar. Dei var modige fordi dei reiste ut mot noko skummelt som dei ikkje kjende frå før. *Globus* innleier til dømes kapittelet med følgande rim: «Frå Portugal med kurs mot vest drog mange djerve karar. Dei trassa både sjø og vind og havets lumske farar.»⁷³ Oppdagarane vert særleg modige fordi det ikkje var så mange andre som torde å gjere det same på den tida:

Somme sa at sjøen var full av forferdelege havuhyre som trekte skip og mannskap ned i djupet, mens andre fortalde at vatnet kunne stivne til gelé, og da blei det umogleg å komme fram. Det blei også sagt at utanfor kysten av Afrika begynte havet å koke fordi der stod sola nærmare jorda enn i nord. Men på 1400-talet var det nokon som vann over frykta og tok sjansen på å utforske Afrika og det store, ukjende havet.⁷⁴

Nokre hadde rett nok prøvd å gjere det same tidlegare, men dei hadde ikkje klart det: «Den portugisiske kongen sende ut fleire skip for å finne sjøvegen til India, men det var ei vanskeleg oppgåve og mange gav opp.»⁷⁵ Dei mislukka forsøka syner kor vanskelege reisene var og gir ekstra honnør til dei oppdagarane som ikkje gav opp og som greidde det til slutt.

Mykje av motstanden kjem i møte med menneske som er mindre modige eller framsynte enn oppdagarane, både monarkar i Europa og mannskap om bord på skipa. Oppdagarane prøvde gjerne lenge å få til ekspedisjonane sine, men det var vanskeleg å få finansiert dei. Columbus

⁷¹ Lunnan, Håvard, Bjørg Åsta Flatby og Tone Aarre, *Midgard 7 : samfunnsfag for barnetrinnet* Bokmål, 2. utg. (Oslo: Aschehoug, 2008).

⁷² Holm, Dagny og Anne-Elisabeth Utklev, *Gaia 7 : samfunnsfag for barnesteget* Nynorsk utg. (Oslo: Gyldendal undervisning, 2008), 66.

⁷³ Libæk, Ivar, *Globus 7 : Samfunnsfag*, Nynorsk utg. (Oslo: Cappelen, 2008), 78.

⁷⁴ *Ibid.*, 80.

⁷⁵ *Ibid.*, 87.

sin lange kamp for å få støtte til å dra på oppdagingsreise vestover vert til dømes framheva. *Globus* skildrar den slik: «Columbus la ideane sine fram for kongar i fleire land og bad om pengar til skip, mannskap og forsyningar til ei oppdagingsreise mot vest. Men gong på gong blei planane hans avviste.»⁷⁶ *Midgard* forklarar at det spanske kongeparet «lot seg overtale»⁷⁷ av Columbus, medan *Gaia* skriv at «Først i 1492 gjekk det spanske kongeparet med på å la Columbus få skip til å segle mot vest.»⁷⁸ Det vert altså i stor grad takka vere Columbus sjølv og hans overtyding at reisa til Amerika til slutt fann stad.

Misnøye hjå mannskapet om bord og mangel på proviant er andre utfordringar oppdagarane støtte på. *Gaia* skildrar Magellan si reise slik: «I nesten fire månadar segla dei utan fersk mat. Mennene svalt og vart sjuke. Dei betalte til og med for kvar skipsrotte dei kunne få steikt!»⁷⁹ Misnøya kunne føre til at mannskapet gjorde opprør, ein form for motstand som dei fleste oppdagarane støtte på. Når mannskapet gjorde opprør måtte oppdagarane vise leiarskap med hard hand. Columbus møtte til dømes motstand blant mannskapet, men klarte likevel å overtale dei om å halde fram: «Etter 30 døgn på havet uten å se land nektet mannskapet om bord å seile lenger. Det begynte å bli lite proviant igjen, men Columbus fikk overtalt dem til å seile til provianten var slutt.»⁸⁰ Motstanden hjå mannskapet kjem gjerne i kombinasjon med utfordrande vêrforhold. *Globus* skriv om Vasco da Gamas reise til India:

Seglasen blei ei tøff oppleving. Skipa var ute i open sjø i over tre månader før dei nådde Sør-Afrika, og da dei runda Kapp det gode håp, kom flåten ut i ein forferdeleg storm. Sjøfolka, som var sjuke og svoltne, orka ikkje meir og begynte å planleggje eit opprør for å tvinge flåtesjefen til å setje kursen heimover. Men da Gama fekk greie på kva som var i ferd med å skje, og klarte å stoppe opprøret.⁸¹

Farlege naturkrefter, som slike store stormar, er hindringar som fort kunne gjort ein rask slutt på reisene. Skildringar av slike tøffe reiser gjer forteljningane meir dramatiske. Vidare skapar all motstanden oppdagarane møtte, både før og under reisene, ei kjensle av at forløpet fort kunne hendt heilt annleis enn det gjorde. Men alle oppdagarane når måla sine til slutt. Columbus kjem fram til Amerika, Vasco da Gama til India. Også Magellan, som døydde før skipet hans nådde tilbake til Europa, får æra for å stå bak den første jordomseglinga. *Midgard* skriv om hans reise:

⁷⁶ *Ibid.*, 92.

⁷⁷ Lunnan, Flatby og Aarre, *Midgard 7 : samfunnsfag for barnetrinnet* 22.

⁷⁸ Holm og Utklev, *Gaia 7 : samfunnsfag for barnesteget* 68.

⁷⁹ *Ibid.*, 72.

⁸⁰ Lunnan, Flatby og Aarre, *Midgard 7 : samfunnsfag for barnetrinnet* 22.

⁸¹ Libæk, *Globus 7 : Samfunnsfag*, 87-88.

«Magellan ble selv drept på Filippinene, men han regnes likevel som den første europeer som seilte hele jorda rundt.»⁸²

2.1.2 Vendepunkt: Frå framgang til øydelegging

Etter at oppdagarane har nådd måla sine kjem det eit vendepunkt i forteljingane. Vendepunktet kjem då europearane tok til å etablere seg i Amerika. Fram til då har det handla om framsteg for alle involverte, men så skjer det eit brot i utviklinga. Det held fram med å gå framover for europearane, dei gjorde seg enda rikare, men det skjedde på kostnad av andre grupper som vart utnytta og dårleg behandla. Nedgangen kulminerer i slavehandel og delvis utrydding av urbefolkninga.

Aktørane endrar seg etter vendepunktet. I første del er forteljingane svært individorienterte, men så endrar dei seg til å vere forteljingar kor dei sentrale aktørane er ei større gruppe «europearar» eller dei vert omtala etter nasjonalitetar som «spanjolar» og «engelskmenn». Europearane vert no i mindre grad oppdagarar, og først og fremst erobrарar eller konkvistadorar. Eit slikt vendepunkt i forteljinga som skjer mellom oppdagaranes framgang og erobrарanes øydeleggingar finn eg i alle bøkene. Litt over halvvegs i kapittelet har *Gaia* overskrifta «Europearane kjem til Amerika»⁸³ som markerer vendepunktet i forteljinga. Boka har allereie skildra korleis dei første europearane kom til Amerika før denne overskrifta, og når det igjen vert understreka at «Europearane kjem» vert det difor tydeleg at dei no kjem med full styrke. Pizarro vert nemnd som døme på ein erobrар, men utanom det er einskildpersonar ikkje lenger sentrale. No er det først og fremst England og Frankrike som styrer handlinga. «Spania og Portugal greidde ikkje å hevde seg i denne konkurransen»⁸⁴ og landa vert difor ikkje fullverdig del av framgangen. I *Midgard* markerer overskrifta «Plyndringen av Amerika»⁸⁵, med tydeleg negativt forteikn, vendepunktet i forteljinga. Overskrifta kjem mot slutten av delkapittelet «Europa blir en stormakt». På sidene før er det mellom anna fine skildringar av Aztekarriket og Inkariket. Det vert difor eit klart skilje når det så handlar om korleis rika som fanst der før no forsvann. *Globus* har to slike vendepunkt, først for aztekarane og så inkaene. Boka skildrar først «Aztekarar i Mellom-Amerika»⁸⁶ som vert følgd av overskrifta «Cortez erobrар Mexico»⁸⁷, kor

⁸² Lunnan, Flatby og Aarre, *Midgard 7 : samfunnsfag for barnetrinnet* 25.

⁸³ Holm og Utklev, *Gaia 7 : samfunnsfag for barnesteget* 73.

⁸⁴ *Ibid.*, 78.

⁸⁵ Lunnan, Flatby og Aarre, *Midgard 7 : samfunnsfag for barnetrinnet* 27.

⁸⁶ Libæk, *Globus 7 : Samfunnsfag*, 95.

⁸⁷ *Ibid.*, 97.

spanjolane overvinn aztekarane. Vidare kjem overskrifta «Inkaene i Sør-Amerika»⁸⁸, før europearane igjen øydelegg eit samfunn under overskrifta «Inkariket går under»⁸⁹. I motsetning til i dei to andre bøkene får nokre einskildindivid også framtrekkande roller i *Globus* etter vendepunkta, og det er ikkje eit like tydeleg skilje mellom oppdagarar og erobrarar. Vidare held alle bøkene fram med skildringar av slavehandel og trekanthandel, noko som også utgjer avslutninga på forteljningane.

Det varierer noko kor aktive aktørane vert i å forårsake nedgangen for urbefolkninga. Bøkene er tydelege på at europeiske overgrep var ei viktig årsak til øydeleggingane etter vendepunktet, men fleire passivkonstruksjonar gjer at aktørane nokre gongar forsvinn i setningane. Særleg i *Midgard* framstår utryddinga av indianarar som noko som berre skjedde: «De rikene som fantes i denne delen av verden før europeerne kom, fantes ikke lenger.»⁹⁰ og «Gradvis forsvant kulturene som hadde levd her i tusener av år.»⁹¹ Tempoet er roleg og det vert ikkje framstilt som ei rask endring. I *Gaia* står det vidare: «Det som skjedde med urfolka i Amerika, har vore kalla den største katastrofen i historia til menneska.»⁹² Bruk av ord som «katastrofe» gjer nedgangen tydeleg, og utryddinga av urfolk vert her eit tap for heile menneskeheita. *Midgard* skriv: «Mange av de innfødte ble drept, og enda flere døde av sykdommer som europeerne hadde med seg fra Europa.»⁹³ Europearane vert delaktige, men det er først og fremst sjukdom som spelte ei avgjerande rolle. I *Gaia* står det:

Spanjolane fór hardt og brutalt fram mot *urfolka* i Amerika under erobringane sine. Fleire katolske prestar skulda erobrarane for fryktelege handlingar og overgrep, og det vart vedteke lover for å verne indianarane. Men ingen lover kunne verne dei mot sjukdommar som europearane tok med seg til Amerika.⁹⁴

Til trass for prestanes forsøk på å beskytte indianarane var det likevel ikkje mykje dei kunne gjere sidan spreidinga av sjukdommar vart uunngåeleg.

Lærebøkene problematiserer til ein viss grad europearanes syn på seg sjølv og andre. Særleg *Midgard* legg mykje vekt på Europas vekst og på at denne veksten gjekk ut over andre, og presiserer at europearane ikkje tok omsyn til det: «Ingen av dem var særlig opptatt av hva

⁸⁸ *Ibid.*, 100.

⁸⁹ *Ibid.*, 103.

⁹⁰ Lunnan, Flatby og Aarre, *Midgard 7 : samfunnsfag for barnetrinnet* 27.

⁹¹ *Ibid.*

⁹² Holm og Utklev, *Gaia 7 : samfunnsfag for barnesteget* 76.

⁹³ Lunnan, Flatby og Aarre, *Midgard 7 : samfunnsfag for barnetrinnet* 27.

⁹⁴ Holm og Utklev, *Gaia 7 : samfunnsfag for barnesteget* 76.

menneskene rundt omkring i verden syntes om dette.»⁹⁵ Det urettferdige i europearanes åtfærd kjem klart fram vidare i kapittelet: «Europeerne tømte verdensdelen for alt de kunne finne av verdifulle gjenstander. De rike naturressursene ga inntekter til de europeiske landene. Folket som bodde der fikk beholde lite av disse inntektene.»⁹⁶ og «Dermed ble de europeiske landene enda rikere og kunne styrke sin kontroll over de andre verdensdelene.»⁹⁷ Kritikken vert ikkje framheva i brødteksta, og kjem meir til synes gjennom oppgåvene som høyrar til kapittelet. *Midgard* har til dømes spørsmåla: «Hvorfor tror du europeerne mente de kunne dele verden mellom seg?» og «De europeiske oppdagerne og konkvistadorene ble sett på som helter i sine hjemland. Menneskene som bodde i områdene de kom til, ble drept eller gjort til slaver for at europeerne skulle få større inntekter. Hva forteller det om europeernes syn på menneskene de møtte i den nye verden?»⁹⁸ *Midgard* oppmodar her lesaren indirekte til å vere kritisk til europearanes åtfærd, samstundes er ikkje tonen moraliserande og det vert opp til elevane å avgjere kva dei meiner. Forfattarane gjer få moralske vurderingar av dei historiske aktørane og forteljingane er generelt meir skildrande enn dømmande.

Konsekvensane av nedgangen i forteljingane får i nokre tilfelle følgjer fram til i dag. I *Globus* står det:

På fastlandet tok europearane den beste åkerjorda frå indianarane og tvinga dei til å slite som fattige jordbruksarbeidarar på store gardar, som på spansk blir kalla *hacienda*. Mange av desse godsa finst også i dag, og framleis er det mange indianarar som lever i elendige kår i denne delen av verda.⁹⁹

Globus nemner at godsa finst framleis, men at det betyr at europearane framleis profitterer på overgrepa kjem mindre tydeleg fram enn at urbefolkninga framleis lid under dei. Også i *Midgard* vert delar av forteljinga kopla saman med i dag: «Men slaveri finnes fortsatt mange steder i verden. I følge FN lever 12,3 millioner mennesker som slaver i verden i dag på alle kontinenter og i ulike former for slaveri.»¹⁰⁰ *Gaia* skriv i ei infoboks: «Også i dag lever millionar menneske som slavar ulike stader i verda, og mange av dei er barn.»¹⁰¹ Kontinuiteten som vert trekt fram ligg i problema det har skapt for andre, ikkje i føremonene for europearar.

⁹⁵ Lunnan, Flatby og Aarre, *Midgard 7 : samfunnsfag for barnetrinnet* 23.

⁹⁶ *Ibid.*, 27.

⁹⁷ *Ibid.*, 31.

⁹⁸ *Ibid.*, 29.

⁹⁹ Libæk, *Globus 7 : Samfunnsfag*, 105.

¹⁰⁰ Lunnan, Flatby og Aarre, *Midgard 7 : samfunnsfag for barnetrinnet* 31.

¹⁰¹ Holm og Utklev, *Gaia 7 : samfunnsfag for barnesteget* 78.

Lærebøkene forteljingar om oppdagingsreisene vert innleiingsvis drivne fram av handlekraftige einskildaktørar som leiar til framgang og spenning. Denne utviklinga heng tett saman med handel. Framgangskurva bikkar deretter over til nedgang etter at europearane tok til å etablere seg i Amerika. Forteljingane vert påverka av korleis dei ulike gruppene vert framstilt, noko eg no vil analysere nærmare.

2.2 Representasjonar i oppdagingsreisene

Det er i hovudsak tre ulike grupper innanfor temaet «oppdagingsreisene»: europearar som oppdagarar og konkvistadorar, amerikansk urbefolkning som inkaer og aztekarar og afrikanarar som slavehandlarar og slavar. Gruppene vert framstilt på ulike måtar og i ulike roller, noko som påverkar kva slags møter som finn stad.

2.2.1 Europearane: Modige menn

I starten av forteljingane er europearane i rollar som oppdagarar. Dei er modige, eventyrlystne menn med sterke drivkrefter. Ei viktig årsak til at oppdagarane klarte å overvinne motstanden dei møtte på reisene sine var slike imponerende personlege eigenskapar. I stor grad vert det difor oppdagarane på eiga hand som sto for den historiske utviklinga.

I forteljingane må oppdagarane kjempe mot mykje motstand, noko som syner den sterke viljestyrken deira. Dei ga seg ikkje i møte med motstanden, men følgde overtydinga si og var sterke leiarar, sjølv om det ga utslag i ganske dryge handlingar. Til dømes slik som *Gaia* skriv om Vasco da Gama: «Sjøfolka var utslitne og svoltne og ville tvinge Vasco til å snu. Vasco sperra skipsoffiserane inne og kasta alle kart og kompass over bord. Da var det ingen som kunne føre skipa. Alle måtte følge Vasco, anten dei ville eller ikkje.»¹⁰² Da Gama brukte også tvang i India, noko som gir han usympatiske trekk: «Med kanonar, trugsmål og valdshandlingar tvinga han indarane til å selje så mykje krydder han ønskte. Prisen skulle han sjølv bestemme.»¹⁰³ Samstundes framstår han her som ein handlekraftig mann med mykje makt.

Ein annan eigenskap som vert framheva hjå oppdagarane er eventyrlyst. *Globus* skriv til dømes: «Ein av dei som fekk høyre om dette var den eventyrlystne soldaten Francisco Pizarro (1475-1541). Han fekk med seg nokre venner, og saman la dei ut på fleire oppdagingsreiser

¹⁰² *Ibid.*, 67.

¹⁰³ *Ibid.*

sørover.»¹⁰⁴ Oppdagarane vert helteskikkelsar, og også døme på gode førebilete. Skildringa av Pizarro som legg ut på reise med vener høyrast ut som ein triveleg vennetur som mange kan kjenne seg att i, noko som gjer det relaterbart for elevane og gjer dimed også oppdagarane til realistiske førebilete. Lærebøkene kallar også nokre gongar oppdagarane heltar. *Globus* skriv at då Columbus kom tilbake til Spania «blei han motteken som ein helt»¹⁰⁵ og *Midgard* skriv at da Gama blei «mottatt som en helt da han kom hjem igjen.»¹⁰⁶

Eigenskapane deira gjer dei europeiske oppdagarane til eksepsjonelle einskildindivid. Bøkene har fleire portrettbilete av oppdagarane, noko som gjer dei til tydelege individ og understrekar deira særleg viktige posisjon. Sjølv om dei ikkje er representative for alle europearar på den tida vert dei på eit vis døme på «dei beste iblant oss», sidan det var dei som førte Europa framover. Dei vert førebilete som har eigenskapar lesaren kan strekke seg etter.

Mykje av motivasjonen til oppdagarane heng saman med dei nemnde personlege eigenskapane. Dei vil ut og utforske verda. Det er også det som vert trekt fram som den viktigaste motivasjonen i *Globus* då det står: «Dei første som ville finne ut meir om verda, var frå Portugal.»¹⁰⁷ Lærebøkene viser til at forholda låg til rette for ekspedisjonar frå Europa, alle ville til dømes ha meir krydder og det var handelskonkurransen mellom landa. Likevel er det ikkje først og fremst slike bakanforliggjande årsaker som pressa sterkt på utviklinga, men modige og handlekraftige einskildpersonar. Det er nokre skilnadar i kva motiv bøkene vektlegg hjå oppdagarane. Religion spelar til dømes ei viktigare rolle i *Globus* enn i dei andre bøkene. *Globus* skriv innleiingsvis om Henrik Sjøfararen:

Det var fleire grunnar til at Henrik var interessert i Afrika. For det første ville han kjempe mot muslimane som både hadde kontroll over Nord-Afrika, og som hadde mange krigsskip i Middelhavet. Kampen for å forsvare kristendommen hadde gått føre seg i fleire hundre år og blei kalla krosstog.¹⁰⁸

I *Globus* vert forsvar av kristendommen ein del av motivasjonen til nokre av oppdagarane, medan i *Gaia* vert moglegheit for misjonering heller ein måte for Columbus å overtale det spanske kongeparet til å gi han støtte. Også i andre tilfelle trekk *Globus* fram religion si rolle: «det var først da spaniarane begynte å kjempe mot religionen i landet at motstanden begynte å

¹⁰⁴ Libæk, *Globus 7 : Samfunnsfag*, 103.

¹⁰⁵ *Ibid.*, 93.

¹⁰⁶ Lunnan, Flatby og Aarre, *Midgard 7 : samfunnsfag for barnetrinnet 20*.

¹⁰⁷ Libæk, *Globus 7 : Samfunnsfag*, 82.

¹⁰⁸ *Ibid.*, 82-83.

vekse for alvor»¹⁰⁹ *Globus* trekk også fram at spanjolane bygde ei stor kristen kyrkje i sentrum av Tenochtitlan etter at dei overvann aztekarane.

På gruppenivå får europearane nokre mindre flatterande trekk. Dei er til dømes egoistiske, har ein sterk «gulltørst» og egoistiske mål om rikdom vert viktig motivasjon for reisene og handlingane deira. *Globus* skriv: «Fordi gulltørsten blant dei var stor, er det ikkje så rart at dei ønskte å få tak i rikdommane til indianarane.»¹¹⁰ Denne forklaringa gjer samstundes europearanes handlingar forståelege og rasjonelle. Det same gjeld ei forklaring på slavehandelen: «på Dei vestindiske øyane døydde nesten alle indianarane ut. Det førte til at spaniarane begynte å hente slavar som kunne arbeide for dei frå Afrika.»¹¹¹ Her vert det å hente slavar i Afrika nærmast ein logisk konsekvens av at indianarane døydde. Særleg *Globus* oppmodar til innleving og forståing for dei historiske aktørane. Boka understrekar til dømes behovet for krydder slik: «Veit du korleis fisk eller kjøtt som har lege for lenge i varmen, smakar og luktar? (...) Derfor var det mange som ønskte å krydre maten slik at han smakte og dufta betre. Men krydder var dyrt.»¹¹² *Globus* appellerer til elevanes førestillingevne for at dei skal sjå for seg korleis livet var utan krydder og forstå det sterke behovet. Det skapar større forståing for handlingane til europearane.

Europearane vert i tillegg framstilt som utspekulerte. Spanjolane lurte indianarane og braut løfter dei hadde gitt. Slike kritikkverdige eigenskapar kjem meir til synes i etableringsfasen, og gjeld soleis i mindre grad oppdagarane. Eigenskapane er mest knytt til europearar som gruppe, ikkje oppdagarane som individ, og rokkar difor ikkje nemneverdig ved korleis oppdagarane vert framstilt. Europearane, særleg spanjolane og portugisarane, behandlar indianarane brutalt. *Globus* viser til dømes til «blodbadet»¹¹³ og *Gaia* fortel om då spanjolane «slakta ned deltakarane under ein stor religiøs fest»¹¹⁴. Skildringane av europearane i rollar som erobrарar er drygare og skapar slik større avstand til aktørane, medan lesaren lettare kan identifisere med oppdagarane. Eit døme er korleis *Globus* framstiller erobraren Cortez på ein annan måte enn oppdagaren Columbus. Columbus har draumar og familiebakgrunn: «I mange år hadde han drøymt om å finne nytt land langt ute mot vest i Atlanterhavet. No hadde han endeleg klart det!

¹⁰⁹ *Ibid.*, 99.

¹¹⁰ *Ibid.*, 102.

¹¹¹ *Ibid.*, 105.

¹¹² *Ibid.*, 86.

¹¹³ *Ibid.*, 99.

¹¹⁴ Holm og Utklev, *Gaia 7 : samfunnsfag for barnesteget* 71.

(...) Han var son av ein vevar og bestemte seg tidleg for å bli sjømann.»¹¹⁵ Hå Cortez vert heller brutaliteten hans framheva: «Under marsjen mot Tenochtitlan fekk Cortez vist aztekarane kor brutalt han kunne behandle fiendane sine.»¹¹⁶ Oppdagarane vert altså framstilt noko annleis enn andre europearar.

Ein viktig del av framstillinga av europearane vert skapt i kontrast til andre grupper. I lærebøkene vert andre folks dugleikar vist til på måtar som gjer at europearar som gruppe ikkje vert framstilt som spesielt makelause. *Midgard* samanliknar til dømes europeiske varer med indiske: «Men inderne ville ikke ha de europeiske varene. Sammenliknet med de rikdommene de selv hadde, var dette dårlig tøy og billig juggel.»¹¹⁷ *Globus* har ei tekst om kinesiske ekspedisjonar og skriv om kinesarane: «Kinesarane hadde gode grunner til å vere stolte av seg sjølve. For fem hundre år sidan låg dei langt framfor både europearar og andre folk på mange område.»¹¹⁸ Kinesarane var så avanserte at dei meinte at dei ikkje trong å lære av andre: «Kinesarane syntest også at dei hadde lært lite på sjøreisene sine, og at dei kunne klare seg sjølve.»¹¹⁹ Ifølge *Globus* var motivasjonen til dei kinesiske ekspedisjonane at: «den kinesiske keisaren (...) ville vise at han var den fremste herskaren i verda.»¹²⁰ *Midgard* trekk fram at Kina hadde kunnskapar europearane mangla: «Marco Polo fortalte om noe folk i Europa ikke kjente til på denne tiden, nemlig pengesedler!»¹²¹ Boka skriv vidare om Marco Polos reiser: «Uansett lærte europeerne mye om Kina og kinesisk kultur av denne boken»¹²² og visar slik at europearane kunne lære av andre. Europearane hadde ikkje nødvendigvis kome lengst teknologisk, men dei var opne for nye idear og lærte av reisene dei gjorde. Kinesarane lærte derimot lite, og følgene vart også at europearane tok dei att i utviklinga.

Europearane vert på mange vis ikkje framstilt som utprega eksepsjonelle, men det å oppdage andre typisk europeisk. Når *Globus* viser til kinesiske oppdagingsreiser vert det understreka kor kortvarige dei var. Overskrifta til *Globus* sin tekst om Kina, «Europearane kjem til India og Kina»¹²³, gjer europearane til dei aktive aktørane, sjølv om omlag tre firedelar av teksta handlar om kinesarar. Overskrifta framhevar europearanes utfart, medan det motsette vert framheva hjå

¹¹⁵ Libæk, *Globus 7 : Samfunnsfag*, 92.

¹¹⁶ *Ibid.*, 98.

¹¹⁷ Lunnan, Flatby og Aarre, *Midgard 7 : samfunnsfag for barnetrinnet 20*.

¹¹⁸ Libæk, *Globus 7 : Samfunnsfag*.

¹¹⁹ *Ibid.*, 90.

¹²⁰ *Ibid.*, 89.

¹²¹ Lunnan, Flatby og Aarre, *Midgard 7 : samfunnsfag for barnetrinnet 18*.

¹²² *Ibid.*, 19.

¹²³ Libæk, *Globus 7 : Samfunnsfag*, 89.

kinesarane. Ei av to oppgåver som handlar om kinesarane lyd: «Forklar kvifor kinesarane ikkje ville ha så mykje kontakt med utlendingar.»¹²⁴ Den andre oppgåva om Kina lyd: «Nemn nokre kinesiske oppfinningar.»¹²⁵ Dei fleste oppgåvene om europearar handlar derimot om aktive handlingar som kva dei ville finne eller kva dei ville kjøpe. Ein forstår vidare at rekka av europeiske oppdagarar er lang, og ei anna oppgåve i *Globus* lyd: «Finn informasjon om ein eller fleire av desse oppdagarane: Marco Polo, Ferdinand Magellan, John Cabot, Henry Hudson, Willem Barents, Jens Munch.»¹²⁶ *Midgard* har ei lita infoboks om den arabiske oppdagaren Ibn Battuta og i ei oppgåve vert elevane oppmoda om å finne meir stoff om han. Det er ingen ikkje-europeiske oppdagarar i *Gaia*, som generelt har få aktørar frå utanfor Europa. Når det nesten utelukkande er europearar som oppdagar nye områder vert det å oppdage til noko særprega europeisk. At det er dei som oppdagar andre gir europearane ein form for kontroll over historia, kor dei også får makt til å namngi og definere andre.

Europearane vert framstilt som mellom anna modige og utfartslystne oppdagarar, og etterkvart som omsynslause og egoistiske erobrarar. Utanom europearane er den amerikanske urbefolkninga den gruppa som får mest plass i forteljingane. Dei vert representert på ein måte som ikkje står seg mykje tilbake for europearane.

2.2.2 Avanserte indianarar

I forteljingane har den amerikanske urbefolkninga samla sett ei viktig rolle som dei som europearane møter. Aztekarane og inkaene får mest merksemd som dei gruppene europearane kjem i konflikt med, og dei to gruppene får betydeleg plass i alle bøkene. Bøkene viser også til andre grupper urfolk, men dei vert ikkje namngitt.

Aztekarane og inkaene vert omtala kvar for seg, og lærebøkene har relativt detaljerte skildringar av både inka- og aztekarkulturar frå tida før europearane kom. Bøkene framhevar at urbefolkninga generelt hadde avansert vitskap og god samfunnsorganisasjon med gode system for skatteinnkrevjing. *Gaia* skriv om kva som møtte spanjolane i Amerika: «På det amerikanske fastlandet fann spanjolane omsider rike samfunn med store byar og imponerande byggverk.»¹²⁷

¹²⁴ *Ibid.*, 91.

¹²⁵ *Ibid.*

¹²⁶ *Ibid.*

¹²⁷ Holm og Utklev, *Gaia 7 : samfunnsfag for barnesteget* 70.

Både *Gaia* og *Globus* har svært brutale skildringar av aztekarane. *Globus* skriv at aztekarane var «eit krigersk folk»¹²⁸ og at «aztekarkrigarane kjempa som løver»¹²⁹. Samanlikninga med løver gjer likevel det krigerske ved aztekarane til noko beundringsverdig. Formuleringar som «til slutt gav aztekarane opp»¹³⁰ gjer det tydeleg at dei først hadde kjempa lenge. Ofringar vert eit anna aspekt ved brutaliteten til aztekarane. *Globus* skriv mellom anna:

Menneska som blei ofra, fekk brystkassen skoren opp med ein skarp dolk av ein offerprest. Han reiv hjarta ut av offera og heldt dei opp mot sola. Deretter blei kroppane kasta nedover trappene på pyramiden. Det er usikkert kva som skjedde med lika etterpå. Somme meiner at dei blei etne av dei mektigaste familiane i landet.¹³¹

Gaia har ei liknande skildring:

Kilometerlange køar med offer stod og venta framfor den heilage solpyramiden i hovudstaden til aztekarane. Offerpresten skar hjartet ut av kvar enkelt og lyfte det opp mot sollyset. Deretter vart dei døde kroppane kasta nedover trappene. Rundt pyramiden rotna hovuda til offera på stakar.¹³²

Skildringane her er sopass dryge at dei får eit eksotisk og fascinerande preg. Aztekarane vert likevel ikkje berre brutale, kompetansen deira vert også vektlagd. *Gaia* skriv til dømes vidare: «Aztekarane brukte biletskrift og skreiv på papir som var laga av planteblad. Slik heldt dei greie på lover, skattebetaling og varelager. Dei hadde ein nøyaktig kalender, og astronomane deira studerte sol, måne og stjerner.»¹³³ I motsetning til dei to andre lærebøkene skriv *Midgard* lite om vald, men framhevar aztekaranes kunnskapar: «Aztekarane hadde lært arkitektur, tallsystemer og årskalender fra andre folkeslag i dette området. De var også kommet langt innenfor astronomi, matematikk og kunst.»¹³⁴ Som dei andre bøkene gir også *Globus* heider til aztekarane, til dømes slik: «Dei laga lange demningar av stein og jord frå fastlandet til øybyen, og der reise det eine praktbygget seg etter det andre.»¹³⁵ Aztekarane vert framstilt som både brutale og teknisk avanserte, kunnskapsrike og dyktige.

¹²⁸ Libæk, *Globus 7 : Samfunnsfag*, 96.

¹²⁹ *Ibid.*, 99.

¹³⁰ Holm og Utklev, *Gaia 7 : samfunnsfag for barnesteget* 71.

¹³¹ Libæk, *Globus 7 : Samfunnsfag*, 96.

¹³² Holm og Utklev, *Gaia 7 : samfunnsfag for barnesteget* 70.

¹³³ *Ibid.*

¹³⁴ Lunnan, Flatby og Aarre, *Midgard 7 : samfunnsfag for barnetrinnet* 24.

¹³⁵ Libæk, *Globus 7 : Samfunnsfag*, 95.



Figur 3 Døme på oppdagarar. (Libæk, *Globus 7 : Samfunnsfag*, 93) Figur 4 Døme på inkaer. (Libæk, *Globus 7 : Samfunnsfag*, 100)

Bøkene gir sjølvstendig plass til skildringar av inkaene og aztekarane, men mykje av framstillinga av indianarar skjer også i kontakt med europearar. Bøkene har døme på at både indianarar og europearar beundra kvarandre. *Globus* skriv til dømes om aztekaranes hovudstad: «Folk som besøkte byen sa at han såg ut som ein flytande, blomstrande oase!»¹⁴⁰ Det var også samarbeid mellom spanjolar og «andre indianerstammer» i felles kamp mot aztekarar eller inkaer. *Midgard* har også ei teikning som illustrerer samarbeidet, biletteksta lyd: «(...) Den viser også at andre indianerstammer gikk sammen med spanjolene for å bli kvitt de aztekiske herskerne.»¹⁴¹ I *Globus* vert det peika på at samarbeid mellom urfolk og europearar ved eit tilfelle var avgjerande for konkvistadorane: «Men sjølv om spaniarane hadde betre våpen enn aztekarane, var ikkje dette nok til at Cortez fekk overtaket. Han fekk nemleg støtte frå fleire indianerstammer som lenge hadde blitt undertrykte av aztekarane.»¹⁴² *Gaia* skildrar liknande samarbeid mot inkaene: «Med berre nokre hundre mann klarte Pizarro å leggje dette enorme riket under seg. Ei årsak kan vere ein blodig borgarkrig i inkariket. Dessutan fekk Pizarro hjelp av undertrykte stammer.»¹⁴³ Sjølv om desse gruppene ikkje får ein like tydeleg plass som inkaer og aztekarar viser det moglegheiter for samarbeid i kulturmøta. Samarbeid vitnar om likeverdige partar fordi det tyder at begge grupper kan bidra.

Forteljingane inneheld altså noko samarbeid mellom europearar og indianarar, men konflikt er det sentrale i kontakten mellom dei. Begge partar framstår omlag like brutale. *Gaia* har til dømes eit bilete av spanjolar som straffar indianarar og eit av indianarar som tek hemn. I

¹⁴⁰ *Ibid.*, 95.

¹⁴¹ Lunnan, Flatby og Aarre, *Midgard 7 : samfunnsfag for barnetrinnet* 25.

¹⁴² Libæk, *Globus 7 : Samfunnsfag*, 98.

¹⁴³ Holm og Utklev, *Gaia 7 : samfunnsfag for barnesteget* 72.

billettekstane står det: «Her tek indianarar hemn ved å helle smelta gull ned i halsen på ein spanjol som dei har teke til fange. I bakgrunnen hoggar dei armar og bein av ein spansk fange»¹⁴⁴ og «Spaniarane straffar indianarane blodig og brutalt.»¹⁴⁵

Europearanes maktovertaking skjedde ikkje av seg sjølv. Det kjem mellom anna fram i forteljingane gjennom at urbefolkninga ytte tydeleg motstand. Lærebøkene har detaljerte skildringar av kampar og planar for korleis europearane skulle få makt over Amerika. Dei kunne ikkje berre troppe opp, og det framstår ikkje som sjølvstøtt at den eine parten skulle slå den andre. Indianarane kjempa hardt mot europearane. *Globus* skildrar til dømes eit slag slik: «Situasjonen blei snart alvorleg for spaniarane. Dei blei omringa av fleire tusen aztekarkrigarar, og det var berre etter hard motstand at omkring halvparten av spaniarane klarte å komme seg unna.»¹⁴⁶ Indianarar og europearar framstår her som relativt likeverdige i konflikt.

Indianarane får honnør og sympati i måten dei forsvarte seg på og vert framstilt som beundringsverdige, men dei har ikkje ein like nyansert bakgrunn som oppdagarane. Dei blir ikkje tildelt personlege eigenskapar, og har ikkje helteroller på same måte som oppdagarane. Dei er ikkje i rolla som utforskarar, og driv ikkje fram endring i historia.

Den amerikanske urbefolkninga får ein viktig plass i bøkene, men det er eit europeisk perspektiv som dominerer skildringa av dei. Sitat frå Columbus si dagbok med skildringar av indianarar får til dømes betydeleg plass. Sjølv om europeiske perspektiv dominerer finst det også forsøk på å sjå på historia frå andre synsvinklar. Nokre av bøkene har detaljerte kart frå urfolks perspektiv og *Globus* har med eit sitat frå ein aztekar som skildrar spanjolar. I nokre av spørsmåla oppmodar bøkene elevane om å leve seg inn i indianaranes perspektiv: «Tenk deg at du er ein av indianarane som opplevde møtet med Columbus og mennene hans. Skriv ned korleis du oppfattar desse mennene: Columbus, skipsoffiserar, sjøfolk, prestar.»¹⁴⁷ Samstundes får europearane her meir nyanserte roller ved at ein skil mellom deira ulike stillingar. Europearar får også fleire individualiserte portrett, medan indianarar vert omtala på gruppenivå eller i rolla som herskarar. Samla vert urbefolkninga framstilt som avanserte, beundringsverdige og brutale. Både urbefolkninga og europearar vert delaktige i forteljingane.

¹⁴⁴ *Ibid.*, 71.

¹⁴⁵ *Ibid.*, 76.

¹⁴⁶ Libæk, *Globus 7 : Samfunnsfag*, 99.

¹⁴⁷ Holm og Utklev, *Gaia 7 : samfunnsfag for barnesteget* 85.

2.2.3 Lidande afrikanarar

Den tredje gruppa som er med i temaet oppdagingsreiser er afrikanarar. Dei er i hovudsak med i forteljingane som lidande slavar, og møta mellom europearar og afrikanarar handlar først og fremst om europeisk handel med afrikanske slavar.

Bøkene viser til at eit slavane utgjer eit stort tal menneske. I tillegg til rolla som slavar, er afrikanarar kort nemnt som kjøpmenn eller slavehandlarar. Det er ingen individ blant afrikanarane. Dei vert ikkje presentert med eigenskapar, og har få kjensler eller meiningar. Delen om slavehandel er kort, og i kontrast til europearane og indianarane får afrikanarane ein mindre nyansert og detaljert bakgrunn. Det er ikkje med døme på motstand mot slavehandelen eller forventingar om det.

Slavehandelen plasserer afrikanarane i ein tydeleg offerposisjon, og lidingane til dei slavegjorte afrikanarane kjem tydeleg fram i bøkene. Afrikanarar får mykje sympati som offer for slavehandelen. *Midgard* skriv til dømes følgande om framtidsutsiktene då slavane kom fram til Amerika: «Her ventet et liv i slit og fattigdom.»¹⁴⁸ Både *Midgard* og *Gaia* har teikningar som syner tverrsnitt av slaveskip og skildrar situasjonen på skipa. Om situasjonen om bord på skipa skriv *Gaia*: «Om bord i slaveskipet låg dei stuva tett i tett i stinkande lasterom. Mange døydde undervegs på skipsreiser som kunne ta fleire månader.»¹⁴⁹ *Midgard* skriv liknande: «Der ble de stuet sammen under dekk, tett i tett. Om bord på skipet brøt det lett ut sykdommer, og mange av afrikanerne døde underveis.»¹⁵⁰ *Globus* har med eit sitat frå 1445 som gir ei kjensleladd skildring av slaveriet: «Somme hang med hovudet med ansiktet bada i tårer. Andre stod i sorg og såg opp mot himmelen og skreik høgt som om dei bad Naturens Far om hjelp. (...) Det var ei skrekkeleg oppvisning i liding og forvirring.»¹⁵¹ *Globus* har også ei oppgåveformulering kor elevane vert oppmoda om å leve seg inn i slavanes situasjon liding: «Sjå på biletet av slavane på s. 84. Kva har dei opplevd, og kva tenkjer dei? Vel: a) Skriv ein samtale mellom nokre av slavane. Framfør for nokon. b) Skriv eit dikt som uttrykkjer tankane til ein av slavane.»¹⁵² Vidare har *Gaia* har ein illustrasjon som viser korleis det såg ut under dekk på eit skip. På maleriet er det mørkt og trongt, og personane framstår som ein uklar masse med svært utydelege andlet, noko som bidrar til å understreke kor umenneskeleg slavane vart behandla. *Midgard* har

¹⁴⁸ Lunnan, Flatby og Aarre, *Midgard 7 : samfunnsfag for barnetrinnet* 31.

¹⁴⁹ Holm og Utklev, *Gaia 7 : samfunnsfag for barnesteget* 79.

¹⁵⁰ Lunnan, Flatby og Aarre, *Midgard 7 : samfunnsfag for barnetrinnet* 31.

¹⁵¹ Libæk, *Globus 7 : Samfunnsfag*, 84.

¹⁵² *Ibid.*, 91.

ei teikning av slavar som er bundne saman og går på rekke. Dei er teikna bakfrå og ein ser difor ikkje andleta deira. I begge teikningane er slavane nakne, noko som gjer at dei vert framstilt som særleg stakkarslege. Det vert tydeleg i bøkene at europearane behandla afrikanske slavar som objekt. *Midgard* har ei overskrift som lyd: «Mennesker som handelsvare»¹⁵³ og *Gaia* liknande: «Handel med menneske»¹⁵⁴. I desse overskriftene ligg det ein kritikk av europearanes haldningar, gjennom det opprørande i å drive handel med menneske. *Midgard* omtalar også slavehandelen som «denne barbariske ordningen»¹⁵⁵ og forklarar at europearane utvida handelen: «Etter at europeerne kom med i denne handelen, ble det behov for stadig flere slaver.»¹⁵⁶ Alle bøkene forklarar at slavehandel var utbreidd i Afrika før europearane vart del av handelen, men det er europeiske aktørar som vert ståande som ansvarlege for dei lidingane slavane vart utsatt for i bøkene.

Afrikanarar får mest plass i teksta som slavar og dei utfører få handlingar. Det er lite tydeleg interaksjon mellom dei afrikanske slavane og europearar. I setningar som «I Afrika blei desse varene bytte mot slavar, som så blei frakta over havet til Amerika og selde til europearar»¹⁵⁷ og «Ved ankomsten til Vestindia ble slavene solgt til plantasjeeiere»¹⁵⁸ vert aktørane som utfører handlingane mindre synlege. Slike passivkonstruksjonar bidrar difor til at kontakten mellom gruppene ikkje framstår som eit reelt møte, men heller ein meir vag prosess. Den passive forma for interaksjon vert særleg påfallande i kontrast til den meir aktive samhandlinga mellom europearar og indianarar, kor begge partar utfører handlingar. Bøkene skildrar ikkje konkret korleis menneske vart gjort til slavar, og det kjem ikkje til synes ei forventning om mogleg motstand på vegne av dei slavegjorte menneska. Slik vert makta til europearane og andre slavehandlarar indirekte til noko sjølvsgt. I kontrast er det i kontakten mellom europearar og indianarar derimot detaljerte skildringar av korleis europearar gjekk fram og kva indianarar gjorde for å forsvare seg. I den framstillinga er det ikkje sjølvsgt at den eine parten skulle vinne. Afrikanarar vert framstilt som hjelpelause offer for europearane, ei framstilling som liknar den dei får i tekstane om imperialismen.

¹⁵³ Lunnan, Flatby og Aarre, *Midgard 7 : samfunnsfag for barnetrinnet* 31.

¹⁵⁴ Holm og Utklev, *Gaia 7 : samfunnsfag for barnesteget* 78.

¹⁵⁵ Lunnan, Flatby og Aarre, *Midgard 7 : samfunnsfag for barnetrinnet* 31.

¹⁵⁶ *Ibid.*, 30.

¹⁵⁷ Libæk, *Globus 7 : Samfunnsfag*, 106.

¹⁵⁸ Lunnan, Flatby og Aarre, *Midgard 7 : samfunnsfag for barnetrinnet* 31.

2.3 Diskusjon av forteljingane om europeiske oppdagingsreiser

Forteljingane handlar innleiingsvis om modige og sterke menn som reiser ut frå Europa, som overvinn motstand på vegen og så møter nye, spennande menneske. Lærebøkene gir slik i utgangspunktet ei svært optimistisk forståing av kulturmøter kor det å reise ut og møte nye kulturar vert forbunde med noko positivt. Whites plottstruktur *romanse* er nyttig for å forstå første del av forteljingane. I romansen har utviklinga eit godt mål, fremja av det godes kamp mot det vonde. I det plottet overvinn helten motstand ved å ta skjebnen i eigne hender. I lærebøkene forteljingar vert oppdagarane heltane. Motkreftene er mindre klare, men eg har identifisert dei som hindringane oppdagarane støyter på. Det som ikkje lét oppdagarane reise ut i verda vart det største hinderet for den gode utviklinga. Så snart oppdagerane klarte å overvinne motstanden haldt utviklinga fram. Kulturmøta skjer difor takka vere heltanes utfartstrong og nyfikne. Å reise ut, oppleve nye ting og møte nye folk vert dimed noko elevane vert oppmuntra til. Oppdagarane vert lønna for reisene sine ved å møte eksotiske og avanserte indianarkulturar, noko som bidrar til å gjere kulturmøter til noko spennande og attraktivt.

Forteljingane endrar karakter då europearane tok til å etablere seg i Amerika. Kulturmøta endrar seg då frå å vere noko positivt og spennande til å handle om konflikt og utnytting. Forteljingane får ei negativ avslutning kor svært mange urfolk døyr og slavehandelen veks. Sett under eitt kan det difor vere meir passande å nytte plottstrukturen *tragedie* for å forstå forteljingane. Tragedien handlar om ei utvikling med store løfter for framtida, som så vert broten gjennom eit forræderi. Etter at europearane tok til å etablere seg i Amerika skjer det eit brot i skildringa av framgang, og ein får eit vendepunkt i forteljingane. Sjølv om europeisk velstand held fram med å vekse seg større, er det no mest vekt på øydeleggingane europearane sto for. Øydeleggingane representerer eit forræderi frå europearanes side mellom anna fordi det store potensialet som i utgangspunktet låg i kulturmøta forsvinn som følge av deira egoistiske og grådige motiv og handlingar. Kva som er start- og slutt punkt for forteljingane påverkar difor kva som vert formidla om kulturmøter. Å avslutte forteljingane med slavehandel bidrar til ei særleg negativ avslutning.

Kayser Nielsen identifiserte tropen *u-modellen*. I det mønsteret går forteljinga frå ei stordomstid til forfall, før det vert retta opp att, no eller i framtida. Forteljingane om oppdagingsreiser følger derimot eit motsett mønster og ein annan måte å forstå forteljingane på er som ein *omvend u-*

modell. Dei startar ikkje med nokon tydeleg stordomstid, derimot fører oppdagaranes reiser ut i verda til nye moglegheiter og rikdom for Europa. Deretter tippa framgangskurva på eit punkt over, og forteljingane endar med elende i form av slavehandel og utrydding av store delar av urbefolkninga. Den spennande og gode utviklinga leia fram til eit vippepunkt kor utviklinga gjekk nedover og forteljingane vert avslutta på botnen. Konklusjonen lesaren sit att med vert at desse kultur møta ikkje gjekk bra. Det var eit potensiale der, men det vart skusla vekk. Framtidsperspektivet vert at kultur møter er spennande, men risikable fordi dei kan føre til forfall.

Framstillingane av aktørane påverkar kva slags forteljingar som vert fortalt om møter mellom europearar og andre kulturar. Som oppdagarar vert europearane framstilt som nyfikne, handlekraftige og modige. Det er europearane som har fått kultur møta til å skje, og det å oppdage og å reise ut vert noko typisk europeisk. Møta mellom europearar og indianarar framstår i utgangspunktet som relativt likeverdige møter, men vart likevel fatale for den eine parten. Samstundes vert det europearane som gjennom erobraranes handlingar og grådighet øydela for kultur møta. Europearane har slik både fått kultur møta til å skje, og gjort at dei enda dårleg.

Møta skjer i hovudsak mellom tradisjonelle, mannlege leiarskikkelsar som kapteinar, kongar og generalar. Sjølv om tilfelle av samarbeid på tvers av kulturar er nemnd i bøkene, som i tilfellet mellom konkvistadorane og indianargrupper som var undertrykt av aztekarar, får det lite merksemd samanlikna med valdelege konflikhtar mellom gruppene. Vald og usemje set difor eit tydeleg preg på korleis møta går føre seg og dei endar med at ein part dominerer den andre. Dei flotte og imponerande skildringane av kulturen til aztekarane og inkaene gjer det særleg tragisk at samfunna deira vart øydelagd, og gjer at dei europeiske øydeleggingane framstår enda verre. Nedgangen vert understreka av at afrikanarar vert representerte i offerroller med store lidingar påført av europearar. Framstillinga av afrikanarar som lidande og hjelpelause er med på å framheve kor ille europeisk åtferd var. Dimed vert europeisk skuld for at kultur møta gjekk dårleg enda tydelegare. Forteljingane demonstrerer korleis kultur møter kan ende i dominans og utnytting.

Slik europeiske oppdagingsreiser vert presentert, oppfordrar lærebøkene elevane til å vere nyfikne og utovervende. Forteljingane formidlar spenning og optimisme knytt til å reise ut av heimstaden og møte nye kulturar. Kultur møta skjer i hovudsak som resultat av nyfikne og oppdagartronge, og viser slik kva ein kan oppnå dersom ein er interessert i å møte nye kulturar.

Bøkene formidlar at eit viktig formål med kulturmøter er å lære om og av andre. Samstundes syner forteljingane at når ulike kulturar faktisk lever ilag, går det dårleg. I dette tilfellet skjer det fordi europearane er grådige og utnyttar andre. Likevel får møta ei trist avslutning, og ein sit att med prov på at ein i kulturmøter endar opp med at ein part dominerer den andre. Tanken er god, men konklusjonen vert at det endar dårleg.

3 Imperialisme

Imperialisme er tema i *Kosmos 9*, *Undervegs 8*, *Matriks 8* og *Nye makt og menneske 9*. Temaet vert også kort nemnt i *Nye makt og menneske 8*. Forteljingsmønstra i lærebøkene liknar kvarandre, og eg vil først diskutere fellestrekk i forteljingane. Etter at eg har gått gjennom fellestrekk vil eg ta for meg særtrekk ved dei einskilde læreverka, og eg vil òg påpeike viktige skilnadar mellom bøkene. Nokre av forteljingstrekk vert relevante å sjå i vidare samanheng med forteljingane om avkoloniseringa.

3.1 Ei forteljing om Europa som ein trykkokar

Lærebøkene forklarar imperialisme på ein relativt lik måte. «Imperialisme-perioden» vert grovt sett definert som perioden frå andre halvdel av 1800-talet fram til første verdskrig, og imperialisme handlar om land som tek kontroll over andre land. Forteljingane om imperialisme senterer seg kring ein ekspansjon av europeisk makt og styrke. Sjølv om dei varierer noko, har forteljingane fleire fellestrekk som gjer det passande å samanlikne måten bøkene fortel om Europa på med ein trykkokar som kokar over. Forteljingane startar med eit Europa som er i ei rivande utvikling teknologisk, industrielt og på andre samfunnsplan. Utviklinga bygger seg opp ved hjelp av teknologiske framsteg og konkurranse mellom europeiske land, og bøkene forklarar at utviklinga skapar eit behov for råvarer og nye måtar for landa å hevde seg på. Imperialisme vert ein konsekvens av ein slik situasjon i Europa. Verda utanfor kontinentet er derimot i stillstand, og innbyggjarane der ytte lite motstand då europearane etter kvart strøymde raskt utover Europas grenser. Forteljingane sluttar når europearane er på høgda av makta, etter at dei har lukkast i å «erobre verda». Alle avslutningane er prega av at forfattarane framset kritikk mot europearane og åtferda deira.

3.1.1 Europa i sterk utvikling

Lærebøkene framhevar at Europa utvikla seg raskt i starten av imperialisme-perioden. I kapitla før har fleire av bøkene tematisert nasjonalisme, revolusjonar og andre store endringar i Europa. Eit illustrerande døme er *Undervegs* som skriv innleiingsvis: «Handelen blomstra, og vitskapen og forskinga gjorde store framsteg.»¹⁵⁹ Vidare forklarar bøkene kva grunnar europearane hadde

¹⁵⁹Skjønberg, Harald, *Undervegs : Historie 8*, Nynorsk utg. (Oslo: Gyldendal undervisning, 2006), 205.

til å kolonisere andre land. Dei trekk fram ei rekke ulike grunnar, og mengda av årsaker bidrar til kjensla av at det skjer mykje i Europa.

Europeisk industrialisering vert ei sentral årsak til imperialismen i alle bøkene. Behov for råvarer til industrien er den første årsaka til imperialisme som lærebøkene trekk fram. Europeisk maktkamp og nasjonalisme får også mykje merksemd, og ønske om ære og makt vert vidare framheva som viktige årsaker. Til sist trekk alle bøkene fram kristen misjon og at europearane ville «sivilisere» innbyggjarane i koloniane. Desse tre årsakene er med i alle bøkene. Andre årsaker bøkene legg fram er mellom anna eit stort befolkningsoverskot i Europa, klassekamp, utvikling av medisinar, sosialdarwinisme, rasisme og personlege eigenskapar som nyfikne og forskartrøng hjå europearane. Eit aspekt ved forteljingane vert difor at det er mykje som gjekk føre seg i Europa, og ved å bruke trykkokar-metaforen vil eg seie at det var så mykje som skjedde der at det kokte på kontinentet.

3.1.2 Hurtig tempo


Eit anna fellestrekk ved forteljingane er at koloniseringa skjedde i eit svært hurtig tempo. Hastigheita vert trekt fram i alle lærebøkene. *Undervegs* skriv til dømes at Afrika vart delt opp «på rekordtid.»¹⁶⁰ Særleg koloniseringa av Afrika får eit utprega raskt forløp. Dei fleste lærebøkene nyttar den kjende kappløp-metaforen om skildringa av koloniseringa i Afrika. *Kosmos* har til dømes ei eiga overskrift som lyd «Kappløpet om Afrika» og skriv mellom anna: «Etter konferansen heldt kappløpet om koloniane i Afrika fram med stor fart. Snart var heile Afrika lagd under europeisk styre.»¹⁶¹ Eit kappløp gir klare assosiasjonar til noko som skjer svært fort, og moglegvis også til ein situasjon kor ein rett og slett ikkje har tid til å gjere gode vurderingar, men derimot må handle raskt og kontant for å oppnå målet. Den raske farta og kappløp-metaforen gir slik forteljinga eit eksplosjonsarta preg. «Kappløpet» er samstundes ei narrativ forkorting kor heile koloniseringsprosessen vert redusert til ei forteljing om eitt enkelt kappløp. Ei slik forenkling får koloniseringa til å høyrast endefram ut, og kan minke behovet for ulike vinklingar.

Kartbruken i bøkene medverkar vidare til å skape forteljingar om ei svært hurtig kolonisering. Alle bøkene har to ulike kart over Afrika som syner europeiske koloniar på kontinentet. Dei

¹⁶⁰ *Ibid.*, 212.

¹⁶¹ Nomedal, John Harald og Ståle Bråthen, *Kosmos 9 : samfunnsfag for ungdomstrinnet* Nynorsk utg. (Oslo: Fag og kultur, 2007), 117.

fleste har eit «før»-kart frå rundt 1880 eller tidlegare, og alle fire har eit «etter»-kart frå kring 1914. «Før»-kartet viser eit nesten tomt Afrika med nokre små farga områder langs kysten. «Etter»-kartet syner det som vert eit bilete på fullføringa av europeisk kolonisering i Afrika, og framstår som eit lappeteppje av ulike kolonimakter. Karta demonstrerer effektivt korleis europearane på få år gjekk frå å ha berre litt påverknad langs kysten til å få nærmast total kontroll over kontinentet. Afrika-karta, som får mykje visuell plass i dei fleste bøkene, forsterkar slik inntrykket av raske og total europeisk maktovertaking:



Figur 3 Døme på før- og etter-kart over Afrika (Hellerud og Moen, *Matriks 8 : Historie*, 116)

3.1.3 Verda utanfor Europa ligg i ro

Forteljinga om Europa som boblande og europearane som aktive og raske vert enda tydelegare i kontrast med stoda i resten av verda. I bøkene vert folk utanfor Europa meir statiske og mindre endringsvillige enn europearane, noko som fører til ei kjensle av stillstand. Samstundes verkar samfunna utanfor Europa meir idylliske, og viktigheita av fellesskapen deira vert ofte framheva. Om Afrika skriv *Matriks* til dømes:

Inne i landet budde folk meir spreidd, og dei fleste budde i små landsbyar og dyrka den maten dei trong sjølve. Flesteparten levde i ætte-samfunn, der ætta hadde felles eigedomsrett til jorda. Samhaldet innanfor ætta var viktig. Medlemmene av ætta hjelpte kvarandre og forsvarte kvarandre mot fiendar.¹⁶²

¹⁶² Hellerud, Synnøve Veinan og Sigrid Moen, *Matriks 8 : Historie*, Nynorsk utg. (Oslo: Aschehoug, 2006), 118.

Lesaren får inntrykk av at fellesskapen vert truga då europearane kom. *Undervegs* skriv til dømes slik om kva som skjedde då europearane tok over Kongo: «Før hadde dei dyrka jorda i fellesskap, no vart dei tvinga til å betale skatt til den belgiske kongen.»¹⁶³ Noko liknande skjedde i India: «På landsbygda vart det innført eigedomsrett til jorda slik det var i Storbritannia, mens indarane var vane med å drive jorda i fellesskap. Det britiske systemet førte mange indarar ut i fattigdom.»¹⁶⁴ *Nye makt og menneske* skildrar det som høyrast ut som enkle naturmenneske som levde i pakt med naturen under overskrifta «Afrikanske samfunn»:

Lenger sør på det afrikanske kontinentet var befolkninga ikkje påverka av verken europearar eller asiatar. Dei levde i tusenvis av små og store samfunn, og jorda eigde dei stort sett i fellesskap. Det fanst knapt nokon klasseforskjellar, og det var liten vilje til endring i befolkninga. Desse samfunna unngjekk hungersnaud fordi dei utnytta jorda forsiktig og hadde ei berekraftig jakt på villdyr.¹⁶⁵

På neste side vert denne idyllen truga under det som kan tolkast som ei faretrugande overskrift: «Europearane kjem»¹⁶⁶. Under overskrifta handlar det i hovudsak om handel på 1400- og 1500-talet, men den verkar faretrugande mellom anna fordi ein på førre side har sett eit «før»- og «etter»-kart over Afrika med europeiske koloniar, og lesaren veit difor allereie kva situasjon europearane førte til.

Lærebøkene framhevar at områda utanfor Europa er fulle av naturressursar og skriv mellom anna: «Elfenbein, gull, diamantar og andre edelsteinar var berre nokre av ressursane europearane ønskte å få tilgang til.»¹⁶⁷ og «I Afrika og Asia var det kolossale naturrikdommar som kunne utnyttast: gull og diamantar, uendelege mengder med verdifulle metall, gummi, olje, for berre å nemne noko.»¹⁶⁸ Framhevinga av store mengder urørte naturområder og ressursar skapar ein tydeleg kontrast til Europa, kor teknologisk utvikling står sentralt. Verda utanfor Europa vert assosiert med fredeleg natur.

¹⁶³ Skjønberg, *Undervegs : Historie 8*, 214.

¹⁶⁴ *Ibid.*, 222.

¹⁶⁵ Ingvaldsen, Bjørn og Ingunn Kristensen, *Nye makt og menneske : Historie 8*, Nynorsk utg. (Oslo: Cappelen Damm, 2014), 162.

¹⁶⁶ *Ibid.*, 164.

¹⁶⁷ Ingvaldsen, Bjørn og Ingunn Kristensen, *Nye makt og menneske : Historie 9*, Nynorsk utg. (Oslo: Cappelen Damm, 2015), 13.

¹⁶⁸ Skjønberg, *Undervegs : Historie 8*.

At der er lite som skjer utanfor Europa vert vidare tydeleg ved at europearane møter relativt lite motstand. Eit døme er eit sitat frå erkebiskop Desmond Tutu, som både *Kosmos* og *Matriks* har teke med:

When the missionaries came to Africa
they had the Bible and we had the land.
They said 'Let us pray.'
We closed our eyes.
When we opened them
we had the Bible and they had the land.¹⁶⁹

Sitatet, som openbart er kritisk til europeisk åtferd i Afrika, bygger opp under eit inntrykk av at europearane møtte lite motstand hjå folket dei koloniserte. Det er også enda eit døme på korleis koloniseringa vert framstilt som noko som skjedde umåteleg raskt, i dette sitatet bokstavig tala på ein augeblink. Afrikanarane vert her heilt hjelpelause og svært mottakelege for europeisk påverknad.

3.1.3.1 Afrika som illustrerande for imperialismen

Av dei koloniserte områda er det samla sett Afrika som får mest merksemd. Alle lærebøkene har ein generell del om bakgrunnen for europeisk imperialisme, som i utgangspunktet ikkje har ei spesifikk geografisk tilknytning. Den generelle delen om imperialisme vert likevel særleg knytt til Afrika, både gjennom fleire døme derfrå og ved at dei fleste illustrasjonane vert lenka til Afrika. Kjende kolonisorar i Afrika som Cecil Rhodes eller Henry Morton Stanley får til dømes betydeleg plass i illustrasjonane. Den kjende karikaturen *The Rhodes Colossus*, som syner Rhodes som står med ein fot i kvar ende av Afrika, vert i nokre av bøkene brukt som illustrasjon for imperialismen generelt. Slik vert Afrika det geografiske området omgrepet imperialisme først og fremst vert kopla til, noko som gjer at forteljningane om imperialisme generelt vert prega av korleis koloniseringa av Afrika vert framstilt.

¹⁶⁹ Nomedal og Bråthen, *Kosmos 9 : samfunnsfag for ungdomstrinnet* 117.



Europa erobrar verda

Figur 4 Karikaturen «The Rhodes Colossus». (Nomedal og Bråthen, *Kosmos 9 : Samfunnsfag for ungdomstrinnet*, 108)

I forteljningane vert Afrika det området kor europeisk makt vert sterkast og tydelegast. Bøkene har til dømes fleire kart over Afrika som markerer kolonimaktene områder. Karikaturen av Cecil Rhodes som ruvar over Afrika styrkar biletet av Afrika som totalt dominert av Europa. Gjennom fleire illustrasjonar av afrikanarar som offer, som til dømes fotografi av vaksne og barn med avkappa armer eller bilete frå ein flyktningleir, vert afrikanarar særleg lidande for europeisk imperialisme. Vidare er det få skildringar av afrikansk historie før europearane kom. Inntrykket av at det ikkje fanst så mykje historie i Afrika frå før gjer at det vert lett å sjå for seg at det ikkje skjedde noko der, og at det dimed var lettare for europearane å strøymde uhindra utover kontinentet. Fleire skildringar viser til korleis europearane behandla Afrika som eit objekt. *Undervegs* har til dømes overskrifta «Europa blir eigar av Afrika»¹⁷⁰ og skriv om delinga av kontinentet: «Dei landa som grafsa til seg den største delen av kaka, var Storbritannia og Frankrike.»¹⁷¹ I kappløpet vert Afrika ein premie kolonimaktene kunne gjere som dei ville med. *Kosmos* skriv:

¹⁷⁰ Skjønberg, *Undervegs : Historie 8*, 211.

¹⁷¹ *Ibid.*, 212.

Med blyant og linjal teikna deltakarane eit nytt kart over Afrika. Dei tok ikkje omsyn til dei menneska som budde der. Folkegrupper som hadde levd saman i mange hundre år, måtte no bu i ulike land. Andre stader kunne folk som hadde vore fiendar i årevis, ende opp i same land. Imperialismen utløyste derfor nye konflikhtar i befolkninga.¹⁷²

Når Afrika, som det området kor europeisk imperialism var mest omfattande, vert eit symbol for heile imperialism fungerer det til å gjere europearane enda meir dominerande i forteljninga. Europearane vert omsynslause, medan afrikanarar vert hjelpelause.

3.1.4 Imperialismen som uunngåeleg

I forteljningane verkar imperialismen på mange måtar uunngåeleg. Dei mange årsakene europearane hadde til å kolonisere, som til dømes industrialisering, behov for ressursar og ønske om makt, bidrar til det. Med så mange årsaker vert det lett å tenke at det ikkje var anna å vente enn at europearane kom til å kolonisere. Det framstår heller ikkje som om det var så mykje nokon kunne ha gjort for å stanse koloniseringa. *Kosmos* skriv til dømes at når europeiske finansinstitusjonar sende pengar for å utvinne råstoff og utnytte arbeidskraft i koloniane var dei så sterke at: «Denne kapitaleksporten lét seg ikkje stanse av landegrenser.»¹⁷³ Vidare innleier fleire av bøkene tekstane om imperialism ved å vise til at fenomenet ikkje er noko nytt. Slik får ein inntrykk av at samfunnet «alltid» har vore slik, og at imperialism difor er del av ei større, naturleg utvikling. *Undervegs* skriv til dømes: «Mektige herskarar har alltid prøvd å få kontroll over andre land.»¹⁷⁴ Andre spesifiserer at det er noko europearane har drive med lenge. *Kosmos* skriv: «Heilt sidan dei store oppdagingane på 1500-talet har europearane herska i andre land.»¹⁷⁵ Ein naturleg prosess er ikkje så lett å stanse når det i denne metaforen kokar over. Formuleringar som «imperialismens tidsalder»¹⁷⁶ får imperialismen til å høyrast ut som han er bestemt på førehand. Forteljningane om imperialismen gjer han slik til noko nærmast ustanselig.

Samstundes som imperialismen får lange røter understrekar bøkene at perioden skil seg frå tidlegare, og at det som skjedde då er noko heilt nytt. *Undervegs* skriv til dømes: «Men dei europeiske erobringane av Afrika og Asia på 1800-talet saknar likevel sidestykke.»¹⁷⁷ Det

¹⁷² Nomedal og Bråthen, *Kosmos 9 : samfunnsfag for ungdomstrinnet* 117.

¹⁷³ *Ibid.*, 116.

¹⁷⁴ Skjønberg, *Undervegs : Historie 8*, 201.

¹⁷⁵ Nomedal og Bråthen, *Kosmos 9 : samfunnsfag for ungdomstrinnet* 116.

¹⁷⁶ Hellerud og Moen, *Matriks 8 : Historie*, 100.

¹⁷⁷ Skjønberg, *Undervegs : Historie 8*, 203.

bidrar til at forteljingane om imperialismen også handlar om noko særleg valdsamt og eksepsjonelt.

Bøkene konsentrerer seg om årsakene til koloniseringa, og har få konkrete skildringar av korleis sjølve koloniseringa føregjekk. Mangelen på skildringar av korleis europearane gjekk fram for å opprette koloniar gjer at det verkar som om det nærmast var automatikk i at områder vart koloniserte då europearane kom. I fleire tilfelle vert store delar av koloniseringsprosessen redusert til vage setningar som «Mellom 1870 og 1914 la nokre europeiske land under seg store delar av Asia og nesten heile Afrika»¹⁷⁸ og «Dei europeiske landa delte opp Afrika sør for Sahara»¹⁷⁹, eller koloniane vert resultat av det tidlegare nemnte «kappløpet». Ein effekt av slike formuleringar er at koloniseringa høyrast meir naturleg ut, som om det skjedde av seg sjølv. Det vert lite rom for forteljingar om motstand eller hindringar. Få skildringar av korleis europearane tok koloniar gjer samstundes europeisk kolonisering og dominans til noko sjølv sagt, nærmast naturgitt, fordi det vert noko så openbart at det ikkje er behov for nærmare forklaring. Samla medverkar det til å gi forteljingane eit deterministisk preg.

3.1.5 Dominerande europeiske menn

Europeiske imperialistar er dei sentrale aktørane i forteljingane om imperialismen og dei vert framstilt som svært mektige. Overskrifter som «Europa erobrar verda»¹⁸⁰ og formuleringar som «Det fanst knapt eit område på jorda der folk ikkje fekk merke makta til 'den kvite mannen'.»¹⁸¹ bidrar til det inntrykket. Det same gjer dei mange karta som med sterke fargar syner europeiske områder. Mangel på motstand i forteljingane stadfestar vidare makta deira. Forteljingane handlar først og fremst om europeisk makt, og vert avslutta med at europearane har etablert koloniane sine. Slik vert inntrykket av europearane som mektige styrka, fordi dei vert avslutta når europearane er på sitt mektigaste. Sjølv kolonitida vert i stor grad utelatt frå forteljingane. Å rette søkelyset mot okkupasjonen av koloniar heller enn kolonitida bidrar til ei forteljing som handlar om europearar, kor innbyggjarar i koloniane vert mindre sentrale.

Eit fellestrekk ved europearane i forteljingane er at dei nesten alle menn. Kvinner kjem nokre gongar til synes i illustrasjonane, som misjonærar eller som dronning Victoria. Då vert ofte

¹⁷⁸ Hellerud og Moen, *Matriks 8 : Historie*, 101.

¹⁷⁹ Skjønberg, *Undervegs : Historie 8*, 212.

¹⁸⁰ Nomedal og Bråthen, *Kosmos 9 : samfunnsfag for ungdomstrinnet*

¹⁸¹ Skjønberg, *Undervegs : Historie 8*, 205.

kjønnet poengtert, som i bilettekstane «Victoria var ei svært myndig dame»¹⁸² eller «Kvit kvinne i Afrika.»¹⁸³ Språket knyter europeisk makt til maskulinitet gjennom å nytte ord som «herredømme» og «koloniherre» om europeisk kontroll over koloniar. Det mannlege vert til norma, til dømes i *Matriks* si skildring av eit opprør i India: «Soldatane drap britiske offiserar og andre britar, også kvinner og barn.»¹⁸⁴ Sitatet er også eit døme på korleis framstillinga av europeisk makt vert samantiltra med ein hegemonisk maskulinitet som fremmar stereotypiske maskuline verdiar, kor «kvinner og barn» vert personar ein skal passe på. Ei slik haldning vert ikkje del av ei historisering av aktørane, men som noko som er gitt, også i dag.

Europearar vert dei dominerande i forteljningane på fleire måtar. Bøkene skildrar mange kulturmøter i imperialismen, og i møta vert europearane ofte dei sentrale aktørane. Om eit militært slag i Sudan skriv *Matriks* til dømes: «Britane drap om lag 11 000 personar og mista sjølve 368.»¹⁸⁵ *Undervegs* skriv liknande om same slag: «I eit slag ved byen Omdurman i Sudan i 1898 meia britiske troppar ned om lag 11 000 mann, sjølv hadde britane 49 falne.»¹⁸⁶ Her vert britane både dei som drap og dei som vart drepne.

Ein annan måte europearane vert dominerande på er ved at dei ofte vert norma i bilettekstar. Det skjer når biletteksta berre nemner europearar på bilete kor det også er fleire andre personar. Bilettekstar fortel lesaren kva som er viktig med biletet, og når det er europearar som vert nemnt er det dei blikket til lesaren rettast mot. Slik formidlar bøkene ei vurdering av kva perspektiv som er viktige i forteljinga. Ein bilettekst til eit fotografi i *Undervegs* lyd til dømes: «Kvit kvinne i Afrika, på øya Madagaskar. Det er den norske læraren Aagoth Kjeldseth, som i 1896 drog for å arbeide på ein internatskole for jenter i hovudstaden Antananarivo (før: Tananarive).»¹⁸⁷ I tillegg til Kjeldseth er det seks afrikanske personar på biletet, kor av fire ber berestolen Kjeldseth sit i. Dei vert ikkje nemnt i teksta. I eit slikt kjeldemateriale vil det ofte vere tilfelle at forfattaren ikkje kjenner identiteten til andre enn europearane på bileta. Formuleringar som utelet andre enn europearar heilt frå biletteksten er med på å ytterlegare usynleggjere ikkje-europeiske personar, og følgeleg framheve europearane.

¹⁸² *Ibid.*, 200.

¹⁸³ *Ibid.*, 205.

¹⁸⁴ Hellerud og Moen, *Matriks 8 : Historie*, 109.

¹⁸⁵ *Ibid.*, 118-119.

¹⁸⁶ Skjønberg, *Undervegs : Historie 8*, 215.

¹⁸⁷ *Ibid.*, 205.

Kartbruken i bøkene er eit anna døme på at europeiske perspektiv vert sentrale i lærebøkene. Som nemnt har bøkene med fleire kart over Afrika. «Før»-karta er i hovudsak i nøytrale fargar som grå eller beige, medan europeiske koloniar i «etter»-karta har sterke fargar. Karta syner få eller ingen afrikanske namn før kolonitida, noko som gjer at kontinentet ser tomt ut før europearane bokstavig talt fargar kartet. Fargebruken forsterkar inntrykket av at det ikkje fanst noko på kontinentet før europearane kom. Karta syner slik at dei har europeiske perspektiv i tilfelle som let til å vere nøytrale. Kart vert gjerne oppfatta som objektive eller som refleksjonar av røynda,¹⁸⁸ og det er difor ikkje openbart for lesaren at karta i lærebøkene formidlar eit europeisk perspektiv. Fordi ein ser på karta som nøytrale heller enn eitt perspektiv blant fleire, vert det europeiske til norma. Det bidrar til å gjere det europeiske perspektivet til det sentrale i møter mellom kulturar.

3.1.5.1 Valdelege sideaktørar

Imperialistane i bøkene er i hovudsak vesteuropearar. Dei vert omtala som generelle grupper europearar eller etter nasjonalitetar. Det er også nokre individ som særleg vert synlege i illustrasjonar, som dronning Victoria og imperialistar som Cecil Rhodes og Henry Stanley. Storbritannia har den største og viktigaste rolla, medan Frankrike vert ein klar nummer to. Andre europeiske land, som Nederland, Portugal, Italia og Spania vert mest nemnt i oppramsingar av land. Belgia og Tyskland får noko meir plass som sideaktørar, og då særleg som døme på valdeleg kolonisering. Det er relativt få valdsskildringar i tekstane om imperialisme.

Tre av bøkene trekk fram Kongo som døme på europeisk brutalitet, og dei illustrerer det alle med fotografi av menneske med avkappa armar. *Matriks* skildrar situasjonen i Kongo slik: «Måten Leopolds Kongo vart styrt på, var så gruffull at det vart internasjonal skandale då det vart kjent i Europa. Derfor tok den belgiske staten over Kongo som vanleg koloni i 1908 og gjorde slutt på overgrepa. I dei fleste koloniane vart trass alt folket behandla ganske bra.»¹⁸⁹ Vald i koloniane vert slik til noko meir usedvanleg, *Undervegs* kallar Kongo «Ei heilt spesiell kolonisering»¹⁹⁰. Brutalitet i Namibia er eit anna døme nokre av bøkene trekk fram. *Undervegs* skriv mellom anna: «Tyskarane slo ned opprøret og dreiv titusenviis av menneske ut i ørkenen,

¹⁸⁸ Rød, Jan Ketil, *Innføring i GIS og statistikk : verktøy for å beskrive verden*, 2. utg. (Bergen: Fagbokforlaget, 2017), 245.

¹⁸⁹ Hellerud og Moen, *Matriks 8 : Historie*, 119.

¹⁹⁰ Skjønberg, *Undervegs : Historie 8*, 214.

der dei fleste døydde av svolt og tørst.»¹⁹¹ *Kosmos* skriv: «Somme stader var erobringa til europearane og styret deira svært brutalt. Både styret i Belgisk Kongo (i dag Den demokratiske republikken Kongo) og Tysk Sørvest-Afrika (dagens Namibia) vart berykta. Store delar av befolkninga vart utrydda.»¹⁹² I døma på vald som er teke med er det i hovudsak tilfelle kor sideaktørane Belgia og Tyskland vert ansvarlege. Det gjer at vald ikkje vert ein strukturell del av koloniseringa. Vald vert ein uheldig biverknad av dårleg gjennomført imperialism, men ikkje nødvendigvis ein grunnleggjande del av han. Det vesle fokuset på vald forsterkar inntrykket av europearar som strøynde utover verda utan mykje motstand. Makt og dominans står sentralt, men når det er sideaktørane som utfører valden gjer det at forteljingane ikkje først og fremst vert valdelege.

3.1.6 Oppsummering av fellestrekk i forteljingane

Fellestrekk ved lærebøkene forteljingar om imperialism er at dei handlar om mektige vesteuropearar som raskt og valdsamt spreidde seg utover verda utan mykje motstand og hindringar. Det skjedde som resultat av høgt press i Europa, og ein metafor som ein trykkokar er difor nyttig for å forstå forteljingane. Europearane vert dei dominerande i forteljingane og vert slik til drivkraftene i historia, medan andre vert mindre delaktige. Nokre ikkje-europeiske aktørar får plass, men fleire bidrar likevel til å stadfeste ei forteljing om mektige europearar. Slik vert til dømes sitatet frå Desmond Tutu, som kan tolkast som eit forsøk på å bringe inn andre perspektiv enn europeiske, i realiteten også eit bidrag til ei forteljing om afrikanarar som hjelpelause ofre, medan europearane i kontrast vert aktive og mektige. Eg vil vidare ta for meg nokre særtrekk ved dei ulike bøkene, derunder vil eg også gå nærmare inn på korleis dei ulike gruppene vert framstilt.

3.2 Kosmos

Kritikk mot europeisk imperialism vert ein særleg viktig del av forteljinga i *Kosmos*. Følgjene av imperialismen vert til dømes illustrert med eit svært kritisk sitat frå boka *Jordens fordømte* av Frantz Fanon: «I hundrevis av år har Europa hindret andre menneskers fremskritt for å fremme sine egne interesser og øke sin egen storhet. I hundrevis av år har de snakket om sine

¹⁹¹ *Ibid.*, 215.

¹⁹² Nomedal og Bråthen, *Kosmos 9 : samfunnsfag for ungdomstrinnet* 121.

åndelige landevinninger mens det har hindret praktisk talt hele menneskeheten å puste.»¹⁹³ Her vert det formidla at europearane har vore egoistiske og grådige, og at dei har vore dobbeltmoraliske ved å snakke om «åndelige landevinninger». Samstundes vert sitatet eit døme på at europearane vert framstilt som svært mektige, her med makt over heile menneskeheita.

Kosmos skil kort mellom imperialistar og misjonærar, og forklarar: «Mange kristne handla i beste meining. Dei ønskte verkeleg å hjelpe, men dei vart ofte ein reiskap for imperialistane.»¹⁹⁴ Her vert den kritiske forteljinga i *Kosmos* tydeleg. Forfattarane avseier ein dom over fortida, over imperialistane, og gir slik ei klar retninga om at sånn skal ein ikkje handle.

Kosmos er den boka som er mest kritisk til europeisk imperialisme. Boka gir samstundes minimalt med plass til ikkje-europeiske aktørar og det er det få andre enn europearar som utøver handlingar. Andre grupper vert lite synlege, med unntak av som offer. Eit talande døme er skilnaden mellom korleis *Kosmos* og *Matriks* skildrar samarbeid mellom kolonimakter og afrikanarar. *Kosmos* skriv: «Ein vanleg metode for å skaffe seg kontroll var å setje folk opp mot kvarandre. Europearane lova å støtte ei av gruppene i ein konflikt mot å få visse rettar. På denne måten brukte europearane afrikanarane som eit våpen i koloniseringa.»¹⁹⁵ Medan *Matriks* i kontrast skriv: «For ein del afrikanske herskarar, som kong Lobengula, innebar koloniseringa at dei mista makt. Men andre herskarar fekk auka makt gjennom å alliere seg med europearane mot gamle fiendar.»¹⁹⁶ I *Kosmos* si forteljing vert afrikanarar utnytta av europearar, medan i *Matriks* vert samspelet skildra meir som eit aktivt val for afrikanarane. Ikkje-europearar vert slik mindre synlege i forteljinga i *Kosmos*, noko som også vert forsterka gjennom at fleire har lite synlege og uklare, mørke andlet i illustrasjonane:

¹⁹³ *Ibid.*

¹⁹⁴ *Ibid.*, 117.

¹⁹⁵ *Ibid.*, 121.

¹⁹⁶ Hellerud og Moen, *Matriks 8 : Historie*, 119.



Figur 5 Døme på bilete av utydelege afrikanarar (Nomedal og Bråthen, *Kosmos 9 : samfunnsfag for ungdomstrinnet*, 116)

Kosmos forklarar at imperialisme framleis finst i dag, og forklarar skilnaden på militær, økonomisk og kulturell imperialisme. Slik viser boka kontinuitet fram til dagens samfunn:

Men mange av dei tidlegare koloniane vert framleis utsette for økonomisk og kulturell imperialisme. Dei vestlege industrilanda er mektige og bestemmer reglane for den internasjonale handelen. (...) Dei råvareproduserande landa vert verande fattige, medan industrilanda vert rikare.¹⁹⁷

I kritikken er tropen *inkje nytt under sola* tydeleg til stades. Det som skjedde under imperialismen skjer framleis i dag, og det vert her liten grunn til å tru at det skal endre seg. *Kosmos* innleier også kapittelet med å konstatere at: «Du skal få sjå at denne perioden handlar om at land ønskjer å herske over andre land.»¹⁹⁸ Imperialisme vert noko uunngåeleg. Det har skjedd før og skjer framleis, men er likevel kritikkverdig. Kapittelet avsluttar med: «Dei vestlege landa spreier kulturen og tenkjemåten sin ved å setje visse krav for å drive handel og gje økonomisk bistand.»¹⁹⁹ *Kosmos* formidlar her ein skepsis til bistand, fordi det vert meir av det same som imperialismen har stått for. Bistand vert ikkje ei løysing, samstundes gir forteljinga uklare handlingsalternativ. Kritikken skapar eit behov for endring, men korleis ein skal få det til er uvisst.

¹⁹⁷ Nomedal og Bråthen, *Kosmos 9 : samfunnsfag for ungdomstrinnet* 121.

¹⁹⁸ *Ibid.*, 116.

¹⁹⁹ *Ibid.*, 121.

3.3 Undervegs

Undervegs har lengre tekstar enn dei andre lærebøkene, og skil seg tematisk ved å gi meir merksemd til Kina, Japan og Latin-Amerika innanfor imperialisme-ramma. Forfattaren har ein til tider ironisk tone i skildringa av aktørane i forteljinga og skriv til dømes: «Europearane, herskarane over verda, stod ikkje saman i erobringa av andre verdsdelar. Tvert imot!»²⁰⁰ og «I 1877 vart dronninga deira, Victoria, utropt til 'keisarrinne av India'. Fint skulle det vere!»²⁰¹ Den ironiske tonen bidrar til å skape avstand til aktørane og til at tropen *då er heilt annleis enn no* vert framtrudande. Det fortel lesaren at slik er ikkje *vi* i dag, og difor treng heller ikkje europearanes mistak vere relevante for oss i dag. Vi vert det *dei* ikkje er, og når *Undervegs* skriv: «Europearane kjende seg ofte høgt heva over andre folkeslag. Dei såg på seg sjølv som meir kunnskapsrike, meir moralske og meir intelligente.»²⁰² vert det i kontrast til no. I dag trur vi ikkje at vi er betre enn andre, slik europearane trudde før.

Europas vekst vert sentralt i *Undervegs* si forteljing. Imperialismen vert presentert som eit høgdepunkt for europeisk makt innleiingsvis: «Aldri, verken før eller sidan, har Europa vore mektigare enn i perioden 1850-1914. Denne minste verdsdelen dominerte verda.»²⁰³ *Undervegs* forklarar at Kina allereie hadde sitt maktmessige høgdepunkt tidlegare, og at dei i denne perioden måtte sjå seg forbigått av europearane. Slik fungerer Kina til å understreke Europas dominans i perioden, og europeiske særpreg som nyfikne og utfartstrong vert særleg tydeleg i kontrast. *Undervegs* samanliknar til dømes kinesarane med europearane slik: «Dei var ikkje like nyfikne og hadde ikkje den same forskartrongen som europearane, og det var denne nyfikna, denne iveren etter å lære stadig meir, som gjorde at europearane gjekk framover i kunnskap og kompetanse.»²⁰⁴ Kinesarane vert derimot lite endringsvillige: «Slik var det i Kina. Og slik skulle det vere til evig tid, trudde dei fleste kinesarar.»²⁰⁵

Skildringa av Japan vert kontrastert med Kina: «Det kunne verke som Japan skulle få den same sørgjelege lagnaden som Kina. Men utviklinga skulle ta ein heilt anna veg.»²⁰⁶ I *Undervegs* si forteljing syner utviklinga i Japan korleis det gjekk med eit land som tok til seg vestleg påverknad. Etter at USA tvang fram handelssamkvem mellom landa starta «ei utruleg utvikling

²⁰⁰ Skjønnsberg, *Undervegs : Historie 8*, 203.

²⁰¹ *Ibid.*, 221.

²⁰² *Ibid.*, 204.

²⁰³ *Ibid.*, 137.

²⁰⁴ *Ibid.*, 206.

²⁰⁵ *Ibid.*, 226.

²⁰⁶ *Ibid.*, 229.

i det lukka, isolerte Japan.»²⁰⁷ Kulturmøta fekk slik eit positivt utfall, og ein viktig grunn var at Japan tok til seg vestlege verdiar. Når det vidare står at «Japan hadde nokre fordelar alt før amerikanarane og europearane kom til landet»²⁰⁸ fungerer det til å understreke at det først og fremst var vestleg påverknad som sto bak den utrulege utviklinga. Ei slik positiv utvikling som resultat av vestleg påverknad held fram i *Undervegs 10. Undervegs* framhevar likevel ein viktig skilnad mellom Japan og Vesten: «Japan hadde stor framgang på dei fleste områda, men noko demokrati var landet ikkje.»²⁰⁹ Demokrati markerer eit skilje og vert ein viktig målestokk på utvikling. I tillegg til vestleg påverknad vert nasjonalstat-trekk ein viktig del av forklaringa på kvifor Japan klarte seg bra:

Grensene mellom Japan og andre land var klare, det var ikkje flytande grenser slik det til dømes var mellom ulike stammer i Afrika. Innbyggjarane følte seg som japanarar og hadde lojalitet til landet sitt. Utdanningsnivået var ganske høgt alt før europearane kom. Rundt halvparten av folket kunne lese og skrive. Det var gode vegar og gode rutinar for å krevje inn skatt.²¹⁰

Afrika vert trekt fram som ein kontrast til Japan. Om Afrika skriv *Undervegs* mellom anna: «Mange stader i Afrika hadde det rådd kaos, stammekrigar og brutalitet. Europeisk styre kunne føre til meir orden og tryggleik.»²¹¹ Europa vert slik assosiert med orden og tryggleik. Det vert ikkje nærmare forklart kvifor og framstår slik som sjølv sagt. Kina oppnådde ikkje slik orden: «Men ro og orden skulle det enda ikkje bli i det veldige landet.»²¹² Afrika og Kina vert urolege områder, noko som framhevar at europearane står for orden. Europa vert tydeleg ein kultur som påverkar andre. I ein bilettekst til eit måleri malt på Tahiti av ein fransk kunstnar står det: «Europa fekk innverknad på resten av verda – men resten av verda fekk også innverknad på Europa!»²¹³ Her vert det påpeika at Europa også kunne bli påverka av andre, men norma vert likevel at innverknad generelt spring ut frå Europa.

Religion vert ein viktig identitetsmarkør i *Undervegs*, og forfattaren skriv mellom anna: «Kampen mellom dei muslimske algeriarane og dei kristne franskmennene vart ofte spesielt brutal fordi dei stridande partane hadde ulik religiøs tru.»²¹⁴ I skildringa av India framhevar

²⁰⁷ *Ibid.*, 230.

²⁰⁸ *Ibid.*, 231.

²⁰⁹ *Ibid.*

²¹⁰ *Ibid.*

²¹¹ *Ibid.*, 216.

²¹² *Ibid.*, 228.

²¹³ *Ibid.*, 206.

²¹⁴ *Ibid.*, 212.

Undervegs også religion og særpreg ved indisk kultur, og boka har ei eiga infoboks om det indiske kastesystemet. Lange tradisjonar vert eit viktig trekk ved India, og *Undervegs* skriv til dømes: «Britane såg på India med den store befolkninga, den gamle kulturen og dei veldige rikdommane som den aller gjevaste kolonien sin»²¹⁵ Modernisering vert ein sentral del av britanes aktivitet i Asia: «Britane gjorde mykje for å modernisere det veldige landet. Det vart bygd vegar, kanalar og jernbanar og oppretta skolar og universitet. Fælslege skikkar som enkjebrenning og barneofring vart forbodne, og slaveriet vart avskaffa.»²¹⁶ I kontrast vert britane symbol på modernitet, medan tradisjon vert viktige trekk ved indarar. *Undervegs* forklarar at religion var bakgrunnen for opprøret frå indiske soldatar i 1857:

Før opprøret i 1857 vart det spreidd rykte blant dei indiske soldatane om at britane smurde inn patronane med grisefeitt og kufeitt. Soldatane hadde ulik tru, somme var muslimar, andre hinduar. Men grisen er urein for muslimane, og kua er heilag for hinduane, så begge gruppene vart rasande på britane.²¹⁷

Indiske opprørarar vert dei første som grip til vald. Kampene var langvarige og begge partar vert skildra som valdelege. Skildringa av opprøret gjer koloniseringa av India til noko mindre sjølvstendige fordi det syner sterk motstand mot kolonimaktene. I Kina vert boksaropprøret trekt fram. Samanlikna med Afrika vert protestar mot kolonistyret ein viktigare del av forteljinga i Asia.

Undervegs er oppteken av å få fram både positive og negative sider ved imperialismen og skriv til dømes: «Men ingen må tru at det berre var grådighet og ondskap som dreiv europearane. Mange reiste rett og slett ut for å hjelpe folk i andre verdsdelar. Ofte gjorde dei det fordi dei var kristne.»²¹⁸ Samstundes vert også misjonæranes rolle problematisert: «Men misjonæranes mangla ofte respekt for skikkane og tradisjonane til lokalbefolkninga og kunne vere hovmodige overfor dei innfødde.»²¹⁹ Europearane vert slik ei nyansert gruppe.

I eit kort kapittel om Latin-Amerika skriv *Undervegs* at sjølv om landa der vart sjølvstendige tidlegare, så vart dei likevel utsette for imperialisme. Her kjem USA inn som ein imperialist. Forfattaren framstår svært kritisk til USA og skriv til dømes: «USA var vandt til å få det som

²¹⁵ *Ibid.*, 221.

²¹⁶ *Ibid.*

²¹⁷ *Ibid.*, 222.

²¹⁸ *Ibid.*, 204.

²¹⁹ *Ibid.*

landet ville i Latin-Amerika»²²⁰. Eit meksikansk ordtak som er framheva i margin vitnar også om ei negativ haldning til USA, samstundes som Mexico kjem i ei offerrolle: «Stakkars Mexico, Så langt frå Gud og så nær USA.»²²¹

Undervegs framhevar den samansette befolkninga i Latin-Amerika som ein ressurs og understreker at det ikkje er det som har ført til problem i regionen:

Det har vore alvorlege motsetningar og store konflikhtar i Latin-Amerika heilt fram til i dag. Men motsetningane har hatt lite med rase å gjere. Ulike etniske grupper – kvite, svarte og indianarar – har levd saman utan store motsetningar og har blanda seg med kvarandre i hundrevis av år.²²²

Undervegs si skildring av regionen vert likevel mest prega av problema der. Alle dei tre illustrasjonane i kapittelet om Latin-Amerika viser til dømes valdsbruk og våpen. Under overskrifta «Godseigarar, generalar og brutale presidentar» forklarar *Undervegs* at nokre små grupper har hatt svært mykje makt:

Presidentane styrte oftast med hard hand. Dette førte sjølvsagt til motstand og uro. Indianarane gjorde stadig opprør. Frå gammalt av hadde dei drive jorda i fellesskap. Mykje av godseigarjorda hadde tidlegare vore deira, og mange stader kjempa indianarane for å få jorda tilbake. Men dei vart alltid slått ned, ofte med stor brutalitet.²²³

I kontrast til Afrika og Asia vert det her «sjølvsagt» at befolkninga gjorde opprør mot undertrykkinga. Slik liknar framstillinga av urbefolkninga den dei får i oppdagingsreisene, som menneske ein kan forvente motstand frå. *Undervegs* forklarar at problema i Latin-Amerika varte lenge: «Heilt fram til 1990-åra har latinamerikanske land vore herja av blodige borgarkrigar.»²²⁴ Kapittelet vert avslutta med krigen i Paraguay:

Under denne krigen døydde rundt 90 prosent av mennene og 50 prosent av kvinnene i Paraguay. Britiske bankar støtta dei tre landa som gjekk til åtak med store pengesummar. Når dei støtta desse tre, hadde bankane håp om å få kontroll over store naturressursar som takk for hjelpa.²²⁵

«som takk for hjelpa» er eit anna døme på den ironiske tilnærminga *Undervegs* har til europearane og syner korleis forfattaren skapar avstand til aktørane i forteljninga. Gjennom å

²²⁰ *Ibid.*, 238.

²²¹ *Ibid.*

²²² *Ibid.*, 239.

²²³ *Ibid.*

²²⁴ *Ibid.*, 241.

²²⁵ *Ibid.*

framstille dei som heilt annleis enn no, skapar det også ei framstilling om at det ikkje er slik ein er i dag. Orienteringa vert at *vi støttar ikkje land i krig.*

Samla vert Latin-Amerika del av ei nedgangsforteljing som held fram i *Undervegs 10* si forteljing om avkoloniseringa i Afrika, kor det er mykje søkelys på problem og brutalitet i dei sjølvstendige landa. Sett i samband med *Undervegs 10* vert skildringa av Latin-Amerika første del av ei forteljing kor europeisk ekspansjon vert som ein *omvend u*, kor frigjering fører med seg nedgangstider. Imperialismen syner europeisk makt på eit høgdepunkt av ein slik omvend u, noko som mellom anna vert styrka av at dei har gått forbi Kina i utvikling. I tida etter avkoloniseringa kjem Kina derimot tilbake att i forteljinga som ein mogleg konkurrent.

Gjennom ei forteljing som liknar tropen *då er heilt annleis enn no* får ikkje hendingane under imperialismen stor innverknad på dagens samfunn, fordi lesaren i dag forstår at vi ikkje lenger trur vi er betre enn andre. Ein viktig funksjon med *Undervegs* si forteljing vert difor som ein kontrast til i dag.

3.4 Matriks

I *Matriks* utgjer aktørar utanfor Europa ein større del av forteljinga enn i *Kosmos* og *Undervegs*. Til skilnad frå dei andre bøkene startar *Matriks* forteljinga om imperialismen med eit konkret døme på korleis koloniseringa kunne gå føre seg. Kapittelet om imperialisme startar med å skildre korleis kong Lobengula av Matabeleland opplevde koloniseringa. *Matriks* siterer eit brev kongen sendte til dronning Victoria, kor han forklarte at han var blitt lurt til å gi frå seg landet sitt. Kongen framstår lettlurt og europearane som sleipe og utspekulerte:

Eit dokument vart utferda og lagt fram for meg til underskrift. Eg spurde kva det inneheldt, og fekk vite at der stod det det vi hadde tala om. Eg sette teiknet mitt under papiret. Om lag tre månadar seinare hørde eg frå andre at eg gjennom dette hadde gitt frå meg rettane til alle mineral i landet mitt.²²⁶

Kongen vert her eit naivt og uskuldig offer. Det urettferdige i situasjonen vert vidare understreka i ein bilettekst: «Kong Lobengula av Matabeleland (ca. 1833-94) styrte landet sitt

²²⁶ Hellerud og Moen, *Matriks 8 : Historie*, 162.

godt i mange år, men til slutt vart han lurt, og pressa til å overlata makta til briten Cecil Rhodes.»²²⁷

I likskap med *Undervegs* verkar *Matriks* oppteken av å få fram både positive og negative sider ved imperialismen. Eit sitat frå Ghanas president Kwame Nkrumah er svært kritisk: «(...) Under denne kapp plyndra europearane kontinentet for store rikdommar og påførte det afrikanske folket ufattelege lidingar.»²²⁸ Medan eit sitat frå «afrikanaren» Rashid bin Hassani, som også er med i *Undervegs*, nyanserer kritikken mot imperialistane: «Eg høyrer somme unge menneske klage over at dei må betale skatt, men eg kan fortelje at det er betre å betale skatt enn å risikere å ende sine dagar på ein spydspiss eller å bli seld som slave og plaga til døde.»²²⁹ Misjonærane vert eit anna døme på positivt påverknad frå europearane: «Misjonærane gjorde mykje positivt. Dei bygde skular og spreidde kunnskap om hygiene, medisin og jordbruksmetodar. Men dei mangla ofte respekt for kulturen i landa dei kom til.»²³⁰ Her kjem det fram at det ikkje nødvendigvis var dei europeiske verdiane det var noko gala med, men europearane vert kritiserte for mangel på respekt for andre og dårlig utføring av koloniseringa. *Matriks* skriv vidare: «Kolonimaktene bygde skular og medverka til at mange afrikanarar fekk ei moderne utdanning. Det var likevel berre eit fåtal av innbyggjarane som hadde glede av dette.»²³¹ Her kan ein forstå at koloniseringa kunne ha ført til gode utfall, men at europearane ikkje lét alle få ta del i den moglegheita. Det låg eit potensiale i kulturmøta som ikkje vart utnytta godt nok. I kritikken av imperialismen antydar *Matriks* ei underliggande forståing av nasjonalstat som ein god måte å organisere statar på. Eit slikt ideal fanst i Europa:

I Europa stod nasjonalismen sterkt på denne tida. Nasjonalistane meinte at eit folk som hadde same språk, kultur og historie, hadde rett til å styre seg sjølv i sitt eige land. Men når det galdt Afrika, brydde ikkje europearane seg om desse tankane. Afrikanarane utgjorde fleire hundre etniske grupper med ulik kultur og ulike språk. Grensene som europearane drog opp i Afrika, tok ikkje omsyn til dette. Resultatet var at befolkninga i dei einskilte koloniane ofte var samansett av ulike folkeslag med forskjellig språk og kultur, og som kanskje hadde kriga mot kvarandre i generasjonar. Dette skapte mange problem for koloniane etter at dei vart sjølvstendige land.²³²

²²⁷ *Ibid.*, 100.

²²⁸ *Ibid.*, 118.

²²⁹ *Ibid.*, 119.

²³⁰ *Ibid.*, 104.

²³¹ *Ibid.*, 120.

²³² *Ibid.*, 117.

Nasjonalisme i seg sjølv vert ikkje kritisert, men europearane vert kritisert for at dei ikkje lét afrikanarane få ta del i verdiane sine. Noko av det tapte potensialet ligg i at andre land ikkje fekk styre seg som nasjonalstatane i Europa. *Matriks* trekk også fram problema ulike folkegrupper i India førte til, noko som medverkar til å formidle nasjonalstat som eit godt styringsprinsipp: «I tillegg var det store motsetningar mellom dei ulike folkegruppene, noko som òg kan ha hemma utviklinga.»²³³ Indarane fekk kunnskap om slike verdiar gjennom europearane, men ikkje tilgang til dei: «Gandhi og andre indarar fekk kjennskap til idear om nasjonalisme og demokratisk styresett. Dei såg at britane var stolte av det demokratiske styret heime i Storbritannia, men at dei ikkje ønskte å innføre dei same rettane for det indiske folket. Det syntest dei ikkje var riktig.»²³⁴ I forteljinga ligg det mest urettferdige og kritikkverdige i at ikkje alle fekk ta del i det som vert slike gode europeiske verdiar.

I likskap med *Undervogs* trekk *Matriks* fram religion og tradisjon i skildringa av «Indias folk»²³⁵ og også her får kastesystemet betydeleg plass. Religion vert viktig for indarar som bakgrunn for opprøret i 1857: «Folk opplevde at britane ikkje respekterte religionane deira, og frykta at britane skulle tvinge dei til å bli kristne.»²³⁶ Her vert igjen måten britane utførte koloniseringa på kritikkverdig. På same tid fungerte mykje av det kolonimaktene bidrog med: «Britane bygde opp eit moderne utdanningsstell med engelsk som undervisningsspråk. Fordi India ikkje hadde eit felles språk, gjorde faktisk innføringa av engelsk det på sikt enklare for indarane å kommunisere med kvarandre.»²³⁷ Indarar får kjensler og meiningar og *Matriks* skriv til dømes: «Mange indarar var misnøgde med (...)»²³⁸ og «Mange tok til å kjempe for eit sjølvstendig India. Kampen om sjølvstende var lang og tøff og varte i fleire tiår.»²³⁹ *Matriks* trekk vidare fram at det fanst industri i India før kolonitida og saman med skildringar av tradisjon gir det indarar ein nyansert bakgrunn. Samstundes vert dei også framstilt som gammaldagse og lite villige til å endre seg.

Matriks presenterer ulike syn på historia i India og er slik mindre ein-sidedig enn *Kosmos*. Forfattaren forklarar at eit syn er at «Mange historikarar har meint at det britiske kolonistynet i India både øydela og hemma indisk handverk og industri, og dermed hindra utvikling i India.»

²³³ *Ibid.*, 111.

²³⁴ *Ibid.*, 112.

²³⁵ *Ibid.*, 107.

²³⁶ *Ibid.*, 108.

²³⁷ *Ibid.*, 110.

²³⁸ *Ibid.*

²³⁹ *Ibid.*, 112.

medan «Andre historikarar er ikkje samde i at det britiske styret i India berre hadde negative verknader. Dei legg vekt på at britane bygde vatningsanlegg som forbetra jordbruket, og jernbanar som knytte India saman.»²⁴⁰ Framhevinga av både fordelar og ulemper gjer forteljinga mindre eintydig og opnar soleis opp for at også framtida kan ta ulike retningar. I begge tilfelle handlar det likevel om kva kolonistyret hadde å seie for indarar og lite om kva britane fekk ut av møtet. Det vil seie at kulturmøta handlar om korleis dei koloniserte vart påverka, og lite om korleis møta verka inn på kolonimaktene. Europearar vert framstilt som nokon som påverkar andre, men ikkje sjølv vert påverka. I *Matriks* er det mykje potensiale som kan ligge i kulturmøter, men då må dei gjennomførast på ein god måte. Orienteringa vert at ein slik måte er å la andre land få ta del i verdier som demokrati og nasjonalstat.

3.5 Nye makt og menneske

Som heilskap har læreverket *Nye makt og menneske* ein struktur som skil seg meir frå dei andre læreverka. I *Nye makt og menneske* er imperialismen plassert i kapittelet om første verdskrig, og får ein viktig funksjon som ei av årsakene til krigen. Eit slikt årsaksforhold til første verdskrig får mindre merksemd i dei andre bøkene. Forteljinga beveger seg mot høgdepunktet som første verdskrig representerer. Det bygger seg opp mot eit høgdepunkt, men ikkje eit godt eit: overskrifta til kapittelet er «Blodbadet i Europa».

Det er få aktørar utanfor Europa som er med i delen om imperialismen, og blant europearane handlar det først og fremst om Storbritannia, eit imperium som vert rikare og rikare. Graden av styrke vert framstilt som imponerende: «Ingen europear har sett slike spor etter seg i Afrika som Cecil Rhodes. (...) På sitt største kontrollerte Rhodes 90 prosent av diamantindustrien i verda!»²⁴¹ Vidare står det om dronning Victoria: «Frå ho blei krona i 1837 til ho døydde i 1901, opplevde ho eit rike i konstant vekst. Ved slutten av 1800-talet regjerte ho over eit imperium som bestod av ein fjerdedel av landområda på jorda.»²⁴² Det kjem her til synes ein slags beundring i skildringa over kva britane oppnådde.

Ifølge *Nye makt og menneske* har europearane no skapt ein ny verdshandel: «Kolonimaktene tømde koloniane for ressursar og bygde rikdommen sin på den nye verdshandelen.»²⁴³

²⁴⁰ *Ibid.*, 111.

²⁴¹ Ingvaldsen og Kristensen, *Nye makt og menneske : Historie 9*, 14-15.

²⁴² *Ibid.*, 13.

²⁴³ *Ibid.*, 15.

Koloniane vart utnytta og brutalt behandla, men europearane kom også med kunnskap det var behov for:

Men kolonimakta tilførte også noko dei nye koloniane trong: Det blei bygd vegar og jernbane, og mange stader blei det etablert eit skulesystem. Britiske misjonærar og legar var med på å kjempe mot sjukdom, og britiske jordbrukarar gav råd om korleis befolkninga kunne dyrke korn og grønnsaker på ein betre måte.²⁴⁴

Imperialisme vert her del av ei forteljing om opphavet til første verdskrig og om korleis Europa bygde rikdommen sin. Slik går den inn i ei større *tradisjonsforteljing* om framveksten av dagens Europa. Tradisjonsforteljinga vert utfordra av kritikk mot europearanes åtferd, som slik skapar ei dobbelheit i forteljinga.

3.6 Diskusjon av forteljingane om imperialisme

Lærebøkene forteljingar om imperialisme ber preg av å følge kanoniserte narrativ. Bøkene har påfallande like utval, like illustrasjonar og like formuleringar, noko som forsterkar inntrykket av at dei formidlar eit kanonisert tema. Dei skil seg likevel noko i framstillingane av aktørane, særleg i kva grad ikkje-europearar vert del av forteljinga.

Europearane i imperialismen er frå vesteuropeiske land. Dei møter andre land eller grupper frå Afrika og Asia. Afrika vert mest omtala som kontinent og vert framstilt meir som ei eining heller enn ulike land eller områder. Storbritannia vert den viktigaste europeiske aktøren medan India vert det sentrale asiatiske landet. I oppdagingsreisene var møta prega av einskildpersonar eller mindre grupper, i imperialismen er det større prosessar som er bakgrunn for utviklinga. Personlege eigenskapar vert ikkje sentrale. Europearar får noko ulike roller, men den dominerande framstillinga er som omsynslause imperialistar. Det er vidare nokre skilnadar mellom korleis Afrika og Asia vert framstilt. Afrikanarar får tydelegare offerroller, medan tradisjon og religion vert viktige trekk ved asiatar. Menneske utanfor Europa er med som aktørar i forteljingane gjennom at dei vert objekt for europearanes makt, men òg gjennom å samarbeide med og ved å yte motstand mot imperialistane. Det finst både individ og grupper som kjempa mot koloniseringa i bøkene. I den store heilskapen er det likevel lite tydeleg

²⁴⁴ *Ibid.*

motstand til stades i tekstane om imperialismen, noko som bidrar til at det sentrale ved forteljingane, og også i møter mellom kulturar, vert europeisk makt.

Måten Afrika vert representert på skapar eit inntrykk av at europearane møtte lite motstand då dei koloniserte kontinentet. Det koloniserte Afrika vert eit symbol på imperialismen generelt, og deira rolle som offer bidrar til å forsterke inntrykket av europearar som overgripingar, ei framstilling som liknar den i oppdagingsreisene. Ikkje-europearar, særleg afrikanarar, vert i liten grad namngitt og har få individualiserte illustrasjonar. Illustrasjonane som finst stadfestar biletet av afrikanarar som offer og gjer dei også til ei meir einsarta gruppe. I rolla som offer liknar også framstillinga av afrikanarane den i oppdagingsreisene. Europearar vert på mange måtar framstilt som dei dominerande i forteljingane, men lærebøkene har også med ulike afrikanske aktørar som nyanserer framstillinga noko.

Verda utanfor Europa vert idyllisk, men samtidig til tider brutal og kaotisk. Begge deler vert motsett av Europa. Det rolege tempoet utanfor Europa vert forsterka i kontrast til den raske farten kolonisorane hadde, og europearane vert soleis særleg aktive. Europearar vert assosiert med modernitet og framgang i kontrast til landa utanfor. Europearane vert utovervende og symbol på modernitet i kontrast til meir gammaldagse ikkje-europearar. Endringsvillige europearar kjem inn i kulturmøta som dei som har innverknad på andre. Møta handlar lite om korleis Europa sjølv vart påverka, forutan at dei vart rikare. Slik vert kulturmøta noko som først og fremst går ein veg. Møter mellom kulturar får difor potensiale som noko positivt for andre enn europearar, fordi ikkje-europearane kan lære av europearane. Samstundes er det dei utanfor Europa som endar opp som utnytta og som ofre for europeisk grådighet.

Eg har brukt ein trykkokar som metafor for å forklare strukturen i lærebøkene forteljingar om imperialismen. I forteljingane er Europa i ei rivande utvikling, som fører til at det etterkvart kokar over og europeisk herredøme strøymar vidare utover kloden. Forteljingane kan lesast som en del av ei *tradisjonsforteljing*, kor det tradisjonelle ved Europa vert å heile tida vere i endring og utvikling. Forventinga i ei slik forteljing vert at Europa vil halde fram å utvikle seg. Slik har forteljingane også element av ei *utviklingsforteljing*, kor endring vert det meiningsfulle. I desse forteljingane er det europearane som står for endringa og det vert difor europearane som står for det meiningsfulle i historia.

Vidare er Whites kategoriar nyttige for å forstå forteljingane. I kritikken mot europearane vert motiva til imperialistane i stor grad redusert til egoisme og ønske om makt, og liknar slik

plottstrukturen *satire*. Europearane trudde at dei var betre enn andre og endar opp med å øydelegge fordi dei vert fanga av eigne egoistiske motiv. Samtidig finst det trekk som liknar *tragedie*, kor eit stort potensiale med løfter vert brotne og møta endar dårleg. Det vert likevel ikkje heilt dystert, fordi dei fleste bøkene også framhevar positive ting europearane bidrog med.

Europeisk makt og utnytting er sentrale tema i forteljingane. Møta mellom europearar og andre består av skeive maktforhold og resulterer i mektige europearar og makteslause andre. Europearane får mykje kritikk for måten møta skjedde på. I kritikken finn eg ei *kritisk forteljing* som søker erstatte europearanes syn på seg sjølv som betre enn andre med kritikk mot åtferda deira. Gjennom å løfte fram ikkje-europeiske aktørar som kritiserer europearane er det tilløp til at andre vert delaktige i forteljingane, men denne kritiske forteljinga vert ikkje sterk nok til å utkonkurrere den dominerande tradisjonsforteljinga knytt til europeisk framgang. Ved at den kritiske forteljinga konkurrerer med ei utviklingsforteljing oppstår det ei tvitydigheit i det bøkene samla sett formidlar. På den eine sida verkar bøkene opptekne av å få fram kritikk mot europearane og alternative perspektiv på koloniseringa, og på den andre sida opererer dei innanfor ei forteljing kor det er europearane som dominerer og som står bak heile den historiske utviklinga. Gjennom formaningar om kva som var rett og gale åtferd tek forteljingane om imperialismen ei meir *eksemplarisk* form enn dei om oppdagingsreisene. Orienteringa for elevane ligg i det eksemplariske som kjem fram i møtet mellom dei to konkurrerande forteljingane. Europearar har makt til å gjere som dei vil, men dei bør vere snille mot andre.

4 Avkolonisering

Læreverka *Kosmos*, *Undervegs*, *Matriks* og *Nye makt og menneske* tek alle for seg avkoloniseringa i bøkene for 10. klasse. Avkolonisering viser til slutten på kolonitida, og kan difor skape ei forventning om ikkje-møter mellom kulturar. Det er likevel fleire kulturmøter som finn stad i døma bøkene gir på avkolonisering. Læreverka behandlar temaet forskjellig, både gjennom kva utval som er gjort og kva forklaringar dei gir, men òg ved å ha noko ulike forteljingstypar. Eg har likevel identifisert nokre fellestrekk i forteljingane. I dette kapittelet vil eg først presentere fellestrekk, før eg diskuterer bøkene ein og ein, samstundes som eg ser dei i lys av kvarandre. Temaet avkolonisering heng tett saman med førre hovudkapittel, og der det er relevant ser eg difor forteljingane i samanheng med lærebøkene forteljingar om imperialismen.

4.1 Fellestrekk i forteljingane om avkolonisering

Alle bøkene forteljingar startar med eit Europa som er svekka som følge av andre verdskrig. I forteljingane førte svekkinga til at kolonimaktene skjønnte at det var på tide å gi slepp på sine no for dyre koloniar. Etter å ha innsett at det ikkje lønna seg å halde på koloniane, forsøkte kolonimaktene å hjelpe dei tidlegare koloniane vidare i tida etter avkoloniseringa. Men til trass for ein optimistisk start og mange gode intensjonar har det ikkje gått så bra i den nye fasen. Kor dårleg det går, og kva som er årsakene, gir bøkene noko ulike svar på. Forteljingane strekk seg inn i elevanes eiga samtid, og gir slik også ulike forventingar om framtida.

4.1.1 Kolonimaktene forstår at dei må gje slepp på koloniane

Alle lærebøkene innleiar med å forklare at avkoloniseringa skjedde etter andre verdskrig, først og fremst fordi det då ikkje var lønsamt for kolonimaktene å halde på koloniane lenger. Slutten på andre verdskrig vert slik startpunktet for forteljingane om avkolonisering. Kolonimaktene forsto då også at sjølvstende for koloniane var det rette. *Undervegs* skriv til dømes slik om korleis andre verdskrig førte til eit vendepunkt: «Etter den andre verdskrigen vart det klart at desse gamle europeiske stormaktene ikkje kunne halde fast på koloniane sine.»²⁴⁵ Akkurat kva som gjorde at det vart klart då vert ikkje utdjupa, men ein kan forstå at det er noko som dei

²⁴⁵ Skjøsberg, Harald, *Undervegs : Historie 10*, Nynorsk utg. (Oslo: Gyldendal undervisning, 2008), 176.

europiske stormaktene har funne ut. *Kosmos* trekk òg fram andre verdskrig: «Da den andre verdenskrigen var over, var Storbritannia sterkt svekket. Landet hadde lovet India full selvstendighet etter krigen mot hjelp i kampen mot nazistene.»²⁴⁶ *Matriks* set også startpunktet for avkoloniseringa ved slutten av andre verdskrig:

I 1945 budde over halvparten av alle menneske på jorda i koloniar som blei styrte av europeiske land. På 1800-talet blei dette sett på som sjølvsgagt, men etter den andre verdskrigen endra denne haldninga seg. Europearane opplevde at det var fleire ulemper enn fordelar å ha koloniar.²⁴⁷

At det lønner seg for kolonimaktene vert ein viktig grunn til at avkoloniseringa skjer. Europeiske syn vert sentrale blant årsakene bøkene trekk fram til avkoloniseringa. *Kosmos* har ei liste med fem årsaker til frigjeringa, kor av fire av dei handlar om Europa. Den femte årsaka får også eit delvis europeisk perspektiv: «Folk i koloniene ble mer bevisste. Koloniherrane var avhengig av å samarbeide med lokale ledere. Dette ble vanskeligere når motstanden økte.»²⁴⁸ *Undervegs* forklarar at kolonimaktene no forsto at det var på tide med sjølvstende, og skriv til dømes om India: «Og da den andre verskrigen vel var over, gjorde britane det klart at dei ville gå med på at India skulle bli eit sjølvstendig land. Kolonitida lakka mot slutten, og dei britiske styresmaktene forstod at det i lengda ikkje ville vere mogleg å tvihalde på India som koloni.»²⁴⁹ På liknande måte forsto dei kvite i Sør-Afrika kva som måtte skje: «Etter kvart var det stadig fleire kvite som forstod at svarte måtte med i styre og stell.»²⁵⁰ I forteljningane vert avkoloniseringa nærmast noko uunngåeleg som pressar seg fram, og kolonimaktene forstår at det er slik det må verte.

I *Nye makt og menneske* skjedde avkoloniseringa derimot meir fordi supermaktene USA og Sovjet ville det, enn fordi dei vesteuropeiske kolonimaktene ønska det. *Nye makt og menneske* skriv at «Spesielt USA la press på FN for å setje ein stoppar for kolonisystemet.»²⁵¹ Årsaka til at supermaktene ønskte avkolonisering var at dei meinte imperialismen var undertrykkjande og økonomisk lite lønsamt. Men også i *Nye makt og menneske* skjønnte særleg Storbritannia at

²⁴⁶ Nomedal, John Harald og Ståle Bråthen, *Kosmos 10 : samfunnsfag for ungdomstrinnet* Bokmål utg. (Oslo: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke, 2010), 155.

²⁴⁷ Hellerud, Synnøve Veinan og Ketil Knutsen, *Matriks 10: Historie* Nynorsk utg. (Oslo: Aschehoug, 2008), 94.

²⁴⁸ Nomedal og Bråthen, *Kosmos 10 : samfunnsfag for ungdomstrinnet* 159.

²⁴⁹ Skjønberg, *Undervegs : Historie 10*, 139.

²⁵⁰ *Ibid.*, 185.

²⁵¹ Ingvaldsen, Bjørn og Ingunn Kristensen, *Nye makt og menneske : Historie 10*, Nynorsk utg. (Oslo: Cappelen Damm, 2016), 86.

avkoloniseringa var noko som måtte skje: «Britane var overtydde om at avkolonisering var like nødvendig i Afrika som i Asia.»²⁵²

Dei tidlegare kolonimaktene er tydeleg med på notane i det som skjedde under avkoloniseringa. Samstundes vert det klart at utviklinga ikkje berre skjedde fordi kolonimaktene ville det, det var også ein følge av at tida tilsa det, tida var moden og «kolonitida lakka mot slutten». I ei slik forteljing vert det soleis ikkje mange andre måtar utviklinga kunne skjedd på.

4.1.2 Gryande optimisme

Avkoloniseringa vert innleiingsvis assosiert med mykje optimisme. *Matriks* skriv: «Gleda var stor i koloniane då dei blei sjølvstendige.»²⁵³ *Undervegs* forklarar at det gjekk bra i starten: «Dei første åra med sjølvstende var ganske gode i Afrika. Fleire fekk skolegang, helsevesenet vart utbygd, og økonomien gjekk framover.»²⁵⁴ *Nye makt og menneske* illustrerer framsida til kapittelet med eit stort fotografi av menneske som feirar med flagg, medan *Kosmos* har eit stort fotografi av to smilande indiske jenter som har mala seg i andletet og mellom anna skrive «India my love».²⁵⁵

Sjølve frigjeringsa vert eit høgdepunkt og forteljningane startar slik på topp. Tida rett etter frigjeringsa er prega av gode utsikter og store løfter for framtida. Dei fleste bøkene startar med sitat eller normative utsegn som viser tydeleg at avkolonisering er ein prosess som er ønskeleg. Kapittelet om avkolonisering i *Nye makt og menneske* startar til dømes med det normative spørsmålet: «Kvifor bør alle land vere frie og sjølvstendige?»²⁵⁶ Det kjem tydeleg fram av spørsmålet at situasjonen bør halde fram med å vere slik han er no. *Kosmos* innleiar sitt avkoloniseringskapittel med: «Ethvert menneske er født fritt og selvstendig. Vi reagerer mot undertrykkelse og tvang.»²⁵⁷ Sjølvstende vert slik noko som alle bør ønske å ha i verda. *Matriks* startar kapittelet med eit sitat frå Gandhi: «First they ignore you. Then they laugh at you. Then they fight you. Then you win.»²⁵⁸ Av det kan lesaren forstå at dei tidlegare koloniane har vunne, i alle fall ein moralsk siger, fordi sjølvstende er det som er det rette. Forteljningane om avkoloniseringa startar slik med at det øydeleggande som hadde skjedd under koloniseringa til

²⁵² *Ibid.*, 110.

²⁵³ Hellerud og Knutsen, *Matriks 10: Historie* 95.

²⁵⁴ Skjønberg, *Undervegs : Historie 10*, 176.

²⁵⁵ Nomedal og Bråthen, *Kosmos 10 : samfunnsfag for ungdomstrinnet* 154.

²⁵⁶ Ingvaldsen og Kristensen, *Nye makt og menneske : Historie 10*, 83.

²⁵⁷ Nomedal og Bråthen, *Kosmos 10 : samfunnsfag for ungdomstrinnet* 154.

²⁵⁸ Hellerud og Knutsen, *Matriks 10: Historie* 92.

ein viss grad vart rydda opp i, fordi det ein kan forstå som gode, universelle prinsipp om sjølvstende no har teke til å gjelde.

Starten på forteljningane gir inntrykk av at verda er på veg dit ho skal vere, mot sjølvstendige nasjonar. *Matriks* skriv: «Etter over eit hundreår med utanlandsk styre skulle dei endeleg få styre seg sjølve.»²⁵⁹ Bruken av «endeleg» indikerer at det er den rette utviklinga, det er den ein har venta på. På fleire kart er Vest-Sahara markert som «enno ikkje sjølvstendig»²⁶⁰, noko som syner ei forventning om at landet skal bli det ein gong, fordi det underforstått er den retninga utviklinga går. Frigjering vert slik samfunnet skal vere, og ein følgjer difor no den rette utviklinga. Slik vert sjølvstende innleiingsvis knytt til framgang.

4.1.3 Models of virtue

Fleire av dei ikkje-europeiske individa i forteljningane om avkoloniseringa vert framstilt på måtar som fungerer som *models of virtue*. Rüsen forklarar at *models of virtue* ofte figurerer i *eksemplariske forteljingar*. Slike forteljingar formidlar abstrakte reglar og prinsipp ved å konkretisere dei gjennom historiske døme og slik demonstrere haldbarheita til prinsippa.²⁶¹ I avkoloniseringa vert Gandhi og Nelson Mandela døme på slike modellar ved at dei personifiserer viktige verdier, og dei vert begge trekt fram i alle bøkene.

Gandhi vert ein slik beundringsverdig skikkelse gjennom hans tru på ikkjevald som kampmiddel. *Matriks* skriv mellom anna følgjande om Gandhi:

Mahatma Gandhi (1869-1948) stod i spissen for ein ikkje-valdeleg mostand mot det britiske kolonistyre. Han blei arrestert fleire gonger av britane, men heldt fram med motstanden etter at han blei sett fri. Det at han brukte fredelege middel, og at han var tilhengjar av ei demokratisk styreform, gjorde at han etter kvar fekk stor sympati i Vesten.²⁶²

Nye makt og menneske har ei eiga overskrift om «Gandhi sin kamp»²⁶³. Her trekk boka også fram andre beundringsverdige verdier ved han: «Gandhi meinte at alle menneske var like mykje verte, og derfor kjempa han for rettferd både for dei kastelause og for kvinnene.»²⁶⁴ Mandela vert eit anna døme på ein slik *model of virtue* gjennom hans kamp for likeverd. *Matriks* skriv

²⁵⁹ *Ibid.*, 95.

²⁶⁰ Til dømes Skjønberg, *Undervegs : Historie 10*, 176.

²⁶¹ Rüsen, "Historical Narration: Foundation, Types, Reason."

²⁶² Hellerud og Knutsen, *Matriks 10: Historie 97*.

²⁶³ Ingvaldsen og Kristensen, *Nye makt og menneske : Historie 9*, 192.

²⁶⁴ *Ibid.*, 194.

til dømes: «Sidan ungdomstida hadde Mandela kjempa for likeverd i Sør-Afrika (...) Mandela og de Klerk fekk Nobels fredspris i 1993 for arbeidet for å fremje demokrati i Sør-Afrika.»²⁶⁵ *Kosmos* skriv: «Mange svarte ble fengslet og mishandlet av politiet uten lov og dom. Etter hvert ble apartheidpolitikken kritisert i hele verden. (...) [Mandela] mente at kampen mot de hvite måtte føres med ikkevoldelige midler. Da han så at det ikke nyttet, gikk han inn for væpnet kamp.»²⁶⁶ Det ikkjevaldelege vert likevel det sentrale, og *Kosmos* skriv seinare: «Apartheidregimet ble avskaffet på fredelig vis i Sør-Afrika.»²⁶⁷ Sør-Afrika og slutten på apartheid vert presentert som døme til etterfølging, og vert gjerne symbol på lyspunkt i forteljingane. *Undervegs* skriv om slutten på apartheid:

Det utrulege var at denne forandringa lét seg gjennomføre utan blodige kampar mellom svarte og kvite. Dei tidlegare undertrykkjarane vart ikkje utsette for hemn, trass i alt dei svarte hadde lidd. Slik har Sør-Afrika vorte eit eksempel til etterfølging for resten av verda: Det er ikkje nødvendig å hemne seg.²⁶⁸

Slutten på apartheid vert eit ideal alle bør strekke seg etter. *Undervegs* samanliknar det med Noreg etter krigen: «Sanningskommisjonen var noko heilt nytt i verdshistoria. I staden for å straffe dei som hadde gjort noko gale – slik vi for eksempel gjorde i Noreg etter krigen – gav ein overgriparane ein sjanse til å tilstå og be offera om tilgjeving.»²⁶⁹ Sør-Afrika har gjort noko alle kan lære av, også elevane i Noreg. Eit anna døme frå *Undervegs* er historia om Paul Rusesabagina, hotellsjefen som redda mange menneske under folkemordet i Rwanda. Under overskrifta «Ein ganske alminneleg helt» vert historia illustrert med eit bilete frå filmen *Hotel Rwanda*, og avslutta med ei generell oppmoding: «når fæle ting skjer, står det ofte fram vanlege menneske som risikerer livet for å redde andre.»²⁷⁰ Modellane viser ikkjevald og usjølviske handlingar som ideal elevane bør følgje. Dei vert også kopla til demokratiske verdiar. Modellane bidrar til at forteljingane om avkolonisering vert forteljingar om gode verdiar, og om korleis menneske strevar etter å gjere det rette, noko avkoloniseringa vert eit døme på.

Til tross for det optimistiske utgangspunktet og dei gode førebileta frå dei tidlegare koloniane, er alle bøkene tydelege på at avkoloniseringa etter kvart gjekk relativt dårleg, særleg i Afrika. Etter eit i utgangspunktet høgdepunkt med frigjering vert forteljingane difor raskt prega av

²⁶⁵ Hellerud og Knutsen, *Matriks 10: Historie* 105.

²⁶⁶ Nomedal og Bråthen, *Kosmos 10 : samfunnsfag for ungdomstrinnet* 158.

²⁶⁷ *Ibid.*, 161.

²⁶⁸ Skjønberg, *Undervegs : Historie 10*, 185.

²⁶⁹ *Ibid.*, 186.

²⁷⁰ *Ibid.*, 180.

nedgang. Det går dårleg, sjølv om intensjonen bak avkoloniseringa var god. Bøkene har noko ulike forklaringar på kvifor det skjer, og vinklar temaet ulikt. Eg vil no gå inn på dei ulike bøkene kvar for seg.

4.2 Kosmos

I *Kosmos* sitt kapittel om avkolonisering spør boka kvifor avkoloniseringa skjedde akkurat då den gjorde, og bruker også betydeleg plass på å diskutere konsekvensane av kolonitida. I *Kosmos* dannar imperialismen rammene for verknadane av avkoloniseringa, ved at det er ein tydeleg samanheng mellom kolonitida og perioden etter avkoloniseringa for dei tidlegare koloniane. *Kosmos* skil ikkje nemneverdig mellom kolonimaktene, utanom at boka trekk fram at Portugal haldt lengst på koloniane sine. Kulturmøta skjer i hovudsak mellom rike land i nord og fattige land i sør, og er prega av utnytting og skeive maktforhold.

Gandhi får raskt ei særskild rolle i *Kosmos* si forteljing om avkoloniseringa. *Kosmos* skriv mellom anna at han «hadde kjempet i flere tiår mot britisk styre»²⁷¹ og at «Hans kampmiddel var ikkevold.»²⁷² Gandhi og hans prosjekt får sympati frå forfattaren: «Det vakte stor indignasjon da det ble kjent at ubevæpnede indere var massakrert eller slått med stokker av britiske soldater i India.»²⁷³ Etter at India vart sjølvstendig beheld boka Gandhis perspektiv og skriv vidare: «Han lyktes ikke med å overbevise hinduer og muslimer om at det beste var å leve i et samlet India.»²⁷⁴ Vidare gjekk det ikkje så bra etter at landet var delt: «Forholdet mellom India og Pakistan ble snart svært konfliktfylt.»²⁷⁵ Ein får slik inntrykk av at konflikten kunne vore unngått dersom folk hadde høyrd på Gandhi, noko som framhevar hans posisjon som helt og kor viktige verdiane hans er. Denne posisjonen vert stadfesta på neste side med eit fotografi av eit barn som hyllar eit bilete av Gandhi. Fleire av oppgåvene som høyrer til kapittelet handlar også om Gandhi. Med unntak av India skriv ikkje *Kosmos* detaljert om kva som skjedde under avkoloniseringa i Asia, men det framstår som om det elles gjekk fredeleg for seg: «Indonesia fikk sin frihet fra Nederland. I 1954 trakk Frankrike seg ut av Fransk Indokina. Statene Laos, Kambodsja, Nord-Vietnam og Sør-Vietnam oppsto som et resultat av dette.»²⁷⁶

²⁷¹ Nomedal og Bråthen, *Kosmos 10 : samfunnsfag for ungdomstrinnet* 155.

²⁷² *Ibid.*

²⁷³ *Ibid.*

²⁷⁴ *Ibid.*

²⁷⁵ *Ibid.*

²⁷⁶ *Ibid.*, 156.

I den vidare skildringa av avkoloniseringa har *Kosmos* overskrifta: «Frigjøringsbølgen spredte seg til Afrika»²⁷⁷. Bølgjemetaforen fungerer som ei narrativ forkorting som skjuler hendingar som krigar eller motstandskampar i koloniane. Det er få skildringar av korleis avkoloniseringa skjedde i praksis. Korkje handlingane til dei tidlegare kolonimaktene eller innbyggjarane i koloniane vert del av forteljinga. Vidare bidrar bølgjemetaforen til inntrykket av avkoloniseringa som ustøppeleg, som ei bølge som spreidde seg utan motstand. Den liknar kappløp-metaforen *Kosmos* nytta til å skildre imperialismen, som noko nærmast uunngåeleg som berre skjedde. Det gir også forteljinga eit deterministisk preg kor prosessen framstår som om den ikkje kunne gått føre seg på anna vis.

Kosmos framhevar at «mange kolonier sliter med arven fra kolonitida»²⁷⁸, og problema som finst i dei tidlegare koloniane vert i hovudsak forklart som ein konsekvens av kolonitida. *Kosmos* skriv til dømes: «De frigjorte koloniene måtte løse mange problemer som var påført dem av andre.»²⁷⁹ *Kosmos* legg fram to ulike moglege forklaringsmodellar for kvifor mange av dei gamle koloniane framleis er fattige. Ei forklaring viser til at dei tidlegare koloniane var råvareprodusentar som vart utnytta av landa i nord. Den andre forklaringa peikar på indre forhold i landa som hinder for vekst. *Kosmos* skriv likevel mest om utnytting i teksta, slik at den førstnemnde forklaringa verkar som den mest truverdige for lesaren. Det er også den forståinga som vert fremma i dei tilhørande oppgåvene: «Hva menes med at de gamle koloniene sliter med arven fra kolonitida? Skriv et e-brev til læreren, der du forklarer med egne ord hvorfor mange av de gamle koloniene har det vanskelig.»²⁸⁰ Her uttrykker forfattaren indirekte at dagens problem først og fremst har opphav i kolonitida.

I kapittelet om imperialismen i *Kosmos 9* identifiserte eg tropen *inkje nytt under sola*. Tropen er tydeleg til stades også i *Kosmos 10*. I *Kosmos* si avslutning om avkoloniseringa finst det ein klar historisk kontinuitet i den økonomiske situasjonen. *Kosmos* har gitt to moglege forklaringar på dagens forhold, men syner tydeleg størst sympati for alternativet som gjer Vesten ansvarleg. Maktforholda vert dei same som før: «Landene i nord bestemmer i stor grad handelsregler og holder dermed vedlike de gamle koloniens avhengighet.»²⁸¹ *Kosmos* skapar også kontinuitet gjennom å introdusere elevane til omgrepet nyimperialisme, som handlar om «de rike landene

²⁷⁷ *Ibid.*

²⁷⁸ *Ibid.*, 159.

²⁷⁹ *Ibid.*

²⁸⁰ *Ibid.*, 161.

²⁸¹ *Ibid.*, 159.

som dominerer i verdensøkonomien.»²⁸² Her er det ein tydeleg samanheng mellom imperialismen, avkoloniseringa, samtida og også framtida. Konklusjonen vert at det er lite håp om endring så lenge Vesten oppfører seg som dei gjer. For at noko skal skje må dei rike landa i Nord slutte å bestemme over resten. Det er lite nokon andre kan gjere med situasjonen.

Forteljinga i *Kosmos* kan også lesast som ein *tragedie* kor Vesten vert forrædaren. Landa i nord hindrar tidlegare koloniserte land i å få den same levestandarden som i Vesten og forråder slik den gode utviklinga mot sjølvråde og framsteg som avkoloniseringa eigentleg leia mot. Dei store løfta vert brotne fordi det er landa i nord som bestemmer og dei held ved like gamle avhengnadsforhold. Det fører til ei kjensle av resignasjon, kor andre land har blitt avhengige av bistand og er fanga i store lån.

I *Kosmos* framstår forfattaren som ein varslar om urett gjennom å rette søkelyset mot vestleg utnytting og urettferdige handelssystem. *Kosmos* skriv slik fram ei kritisk forteljing kor det meiningsfulle vert å endre den urettferdige situasjonen. I denne forteljinga er ei betre verd i teorien mogleg, men då må Vesten endre seg. Tropen *inkje nytt under sola* gjer at ei slik endring framstår lite sannsynleg. Ting verkar å halde fram som før, og for framtida tyder det at dei rike vert verande rike og dei fattige framleis vil vere fattige. Orienteringa vert tvitydig ved at elevane bør endre systemet, men dei økonomiske strukturane gjer det samstundes vanskeleg å få til.

4.3 Undervegs

I *Undervegs* vert avkolonisering tematisert i Del 3: Asia, Afrika, Latin-Amerika. Det overordna temaet for denne delen er utviklinga dei siste tiåra i «den tredje verda». Hovudfokus her er ikkje avkolonisering i seg sjølv, slik som i *Kosmos*, men heller kva som har ført til dagens situasjon i regionane. Avkolonisering vert likevel tema under to av delkapitla, «Asia – ein verdsdel i framgang» og særleg «Afrika – frå koloniar til sjølvstendige land». Ulike områder si utvikling vert skildra utan mykje påverknad frå andre, og det er difor lite kontakt mellom kulturar i forteljingane.


Som det går fram allereie frå overskrifta handlar kapittelet om Afrika meir om avkolonisering enn kapittelet om Asia. I likskap med dei andre bøkene gir *Undervegs* eit bilete av ei optimistisk tid rett etter avkoloniseringa, men forklarar at det raskt gjekk svært dårleg vidare: «frå 1970-

²⁸² *Ibid.*

åra av har verdsdelen hatt enorme vanskar, med hungerkatastrofar, epidemiar, krigar og maktmisbruk. Mens levestandarden elles i verda har stige, har han vore dårlegare dei fleste stadar i Afrika, der folk hadde det dårlegast frå før.»²⁸³ *Undervegs* illustrerer situasjonen vidare med mykje negativ statistikk relatert til hiv/aids, fattigdom og gjennomsnittleg levealder i afrikanske land:

Dei 33 landa i verda der folk døyr tidlegast, er afrikanske. Aller dårlegast an ligg det vesle kongedømmet Swaziland, der den gjennomsnittlige levealderen er berre 33 år. Av dei 25 landa i verda med prosentvis flest svært fattige menneske er 18 afrikanske. Og av dei 25 landa med flest innbyggjarar som lever i slum, er 20 afrikanske.²⁸⁴

Lesaren vert her tidleg i kapittelet overvelda av den negative situasjonen. Oppramsinga av statistikk gjer framstillinga sakleg og udiskutabel. Biletet som vert skapt innleiingsvis vert stadfesta av dei neste underoverskriftene: «Ein verdsdel med store problem», «Råvareeksporten og tøff natur», «Konfliktar mellom folkegrupper», «Religiøse motsetningar», «Brutale herskarar» og «Korrupsjon og valfusk».²⁸⁵ Kapittelet er illustrert med fleire fotografi som bidrar til å styrke skildringa av ei valdeleg historie. Til dømes er det fotografi av ein barnesoldat med eit maskingevær og av militære som mishandlar fangar. Situasjonen på kontinentet framstår slik som både håplaus og trugande:



Figur 6 Døme på valdelege illustrasjonar (Skjønberg, *Undervegs : Historie 10*, 179)

²⁸³ Skjønberg, *Undervegs : Historie 10*, 176.

²⁸⁴ *Ibid.*, 177.

²⁸⁵ *Ibid.*, 176-181.

På slutten av kapittelet har *Undervegs* ei kort oppsummeringsbos som svarer på spørsmålet «Kvifor har Afrika hatt så store problem?»²⁸⁶ Følgande årsaker vert nemnde som svar: afrikanske varer har vorte mindre verke, store naturkatastrofar og epidemiar har ramma hardt, det finst mange folkegrupper i kvar stat, ofte har leiarar vore korruperte og brutale, og mange slike leiarar har fått støtte frå stormakter. Årsakene vert nesten berre «interne» i Afrika og *Undervegs* skil seg slik tydeleg frå *Kosmos*. I motsetning til i *Kosmos* er ikkje imperialisme med som ein viktig årsak til problema. I *Undervegs* vert kolonitida nemnd i samband med at det er der dagens landegrensar stammer frå, men utanom det er det få årsaksforhold mellom imperialisme og problema i dei tidlegare koloniane. Problema i Afrika får slik røter på kontinentet heller enn å vere påført dei utanfrå, som i *Kosmos*. Eit sitat frå den nigerianske forfattaren Wole Soyinka forklarar kor ansvaret ligg: «Dei afrikanske folka er svikta, først og fremst av sine egne leiarar.»²⁸⁷ Stormaktene Sovjet og USA får også noko ansvar for situasjonen, fordi dei har støtta korruperte leiarar i jakta på allierte i Afrika: «At desse landa kanskje var styrte av tyrannar, spelte mindre rolle. Slik har òg stormaktene ein del av skylda for den dårlege situasjonen i Afrika. I dag blir Kina skulda for å støtte opp om brutale og korruperte herskarar mot å få kjøpe olje og andre råvarer til gunstige priser.»²⁸⁸ Her trer Kina fram som ein mogleg trugsel mot vidare håp om demokrati. Trugselen botnar i grådige, økonomiske motiv.

Brutale herskarar representerer også ein trugsel mot demokratiet. Dei fungerer som *models of vice*, og får liknande funksjon som *models of virtue* gjennom å vere klare døme på korleis ein *ikkje* skal handle. *Undervegs* forklarar korleis mange har handla egoistisk: «Mange afrikanske politikarar har tenkt meir på seg sjølve, sin eigen familie og si eiga folkegruppe enn på landet som heilskap. Dei har sørgt for å gjere seg sjølve og slektningar og venner rike, mens folket elles har levd i fattigdom.»²⁸⁹ Konkrete døme er diktatoren Jean-Bedel Bokassa i Den sentralafrikanske republikken: «Bokassa vart krona mens han var utkledd som ein av generalane til Napoleon. Dei heile kosta enorme summar.»²⁹⁰ og president Robert Mugabe: «Zimbabwe er eigentleg eit rikt og fruktbart land, men mykje takka vere vanstyret hans er

²⁸⁶ *Ibid.*, 187.

²⁸⁷ *Ibid.*, 181.

²⁸⁸ *Ibid.*, 182.

²⁸⁹ *Ibid.*, 181.

²⁹⁰ *Ibid.*

gjennomsnittleg forventa levealder gått ned til 36 år.»²⁹¹ Felles for slike leiarar er at dei set eigne behov framfor andre og har eit uvettig høgt forbruk.

I ei infoboks med tittelen «Hjelper u-hjelp?» forklarar *Undervegs* at u-hjelp ofte kan bidra til at slike «dårlege leiarar»²⁹² held på makta. Boka syner også til at Ghana har fått mykje bistand, men framleis er eit fattig land, medan Sør-Korea, som ikkje har fått mykje bistand, no er eit rikt land. Infoboksa har også med argument som talar for bistand, men samla vert det meir som talar mot at bistand fungerer. Bistand representerer slik ikkje noka klar løysing.

I likskap med *Kosmos* avsluttar *Undervegs* forteljinga om avkolonisering i Afrika med Sør-Afrika og slutten på apartheid, som også vert eit symbol på at det finst noko håp på kontinentet. Det er likevel ikkje nok håp der til at det kompenserer for den overvegande negative situasjonen. Formuleringar som «Det er ikkje mykje, men det er trass alt eit lyspunkt»²⁹³ formidlar eit svært pessimistisk framtidsperspektiv på den generelle situasjonen og måten det vert lagt fram på er prega av resignasjon. *Undervegs* skriv vidare: «Svært mykje er vanskeleg i Afrika sør for Sahara, men regionen er ikkje utan håp. Eitt av håpa er Sør-Afrika.»²⁹⁴ Sjølv om utviklinga i landet går framover, heng håpet Sør-Afrika symboliserer i ein tynn tråd:

Sør-Afrika slit med mange alvorlege problem. Klasseforskjellane er framleis enorme. Overklassen er i all hovudsak framleis kvit, og det finst millionar av utfattige menneske, som nesten alle er svarte eller farga. Mange bur i skur. Hiv/aids-epidemien herjar. Kriminaliteten er utbreidd i landet. Og der er mykje korrupsjon. Nokre av dei fremste leiarane i landet er mistenkte for å vere korrupte. Men det skjer òg framgang.²⁹⁵

Når Sør-Afrika, som er prega av sopass mykje elende, er eit av få håp for kontinentet ser det nærmast håpløst ut. For Sør-Afrika er det først og fremst eit demokratisk styre som gjer at det likevel finst det håp: «Det viktigaste er kanskje likevel at landet, trass i alle vanskar, har klart å halde fast på demokratiet.»²⁹⁶ *Undervegs* målar samla sett eit svært negativt bilete av Afrika.

Skildringa av Asia står i kontrast til situasjonen i Afrika. Asia vert framstilt langt meir positivt, noko som er klart allereie frå overskrifta til kapittelet: «Asia – ein versdel i framgang». Kapittelet startar med Japan etter andre verdskrig. *Undervegs* nemner at Japan tidlegare hadde

²⁹¹ *Ibid.*

²⁹² *Ibid.*, 183.

²⁹³ *Ibid.*, 182.

²⁹⁴ *Ibid.*

²⁹⁵ *Ibid.*, 185.

²⁹⁶ *Ibid.*

erobra landområder, men landet vert ikkje ei kolonimakt i forteljinga om avkolonisering. *Undervegs* forklarar at etter 1945 «var det USA som hadde makta over Japan.»²⁹⁷ USA tvinga gjennom endringar: «Det skulle vere fleire parti, og det skulle vere frie val. Kvinnene skulle få ha røysterett, og arbeidarane skulle få danne fagforeiningar.»²⁹⁸ Endringane førte med seg positive verknadar: «Akkurat som i Vest-Tyskland gjekk det overraskande lett å etablere demokrati i Japan. Og akkurat som i Vest-Tyskland kom landet seg raskt på beina økonomisk.»²⁹⁹ Demokrati vert målestokk på suksess, og som i kapittelet om imperialismen kan ein forstå at ein viktig grunn til at det gjekk bra for Japan var at landet tok til seg vestlege verdiar.

Vidare skildrar *Undervegs* forholdet mellom India og Pakistan etter frigjeringa. *Undervegs* forklarar at indarar lenge hadde kjempa for frigjering: «Opp gjennom 1920- og 1930-åra hadde stadig fleire menneske i Britisk India kravd sjølvstende frå britane. Kvifor skal folk frå den andre kanten av verda bestemme over oss, undra dei seg.»³⁰⁰ Noko anna enn sjølvstende verkar slik irrasjonelt. *Undervegs* forklarar at frigjeringa likevel førte med seg problem:

Men Britisk India var eit samansett rike, med ulike folkegrupper, ulike språk og ulike religionar. Dei to største religionane var hinduismen og islam, og forholdet mellom hinduar og muslimar var så dårleg at eit blodbad kunne bryte ut når som helst. Muslimane var i mindretal, og dei var redde for å drukne i eit hav av hinduar. (...) Men i samband med delinga vart om lag ein halv million muslimar og hinduar drepne i harde kampar mellom dei to folkegruppene.³⁰¹

Her gjer ulik religion det vanskeleg å leve saman. Utanom at hinduar var i fleirtal kjem det ikkje fram kva som var årsaken til konflikten og religion vert den einaste forklaringa. Situasjonen i dag er prega av usikkerheit og utryggleik: «Den dag i dag er forholdet mellom India og Pakistan spent, og ingen veit korleis det vil utvikle seg i åra som kjem. Konflikten er farleg, ikkje minst fordi begge statane har atomvåpen.»³⁰² *Undervegs* forklarar vidare at det går relativt bra med India økonomisk. Ei stor utfordring er knytt til omfordeling: «Det store spørsmålet er om India vil makte å fordele rikdommen, slik at dei fattige millionmassane òg vil få eit liv i velstand og

²⁹⁷ *Ibid.*, 137.

²⁹⁸ *Ibid.*, 138.

²⁹⁹ *Ibid.*

³⁰⁰ *Ibid.*, 139.

³⁰¹ *Ibid.*

³⁰² *Ibid.*, 143.

eit verdig liv.»³⁰³ Både demokrati og omfordeling av ressursar vert viktige målestokkar på framgang. Demokrati vert til dømes ein viktig skilnad mellom India og Pakistan:

Mens India er ein stat med både hinduar, muslimar, sikhar og kristne, er Pakistan nærast ein rein muslimsk stat, der islam spelar ei heilt dominerande rolle. Og mens India, trass store vanskar, har klart å halde fast på eit demokratisk styre, har Pakistan i lange periodar vore styrt av dei militære.³⁰⁴

Undervegs har eit delkapittel om Kina under Mao og Maos død markerer eit tydeleg skilje for Kina: «I 1976 døydde Mao Zedong. Ei ny tid skulle komme for Kina.»³⁰⁵ Denne nye tida er prega av møter med Vesten og industri, og dimed også modernisering. *Undervegs* skriv vidare om den nye leiaren Deng Xiaoping: «Det store målet hans var å modernisere Kina, og det klarte han til gagns.»³⁰⁶ *Undervegs* forklarar at gjennom industrialiseringa vert Kina viktig for Vesten:

Framgangen til Kina er viktig, også for andre land. (...) Kina hjelper til med å halde prisane nede, og slik er framgangen til landet òg med på å auke vår velferd. Mange vestlege bedrifter har dessutan bygd fabrikkar i Kina, der dei produserer varene mykje billigare enn dei hadde kunna gjere i Europa eller USA.³⁰⁷

Her handlar kultur møta mindre om utnytting enn i *Kosmos*, og situasjonen vert framstilt meir som ein vinn-vinn-situasjon. *Vi* tener også på at Kina veks. Likevel, det er eit stort «men» med Kina: «Men noko demokrati ville ikkje Deng Xiaoping ha.»³⁰⁸ Det er ein tydeleg avstand mellom Kina og Vesten, knytt til demokratiske institusjonar som velferdsordningar. Ein viktig måte Kina skil seg frå oss vert ved å ikkje vere eit demokrati, og *Undervegs* understrekar at om du vert arbeidsledig «da er ikkje mykje hjelp å hente.»³⁰⁹ Som India slit også Kina med omfordeling: «Forskjellane mellom fattige og rike er store og ser ut til å bli stadig større.»³¹⁰ *Undervegs* har også ein tekst om Taiwan. Der vert demokratiet framheva i kontrast til korleis det er i Kina: «I dag har Taiwan utvikla eit demokratisk samfunn med fleire parti og frie val.

³⁰³ *Ibid.*, 141.

³⁰⁴ *Ibid.*

³⁰⁵ *Ibid.*, 146.

³⁰⁶ *Ibid.*

³⁰⁷ *Ibid.*, 147.

³⁰⁸ *Ibid.*, 146.

³⁰⁹ *Ibid.*, 147.

³¹⁰ *Ibid.*

(...) Taiwan krev at Kina skal bli demokratisk før ei samanslåing kan skje.»³¹¹ I Taiwan går det enda betre økonomisk enn i Kina, noko som vert sett i samanheng med det utvikla demokratiet.

Asia vert framstilt meir nyansert og optimistisk enn Afrika. *Undervegs* set optimismen der særleg i samanheng med økonomi, og det gjeld for mange land: «India og Kina er ikkje dei einaste landa i Asia som har hatt stor økonomisk framgang. Ei rekkje asiatiske land har opplevd det same.»³¹² Samstundes er det ei blanda avslutning for også i Asia er det usikkert kva framtida vil bringe, noko underoverskrifta «Økonomisk framgang, men store problem»³¹³ vitnar om. Hovudbodskapen om Asia er at ting går betre, men det er mykje uvisse. Miljøproblem vert trekt fram som ei utfordring: «Kina har dessutan eit alvorleg forureiningsproblem. (...) Skal den økonomiske veksten i Kina halde fram, er det nødvendig at landet får kontroll på forureininga.»³¹⁴ Noko av usikkerheita er vidare kopla til utsiktene for demokrati: «Det skal òg bli spennande å sjå om leiarane i Kina vil tillate meir demokrati.»³¹⁵ Mangelen på demokrati modifierer framgangen Kina har hatt.

I delen om Afrika liknar avslutninga ein *tragedie*. Til tross for store løfter i form av økonomisk støtte frå Vesten etter frigjeringa og eit klart håp om demokrati, så går det likevel ikkje så bra. *Undervegs* si forteljing har andre forrædarar enn i *Kosmos*. I tillegg til ikkje-menneskelege omstende som naturforhold og epidemiar er folket først og fremst svikta av sine eigne leiarar. Det finst noko håp i *Undervegs*, og det vert knytt til demokrati. Det har gått bra i Taiwan på grunn av demokrati, og i Sør-Afrika er Afrikas håp fordi dei har greidd å ta vare på demokratiet. Bodskapen vert at dersom land tek til seg demokrati er det håp. Mangel på demokrati representerer samstundes eit stort problem i *Undervegs* og mellom anna Kina, som ikkje ønsker demokrati, gir noko trugande framtidsperspektiv. Vesten har mista noko av sin sterke posisjon og framtida vert usikker på grunn av trugslar mot demokratiet.

4.4 Matriks

I kapittelet «Koloniane blir sjølvstendige» spør *Matriks* korleis koloniane vart sjølvstendige og kva utfordringar dei nye statane møtte. Skildringar av korleis avkoloniseringa gjekk føre seg

³¹¹ *Ibid.*, 149.

³¹² *Ibid.*, 150.

³¹³ *Ibid.*, 147.

³¹⁴ *Ibid.*, 148.

³¹⁵ *Ibid.*

får meir merksemd i *Matriks* enn i dei andre bøkene. Kontakt mellom dei tidlegare koloniane og kolonimaktene eller det internasjonale samfunnet vert sentralt i forteljninga.

På liknande vis som *Undervegs* og *Kosmos* startar *Matriks* med å understreke at det var knytt mykje glede og store forhåpningar til frigjeringa. Men vidare skil *Matriks* seg frå dei to første bøkene ved å gi ulike konkrete døme på «Vegar til sjølvstende»³¹⁶. Her vert krigen i Algerie eit døme på valdeleg frigjerung, delinga av India på ikkje-valdeleg frigjerung, medan Sør-Afrika og apartheid vert døme på at tidleg sjølvstende ikkje nødvendigvis betydde fridom. I alle tilfella har boka skildringar av korleis menneske i dei tidlegare koloniane kjempa for frigjerung og korleis dei tidlegare makthavarane reagerte, og avkoloniseringa vert slik i større grad eit resultat av aktive handlingar. Slik skil *Matriks* seg frå *Kosmos* og *Undervegs*, kor avkoloniseringa framstår meir som ei utvikling som pressa seg sjølv fram.

Matriks samanliknar avkoloniseringa i Algerie med den i India. Den store skilnaden mellom dei vert åtferda til kolonimaktene. *Matriks* gir britane honnør i India, i klar kontrast til Frankrike i Algerie: «Medan Frankrike tviheldt på koloniane sine og prøvde å gjere nasjonane dei koloniserte, franske, gjennomførte britane ei gradvis avkolonisering som førebudde koloniane på å styre seg sjølv.»³¹⁷ I motsetning til i *Undervegs* går avkoloniseringa av India fredelig føre seg i *Matriks*, sjølv om det var fare for at det skulle bli valdeleg også der: «Britane hadde halde dei religiøse motsetnadane under kontroll då dei styrte kolonien, men etter at dei trekte seg ut, blussa motsetnadane opp. (...) For å hindre borgarkrig blei leiande indiske politikarar og britane samde om å dele India i to.»³¹⁸ Britane vart her med på løysinga, i motsetning til Frankrike.

Siste del av kapittelet har underoverskrifta «Problem for dei nye statane»³¹⁹. Her vert «etniske motsetningar» ei viktig årsak til problema:

Rett nok fekk mange av dei tidlegare koloniane støtte frå det internasjonale samfunnet. Og mange av dei blei demokratiske og hadde ulike politiske parti etter at dei blei sjølvstendige. Men dei etniske motsetnadane mellom ulike grupper var ofte så store at politikarane ikkje greidde å bli samde om ein felles strategi for å gjenreise landet.³²⁰

³¹⁶ Hellerud og Knutsen, *Matriks 10: Historie* 97.

³¹⁷ *Ibid.*, 98.

³¹⁸ *Ibid.*

³¹⁹ *Ibid.*, 101.

³²⁰ *Ibid.*

Dei tidlegare kolonimaktene får noko av ansvaret for motsetnadane, fordi dei i Afrika trekte landegrensar på tvers av ulike etniske grupper og fordi dei skapte splitting mellom grupper som støtta dei og motarbeida dei. Ein forstår vidare at dersom koloniane hadde hatt betre demokrati kunne situasjonen vore annleis: «Langvarig kolonistyre gjorde også at koloniane hadde få demokratiske tradisjonar som kunne ha sett dei i stand til å samarbeide betre på tvers av etniske skiljelinjer.»³²¹ Eit sterkt demokrati kunne potensielt ha overvunne slike etniske skilnader. I *Matriks* si forteljing vert demokrati difor ei mogleg løysing på problema.

Oljekrisa i 1973 vert trekt fram som den utløysande årsaka til problema som oppsto etter frigjeringa. Krisa vert ei årsak fordi den førte til at: «Samtidig auka Vesten rentene på låna dei hadde gitt til dei tidlegare koloniane, fordi dei trong pengane.»³²² Slik vert bakgrunnen for problema ei overordna utvikling som det er vanskeleg å klandre nokon for. *Kosmos* plasserer ansvaret hjå Vesten og *Undervegs* hjå korrupte leiarar, medan *Matriks* i mindre grad gir nokon ansvar.

I *Matriks* får ein inntrykk av at problema etter avkoloniseringa i stor grad er løyst, eller i det minste at dei er på god veg til å løyse seg. Og når utviklinga går oppover mot slutten er det mykje fordi demokrati spreier seg: «Fleire av dei tidlegare koloniane begynte å satse på industriutbygging, fleire diktatur blei avvikla og det blei innført fleirpartival og ytringsfridom i fleire land.»³²³ Industri og demokrati vert kjenneteikn ved framgangen. Framgangen vert eksemplifisert gjennom Sør-Afrika, som er blitt demokratisk og difor på rett veg. *Matriks* trekk fram at det internasjonale samfunnet sitt press på Sør-Afrika bidrog til å gjere slutt på apartheid. Slutten på apartheid og Sør-Afrika som oppnår demokrati markerer slik ei positiv avslutning på forteljinga. Den siste sida har også ei fokusboks om bistand med tittelen «Noreg og u-landa». Den er illustrert med eit bilete av smilande indiske born framfor ein fiskebåt og bistand vert eit anna døme på framgang: «Medan berre nokre få land i Afrika fekk hjelp i 1950-åra gir Noreg i dag u-hjelp til mange land i fleire verdsdelar»³²⁴. Målet med u-hjelp er å «skape økonomisk vekst, dekkje folk sine grunnbehov og fremje menneskerettar og demokrati.»³²⁵ og vert del av *Matriks* sitt overordna budskap om demokrati som løysing.

³²¹ *Ibid.*

³²² *Ibid.*

³²³ *Ibid.*, 103.

³²⁴ *Ibid.*, 105.

³²⁵ *Ibid.*

Både europeiske verdiar og økonomisk støtte vert viktige for frigjeringa i *Matriks*. Tidlegare i kapittelet vart europeisk utdanning viktig for dei som kjempa for frigjering: «somme fekk reise til Europa for å utdanne seg. Dei kom tilbake til heimlanda sine med europeiske idear om nasjonalisme og demokrati.»³²⁶ Europeisk utdanning og verdiar vart slik viktig for at avkoloniseringa skulle skje. Innbyggjarane i dei tidlegare koloniane er delaktige i frigjeringskampen, mykje takka vere påverknad frå Europa. Det vert Europa som sit med løysinga og ein viktig grunn til at det går bra er at koloniane har lært av Europa. «Det internasjonale samfunnet» spelar ei viktig rolle for dei tidlegare koloniane, og omgrepet vert nytta synonymt med «Vesten». Det internasjonale samfunnet har gode løysingar og gode intensjonar: «For å gi dei tidlegare koloniane gode sjansar til å greie seg sjølve gav det internasjonale samfunnet dei store lån og sende hjelpearbeidarar. Mange i dei tidlegare koloniane hadde derfor store voner om økonomisk vekst og auka velferd og velstand.»³²⁷ Gjennom forteljinga i *Matriks* vert demokrati fremma som målestokk på utviklinga og demokratiet vert noko som spring ut frå Europa. *Matriks* formidlar til dels positive framtidsutsikter takka vere det internasjonale samfunnet og vestlege verdiar som demokrati.

I *Matriks* finn eg Kayser Nielsens trope *u-modellen*. Først er forteljinga prega av optimisme og frigjering. Så kjem det problem og nedgangstider, men no er det håp igjen, takka vere det internasjonale samfunnet. Ein slik *u*-modell kjem tydeleg til synes i spørsmåla:

23 Kvifor blei det nedgangstider i mange *u*-land sist i 1970-åra?

24 Kva forbetringar opplevde mange *u*-land sist i 1990-åra?

25 Kvifor gjekk det betre med mange *u*-land sist i 1990-åra?³²⁸

Strukturen på forteljinga liknar også ein *komedie*. Oljekrisa vert eit brot som representerer ei misforståing. Harmonien ein hadde kjempa fram gjennom avkoloniseringa vart slik forstyrra. Men så ryddar «det internasjonale samfunnet» deretter opp att og ein kan vende tilbake til betre tider med demokrati og økonomisk vekst. *Matriks* si forteljing vert avslutta med oppgangstider og optimistiske framtidsperspektiv og syner at det er mogleg å endre ein negativ situasjon gjennom kulturkontakt.

³²⁶ *Ibid.*, 95.

³²⁷ *Ibid.*

³²⁸ *Ibid.*, 106.

4.5 Nye makt og menneske

I kapittelet «Avkolonisering og maktkamp» konsentrerer *Nye makt og menneske* seg om kva som skjedde i eit utval tidlegare koloniar i tida etter frigjeringsa. Sentrale aktørar i forteljinga er innbyggjarar i dei landa. Det er få kontaktpunkt mellom europearar og ikkje-europearar, og slik liknar tilnærminga den i *Undervegs*. Tidlegare koloniar vert likevel framstilt på ein heilt annan måte enn i *Undervegs*. *Nye makt og menneske* skapar eit bilete av andre kulturar som sjølvstendige og aktive aktørar og gir slik ei meir positiv framstilling. Gjennom mellom anna fargerike bilete og fleire smilande menneske bidrar illustrasjonane til å gi eit meir optimistisk og variert syn på andre kulturar, noko som legg opp til ei anna forståinga av kultur møter. *Nye makt og menneske* gir noko plass til den konkrete gjennomføringa av avkoloniseringa, særleg i Afrika, og i avslutninga på forteljinga kjem kultur møter inn som ein mogleg veg framover i form av moderne bistand.



Figur 7 Døme på ei positiv framstilling av ikkje-europearar (Ingvaldsen og Krisentensen, *Nye makt og menneske* : Historie 10, 103)

Nye makt og menneske skriv først og fremst om ikkje-europeiske aktørar og om korleis dei endrar samfunna sine. Som i Rüsens *utviklingsforteljingar* vert transformasjon sentralt, og kontrast mellom tradisjon og modernitet vert ein viktig del av forteljinga. Der skjer heile tida endring, og den ønska endringa er til det moderne og demokratiske. Det er ikkje ei like tydeleg forventning som i dei andre lærebøkene om at land utanfor Europa treng europeisk støtte, sjølv om boka har mange døme på at landa ikkje har nådd demokrati. *Nye makt og menneske* løfter

fram likestilling som ein viktig verdi og rettar eit særleg søkelys mot kvinner og kvinners rettar. Forfattarane poengterer at her har enkelte land utanfor Europa lege i forkant: «Det skulle altså bli Storbritannias tidlegare koloniar som gjekk i front når det galdt kvinnelege leiarar.»³²⁹ Kvinner vert også framheva som illustrerande for negative situasjonar, til dømes vert det trekt fram at kvinner i DR Kongo har hatt det vanskeleg etter sjølvstende. *Nye makt og menneske* skil seg frå dei andre ved å fokusere på kvinnelege leiarar og kvinners rettar generelt, også som del av brødteksta. Det er tendensar til at menn og kvinner vert framstilt på ulike måtar og i ulike roller. Aung San Suu Kyi vert til dømes avbilda saman med borna sine og ektemannen i *Nye makt og menneske*. Boka skriv mellom anna om henne: «Da mora vart dødssjuk i 1988, reiste dottera tilbake til Burma for å pleie henne.»³³⁰ Vidare har boka fleire bilete av kvinner med små barn, til dømes er nonna Angelique Namaika, som driv hjelpearbeid, avbilda med tre små barn ho har adoptert. Kvinners roller som mødrer og omsorgstakarar vert framheva, og slik vert kjønn ein faktor i framstillinga av aktørane.

Teksta om India har ei overskrift som lyd: «Det moderne India». Av resten av teksta kan ein forstå at det som vert sett som moderne mellom anna er utdanning, teknologi og demokrati. I kontrast vert det umoderne i India tradisjon og religion: «Indias første statsminister, Jawaharlal Nehru, var for framsteg og modernisering. Men det var spesielt to ting som kunne øydeleggje for planane hans: kastesystemet og dei heilage kyrne.»³³¹ Nehru hadde eit stort ønske om å bli moderne og med det demokratisk. Det har India til ein viss grad oppnådd: «I dag ser India på seg sjølv som eit demokrati, og på grunn av folketalet reknar mange det som det største demokratiet i verda.»³³² Men her er samstundes ein skeptisk undertone om at *vi* ikkje gjer det. Kastesystemet fører til fleire problem: «Ifølgje Amnesty International var det i 2015 om lag 200 millionar kastelause, som er nedst på rangstigen i India. Dei kastelause blir diskriminerte, men ingen snakkar om det.»³³³ Orienteringa forteljninga i *Nye makt og menneske* gir vert at ein bør nettopp snakke om det og då vert endring naudsynt. Her kjem også funksjonen til ei *kritisk forteljing* inn, kor endringa bør føre til noko nytt. Ein må få til ei meningsfull endring og den bør føre til betre demokrati.

³²⁹ Ingvaldsen og Kristensen, *Nye makt og menneske : Historie 10*, 94.

³³⁰ *Ibid.*, 100.

³³¹ *Ibid.*, 92.

³³² *Ibid.*, 97.

³³³ *Ibid.*, 92.

Som i *Matriks* spelar det internasjonale samfunnet ei tydeleg rolle, «Internasjonalt press» kjem til dømes inn gjennom FN, Amnesty, Nobels fredspris og internasjonale observatørar. Boka syner store forventingar til FN's posisjon, som i konflikten mellom India og Pakistan: «Sjølv om FN kom tidleg på banen for å skape fred, har det fiendtlege forholdet mellom dei to nabolanda halde fram heilt til i dag.»³³⁴ FN vert her ein aktør som ein i utgangspunktet ventar kan skape fred. Som andre lærebøker vert Nobels fredspris trekt fram som ei viktig anerkjenning, til dømes om Aung San Suu Kyi: «i 1991 fekk ho Nobels fredspris for den ikkjevaldelege kampen sin for demokrati i heimlandet.»³³⁵ Til trass for vanskar vert Aung San Suu Kyi og Burma eit døme på framgang gjennom framveksten av demokrati. Sluttpunktet på tidslinja for perioden er til dømes: «2016: Demokratisering i Myanmar»³³⁶.

Imperialismen og manglande industrialisering vert trekt fram som to av «mange årsaker»³³⁷ til at tidlegare koloniar i dag er fattige. Ei annan årsak er at «Maktgalne leiarar fylte heller sine egne bankkontoar enn å bruke støtta til det ho var meint for.»³³⁸ Mugabe i Zimbabwe vert eit talande døme på slike leiarar: «Presidenten brukte enorme summer på ei storslått fødselsdagsfeiring saman med tilhengjarane sine. (...) Grace, kona hans, er 41 år yngre og berykta for sitt store bruk av pengar og for sin spesielle livsstil.»³³⁹ Mugabe-paret vert *models of vice* gjennom å demonstrere menneskelege lastar som grådighet, i likskap med i *Undervegs*. Men her vert paret del av ei meir nyansert framstilling og får difor ei mindre dominerande rolle enn i *Undervegs*.

Kontaktpunkta mellom europearar og ikkje-europearar vert positive for sistnemnde, til dømes kan Pakistan hindre overbefolkning gjennom migrasjon til Vesten: «I India og Bangladesh slit ein med eit stort befolkningsoverskot. Det same er ikkje tilfellet i Pakistan. Landet har eksportert arbeidskraft til Vest-Europa i den siste halvdel av det førre hundreåret, og på den måten heldt folketalet seg stabilt.»³⁴⁰ I likskap med *Matriks* avsluttar også *Nye makt og menneske* kapittelet om avkolonisering med bistand. Forfattaren understreker at tidlegare fungerte bistand dårlegare, men i dag er bistand ein god ting fordi ein gjennomfører den betre enn før, og bistand vert difor ei mogleg løysing på problema: «Støtta blir gitt direkte til

³³⁴ *Ibid.*, 88.

³³⁵ *Ibid.*, 100.

³³⁶ *Ibid.*, 115.

³³⁷ *Ibid.*, 112.

³³⁸ *Ibid.*, 113.

³³⁹ *Ibid.*, 111.

³⁴⁰ *Ibid.*, 92.

utviklingsprosjekt, medisinsk hjelp og utdanning. Spesielt i Afrika er denne støtta viktig. Her er mange ramma av hungersnød, aids og analfabetisme.»³⁴¹ Det gir ei relativt håpefull avslutning på kapittelet, og både *Matriks* og *Nye makt og menneske* illustrerer det med fotografi av ein kvit person som driv bistand. Saman med bistand vert også handel presentert som ei mogleg løysing i *Nye makt og menneske*, når boka avsluttar kapittelet slik: «Dei få landa som har fått ta størst del i verdshandelen, har hatt ei utvikling som har ført til at dei treng lite hjelp.»³⁴² Både bistand og verdshandel er avhengig av hjelp frå Vesten, og ein nøkkel til større framgang ligg difor der. Slik vert ei mogleg løysing for å få den gode utviklinga assosiert med Vesten.

I *Nye makt og menneske* vert særleg britane ein slags forkjempar for sjølvstende. Boka understrekar at dei var opptekne av å gjennomføre avkoloniseringa på ein god måte: «Britane var overtydde om at avkolonisering var like nødvendig i Afrika som i Asia. Det var viktig å leggje forholda til rette for eit framtidig økonomisk samarbeid med dei nye sjølvstendige landa.»³⁴³ At britane var flinke til å legge til rette vert understreka fleire gongar, til dømes i kontrast til Belgia: «Dei belgiske kolonistane hadde ikkje sørgt for at kongolesarane hadde fått høgare utdanning, slik til dømes britane hadde gitt ein del av innbyggjarane i koloniane sine.»³⁴⁴

Forteljinga i *Nye makt og menneske* er samansett. Boka viser stor variasjon blant tidlegare koloniar, kor ein har noko god utvikling, men òg mykje dårleg. Det finst klare framsteg i form av kvinnelege leiarar, India er blitt demokratisk, og Burma har god utvikling. Eit mogleg forræderi mot god utvikling ligg hjå dei som ikkje let folk få demokrati og menneskerettar, inkludert likestilling. Det er ulike grupper som står for dette forræderiet. Forrædarar vert dei ikkje-demokratiske makthavande som Mobutu i Kongo og Mugabe i Zimbabwe, militære i Burma og tradisjon i India, særleg kastesystemet som ikkje fremjar menneskerettar for alle.

Ved å vise variasjon mellom tidlegare koloniar syner forteljinga i *Nye makt og menneske* at utviklinga ikkje nødvendigvis berre fører til enten framgang eller nedgang. Det skjer likevel heile tida ei form for endring og korleis den skjer vert avhengig av aktørane. Den orienterande funksjonen i forteljinga vert at elevane sjølv vert del av endringa og difor kan påverke utviklinga.

³⁴¹ *Ibid.*, 113.

³⁴² *Ibid.*

³⁴³ *Ibid.*, 110.

³⁴⁴ *Ibid.*, 106.

4.6 Diskusjon av forteljingane om avkolonisering

Sjølv om avkolonisering i utgangspunktet kan sjåast som eit ikkje-møte mellom kulturar er også slutten på kolonitida prega av kulturmøter. I avkoloniseringa finn møta stad på eit meir institusjonalisert nivå enn tidlegare. Europearane vert også i avkoloniseringa ei underliggende drivkraft for endring, og europearar vert her omdefinert til Vesten og representantar for «det internasjonale samfunnet». Det er færre statar som er med som europeiske aktørar, men særleg britane vert trekt fram som nokon som ønska at avkoloniseringa skulle skje på ein god måte. Av menneska europearane møter er det dei same geografiske områda som vert sentrale her som i imperialismen. Afrika får mykje merksemd, og vert meir nyansert enn tidlegare ved at ulike land og personar vert framheva. I Asia vert India og Pakistan særleg viktige.

Forteljingane om avkoloniseringa vert del av ei *tradisjonsforteljing* som handlar om framveksten av det internasjonale samfunnet. Det er ikkje tydeleg definert akkurat kven det internasjonale samfunnet er, men europearar utgjer ein heilt sentral del av det. Noreg vert til dømes del av det internasjonale samfunnet gjennom bistandsarbeid. Nobels fredspris og organisasjonar som FN vert viktige døme på det internasjonale samfunnet, som slik først og fremst vert symbol på gode krefter.

Måten det internasjonale samfunnet vert skrive fram på liknar Aronssons trope *då er heilt annleis enn no*. Forståinga av kva det internasjonale samfunnet er vert til i kontrast til tidlegare europeiske imperialistar, og fortida vert dimed meiningsfull som kontrast til i dag. Det internasjonale samfunnet erstattar slik dei tidlegare imperialistane som sentrale europearar og skapar ei ny forståing for kven dagens europearar er. Bøkene kritiserer tidlegare europeisk åtferd og ironiserer over europearanes syn på seg sjølv som betre enn andre. Gjennom kritikken mot dei vert imperialistane til «dei andre», og utkrystalliserer slik verdiane som dagens internasjonale samfunn har utvikla. Samstundes som det internasjonale samfunnet representerer eit større globalt «vi», vert vestlege land dei førande ved at andre er mottakarar av hjelp. Dei tidlegare koloniane vert slik ein mindre viktig del av det internasjonale samfunnet, noko som understrekar at det internasjonale samfunnet først og fremst handlar om Vesten. Her kjem også tropen *inkje nytt under sola* til synes, gjennom å stadfeste at europearane held fram som dei leiande aktørane i verda. Det internasjonale samfunnet er fundert i ein europeisk tradisjon og spring ut frå ei overlevering av europeiske verdier. Det vert Europa frå si beste side, slik ein ønsker å vere, som mellom anna er demokratisk, moderne, endringsvillig og utovervend. Dagens «gode verdier» vert på denne måten skapt både i kontrast til tidlegare imperialistar og

til representasjonane av ikkje-vestlege land, ved at det internasjonale samfunnet vert kva dei andre ikkje er. Likestilling mellom kjønn vert ikkje framheva som ein av desse verdiane, med unntak av i *Nye makt og menneske*, kor kvinners rettar fleire gongar vert trekt fram som døme. Oppslutning om likestilling er ein sentral del av føremålet med samfunnsfaget, og det er difor særleg påfallande at det her ikkje vert ein meir sentral del av forståinga av dagens Europa.

Ved å fremje bestemte verdiar som «gode» og «rette» tek forteljingane i avkoloniseringa ei *eksemplarisk* form. Verdiane vert universaliserte og til noko sjølvstøtt i avkoloniseringa, og dei er tilslutta av det internasjonale samfunnet som vert ein slags leverandør av gode verdiar. Viktige verdiar som vert formidla i forteljingane om avkoloniseringa er ikkjevald og å ikkje vere grådig. Verdiane vert allmenngyldige og underliggande målestokk for utviklinga i verda. Siktemålet for dei tidlegare koloniane vert å oppnå desse verdiane. Målestokkar på utvikling for dei tidlegare koloniane vert mellom anna demokrati, utdanning og økonomi, inkludert velferd og omfordeling av rikdom. Dårlig økonomisk styring, ulikskap og mangel på demokrati vert sentrale problem som hindrar framsteg.

I alle forteljingane gjekk utviklinga raskt dårleg for dei tidlegare koloniane. Alle bøkene er opptekne av problem og konflikter i landa etter frigjeringa, men forma på avslutningane sprikar. I *Matriks* gjekk det raskt betre att, slik at forteljinga her tek form av ein *u-modell*. Ein viktig grunn til at det gjekk betre vert at det internasjonale samfunnet hjelper dei tidlegare koloniane. I *Kosmos* og *Undervegs* held nedgangen fram, men av ulike grunnar. I begge bøkene liknar forteljingane ein *tragedie*, men dei har ulike aktørar som ansvarlege for tragedien slik at det dei formidlar likevel vert ulikt. *Kosmos* fokuserer mest på dei tidlegare kolonimaktene, medan *Undervegs* fokuserer mest på land utanfor Europa. I *Kosmos* er ting som dei alltid har vore, og rike vestlege land utnyttar fattige i eit urettferdig økonomisk system. Samstundes inkluderer boka få perspektiv frå utanfor Europa, og endar difor langt på veg opp med å formidle ei eurosentrisk forteljing kor det er europearane som vert dei sentrale og som står for alt av historisk utvikling. I ei slik forteljing står europearane som ansvarlege for situasjonen i verda i dag og følgeleg er det berre dei som kan ventast å gjere noko med han. I *Undervegs* har årsakene til den negative utviklinga i Afrika røter i dei tidlegare koloniane. Særleg *Undervegs* si pessimistiske skildring av Afrika gir negative framtidsoverventningar, men formidlar samstundes at også andre enn europearar er ansvarlege for situasjonen. Plottstrukturen i *Nye makt og menneske* er meir samansett og utviklinga er mindre eintydig. Boka har få kulturmøter, men har ei meir optimistisk framstilling av ikkje-europeiske kulturar, noko som indirekte oppmuntrar

elevane til å møte nye kulturar. *Nye makt og menneske* si framstilling av andre kulturar som spennande og flotte gir elevane ei positivt forventing til andre kulturar.

Forteljingane om avkoloniseringa held fram inn i elevanes eiga samtid, og viser også til ulike framtidsutsikter. Generelt er det få klare løysingar i bøkene. I *Kosmos* har Vesten laga urettferdige handelssystem som må endrast dersom landa i Sør skal få framgang. Det er Vesten som har makt til å endre desse. I *Undervegs* si forteljing klarar ikkje Afrika seg sjølv, noko den overveldande negative skildringa syner. Hovudbodskapen i *Undervegs* kan summerast opp ved at utviklinga går dårleg i verda og det er lite vi kan gjere med det. Stoda er ikkje like ille i *Matriks*, mykje fordi Vesten har vore involvert i utviklinga. Ifølge *Matriks* går det betre med mange tidlegare koloniar, og ein del av årsaken ligg i støtte frå det internasjonale samfunnet til demokrati og utdanning. Slik kan det også halde fram i framtida. I *Nye makt og menneske* vert løysingar for fattige land at dei kan bli med i verdshandelen og få moderne bistand frå Vesten. I *Nye makt og menneske* klarer resten av verda seg nokolunde på eiga hand, men situasjonen kan bli betre med hjelp frå Vesten.

Lærebøkene formidlar på ulikt vis at ansvaret for at ting skal gå bra ligg hos Vesten. Som i dei andre temaa går kulturmøta i avkoloniseringa i hovudsak ein veg, slik at det er dei tidlegare koloniane som vert mest påverka av kontakten. Eit sentralt møte handlar om korleis vestlege land freista hjelpe dei tidlegare koloniane etter frigjering. Eit viktig poeng i fleire av bøkene er at europearane prøvde og ønska at det skulle gå bra med koloniane og Vesten kjem i ein hjelparposisjon. Møta vert noko som andre enn Vesten kan få glede av, samstundes er det igjen ikkje-europeiske land som lid mest og vert offer for europearanes herjingar, no gjennom dei økonomiske systema. Europa får ressursar og økonomisk vekst, men elles er det lite å hente hjå andre kulturar utanom frå personar som allereie er omfamna av Vesten, slik som Gandhi og Mandela. Dei to vert representantar for dei gode verdiane og brukar verdiane til å rette kritikk mot Vesten sjølv, ein kritikk som liknar den som vart retta mot europearane i forteljingane om imperialismen. Kritikken handlar om at europearane må la alle få ta del i deira gode verdiar, noko Gandhi og Mandela demonstrerer er mogleg ved å personifisere dei internasjonale ideala.

Ein viktig del av møta mellom kulturar i bøkene vert å formidle europeisk støtte og europeiske verdiar, kor ein prøvde å overføre dei gode verdiane frå Europa til resten av verda. Men utviklinga svikta både i imperialismen og etter frigjeringa, og ender til tider opp i håplausheit. Det skjedde fordi først og fremst europearane, men også andre, vart innhenta av lastar som grådigheit og egoisme. Tidlegare europeisk øydelegging vert likevel berre feilskjer på vegen i

ei større tradisjonsforteljing. I denne forteljinga har det blitt skapt eit internasjonalt samfunn basert på gode, europeiske verdiar som er blitt universelle, kor den overordna budskapen er at ein i dag veit betre enn før. Verdiane det internasjonale samfunnet står for har ikkje heilt fått nedslag i dei tidlegare koloniane enno og difor treng dei hjelp. Det er dette internasjonale samfunnet elevane skal identifisere seg med i dag. Ei orientering vert at resten av verda må ta til seg dei universelle verdiane det internasjonale samfunnet står for, og europearane, og dimed elevane, bør hjelpe dei i den prosessen.

5 Avslutning

I denne oppgåva har eg undersøkt korleis historielære-bøker framstiller europearar og ikkje-europearar i møte med kvarandre i temaa europeiske oppdagingsreiser, imperialismen og avkolonisering. Forteljingane eg har identifisert handlar alle om europeisk hegemoni og dominans og har europearar som udiskutable hovudroller. Sjølv om forteljingane i lærebøkene er ulike bryt dei ikkje med ei slik overordna ramme. Kven europearane er og kven menneska dei møter er, varierer noko innanfor dei tre temaa. I oppdagingsreisene vert europearane særleg eventyrlystne, nyfikkne og utovervendende. Utover i forteljingane endrar dei karakter og vert omsynslause og grådige. Inkaene og aztekarane vert framstilt som imponerende og avanserte, og ulike, men likeverdige europearane. Afrikanarane vert framstilt som lidande ofre. I imperialismen er det hovudsakleg lagt vekt på kolonimaktene, og då særleg Storbritannia eller europearar som ei generell gruppe. Partane europearane møter er frå områda dei tek som koloniar, kor Afrika som kontinent og India får mest plass i forteljingane. I imperialismen vert europeisk dominans valdsam og sjølvsgagt, og europearane tenker først og fremst på eiga vinning. Menneska dei møter vert framstilt som i stillstand og yter lite motstand. I avkoloniseringa vert Europa omdefinert til eit større «internasjonalt samfunn» som inkluderer USA og internasjonale institusjonar, og eit viktig skilje går mellom desse og dei tidlegare koloniane. I avkoloniseringa får andre enn europearar meir plass og det er også meir geografisk variasjon blant ikkje-europearane. Eit viktig trekk ved europearane vert her at dei innsåg at avkoloniseringa måtte skje. Sjølv om dei ikkje var på «riktig side» i historia tidlegare, har dei no vorte til det internasjonale samfunnet og funne fram til dei rette verdiane.

5.1 Forteljingar om Europas vekst

Forteljingane eg har analysert vert alle del av ei *tradisjonsforteljing* som leiar fram til etableringa av «det internasjonale samfunnet». Tradisjonsforteljinga vert utfordra av ei *kritisk forteljing* som kritiserer europeisk åtferd. Kombinasjonen av dei to konkurrerende forteljingane skapar ei sterk *eksemplarisk* forteljing som orienterer elevane om at dei som europearar i det internasjonale samfunnet skal hjelpe resten av verda med å fremje «gode verdiar». Den eksemplariske funksjonen til forteljingane oppstår i skjeringspunktet mellom tradisjonsforteljinga og den kritiske, og syner elevane korleis dei skal handle. Her ligg det også ei forståing av kva dagens internasjonale samfunn er. Gjennom tropen *då er heilt annleis enn*

no vert denne forståinga skapt i kontrast til tidlegare europearar, og ved hjelp av kritikken mot dei kan dagens internasjonale samfunn tre ut som eit moralsk fellesskap kor ein har funne fram til dei gode og rette verdiane. Det internasjonale samfunnet vert skriven inn i ei forteljing kor ein har tatt bort alle feilsteg og lært av historia, og det er dette elevane vert oppfordra til å identifisere seg med. Orienteringa vert at Vesten må vise storsinn og la andre land få ta del i desse verdiane.

Tradisjonsforteljinga handlar om opphavet til dagens internasjonale samfunn. I alle dei tre temaa avsluttar forteljingane når Europa er på sitt sterkaste, slik at det vert storleiken på Europas makt som set sluttpunkta for forteljingane. Forteljingane om oppdagingsreisene sluttar då europearane etablerte seg i Amerika, forteljingane om imperialismen vert avslutta då europearane tok koloniane, og til trass for at avkoloniseringa handlar om at Europa ikkje lenger har koloniar, vert Vesten ståande som den hegemoniske part på slutten av forteljingane. Vesten har då blitt til det internasjonale samfunnet, gir økonomisk støtte og bistand og framstår særskild vellukka i kontrast til kor dårleg det har gått for dei tidlegare koloniane. Sjølv om dei europeiske territoria sokk saman att etter avkoloniseringa handlar difor alle forteljingane om Europas vekst. Etter andre verdskrig har Europa blitt erstatta av det internasjonale samfunnet og er dimed igjen i ein maktposisjon, legitimert av tradisjonsforteljinga si framskriving av verdiane til det internasjonale samfunnet som dei rette. Samla vert europearane dei som får ting til å skje i historia. Påverknad *på* Europa er lite synleg og det vert typisk europeisk å påverke andre. Her bidrar tropen *inkje nytt under sola* til ei tradisjonsforteljing kor europearane held fram med å stå for utvikling, framgang og sentrale hendingar i historia. Ein slik konstruksjon av «det europeiske» oppstår med ikkje-europearar som motstykke, og skapar kontinuitet fram til i dag ved at det internasjonale samfunnet er basert på dei gode verdiane frå Europa.

Den kritiske forteljinga fremmar mykje kritikk mot europearane. Forteljingane i dei tre temaa har alle *tragedie*-trekk og vert slik gjentekne nedgangsfortelingar, men dei tek litt ulik form. Felles for forteljingane er at dei startar bra, men til slutt endar dårleg. I oppdagingsreisene har forteljingane struktur som ein *omvend u-modell* kor dei startar med optimistiske utreiser, og når eit høgdepunkt etter at oppdagarane kjem til Amerika, før dei til slutt endar i slavehandel og utrydding. I imperialismen utviklar Europa seg i høgt tempo, og forteljinga liknar ein trykkokar som så kokar over og fører til europeisk maktovertaking og utnytting av koloniane. I avkoloniseringa er forteljingane meir sprikande. Dei startar med eit godt utgangspunkt og framtidshåp, før utviklinga går mot økonomisk ustabilitet og manglande demokrati i dei

tidlegare koloniane. Kritikken framhevar at det i stor grad er europearane som har ført til at møta mellom kulturar ikkje har gått bra i historia, og nyanserer slik den opphøgde posisjonen europearane får i tradisjonsforteljinga. Den kritiske forteljinga utkonkurrerer likevel ikkje tradisjonsforteljinga, kor eit aspekt handlar om å spreie vestlege verdier. Europeisk utdanning og verdier vert til dømes viktige årsaker til avkolonisering og den framgangen som skjer for tidlegare koloniar. Vidare falmar kritikken mot europearane når bøkene på same tid held Vesten som målestokk for resten av verda.

Forteljingane i lærebøkene er tosidige: Europa øydelegg, men vert også opphavet for det internasjonale samfunnets moderne verdier. I forteljingane er det først og fremst menneske utanfor Europa som har noko å vinne på kulturmøter, sjølv om det ofte endar med at europearane øydelegg for dei. Europa vert rikare som resultat av møta, men det er på grunn av tilgang på råvarer, ikkje møter med andre kulturar i seg sjølv. Kulturmøter vert slik noko som heng tett saman med handel og økonomisk utbytte. Vidare vert kontakt med europearar, særleg gjennom imperialisme, ein stor del av bakgrunnen for korleis ikkje-europeiske land har blitt som dei er. Kulturmøter vert derimot mindre viktige for utviklinga av Europa i forteljingane eg har undersøkt, og soleis noko som framstår som viktigare for andre enn for europearar. For å utdjupe dette vidare vil det vere naudsynt å undersøke korleis kulturmøter vert del av ei tradisjonsforteljing i lærebøkene som heilskap.

5.2 Oppgåvas funn opp mot tidlegare forskning og læreplanen

Funna i oppgåva mi syner at europearar dominerer historielærebøkene, medan menneske frå andre kulturar vert lite aktive. Europeiske perspektiv vert dei førande i forteljingane. Oppgåva stadfestar difor mykje av kritikken tidlegare lærebokforskning har retta mot lærebøkene og føyer seg til den internasjonale kritikken om at det enno ikkje er skjedd «quite a decolonial turn»³⁴⁵ i lærebøkene.

Tidlegare forskning har lagt vekt på at lærebøkene er eurosentrisk. Det stemmer overeins med mine funn, samstundes som eg finn at konstruksjonen av europeisk identitet er samansett. Å ta utgangspunkt i kulturmøtesituasjonar for å undersøke framstillingane av europearar og ikkje-

³⁴⁵ Wassermann, "Perspectives on Representations of Colonial Pasts Through Textbook Analysis - Not Quite a Decolonial Turn."

europearar har gjort det særleg tydeleg korleis utvalet i lærebøkene senterer seg kring Europa, men det har også synleggjort ei tosidigheit i forståinga av det europeiske. I forteljingane vert europearar framstilt som egoistiske og grådige, medan menneska utanfor Europa lever meir i fellesskap. Europearane greier ikkje fri seg frå desse lastane, og endar med å øydelegge for resten av verda. Særleg afrikanarar vert offer. Europa vert ei øydeleggande makt, og resten av verda har ikkje moglegheit til å endre på situasjonen. På same tid får europearar ofte ei hjelperolle i forteljingane, til dømes som misjonærar under imperialismen og gjennom bistand som del av avslutningane på avkoloniseringa. Slik vert europeisk identitet todelt: Europearar er øydeleggande, men også i ein posisjon til å hjelpe. Moglege løysingar vert assosiert med Vesten, og europearane vert slik ansvarlege både for at utviklinga skal gå godt og at det har gått gale tidlegare. Forteljingane syner slik elevane at dei som europearar har eit visst ansvar i verda. Det gjer likevel ikkje framstillinga av Europa til heilt overlegen andre kulturar. Europearane får mykje kritikk og forteljingane syner mange veikskapar med Europa og tidlegare europearar. Lærebøkene skriv fram ei forteljing kor det orienterande for elevane vert det internasjonale samfunnet. I det internasjonale samfunnet er dei negative sidene ved Europa i stor grad skorne vekk, og det er nettopp på grunn av svakheitene ved tidlegare europearar at forteljingane kan skape ein slik identifikasjon.

Gjennom å undersøke korleis framstillingane av europearar og ikkje-europearar vert del av forteljingane har eg vist kva funksjon det eurosentriske ved lærebøkene får. Den sterkt eksemplariske forteljinga i lærebøkene er knytt til det internasjonale samfunnet. Dei verdiane historia har vist som gode vert manifestert i det internasjonale samfunnet og den orienterande funksjonen for elevane er at dei skal delta i dette samfunnet. Den orienterande krafta i den eksemplariske forteljinga gir elevane grunnlag til handling. Orienteringa fremjar verdiar som demokrati og menneskerettar, og er slik i tråd med læreplanen. Men det eksemplariske er sett saman av to motstridande element som på kvart sitt vis legg til rette for andre forståingar, ei kritisk forteljing og ei tradisjonsforteljing.

Ifølge læreplanen skal opplæringa motverke fordommar og fremje respekt og toleranse mellom ulike kulturar. Den kritiske forteljinga kritiserer europearane og viser at møter mellom kulturar ber med seg store utfordringar, og formidlar at følgene av kulturmøter er uvisse. På trass av at den Europa-sentrerte tradisjonsforteljinga fremjar demokrati og likeverd, skriv den like fullt fram eit europeisk hegemoni. Den kan slik skape hinder for læreplanens mål om å motverke diskriminering og fremje gjensidig respekt og toleranse. Det eksemplariske ved forteljingane

bygger slik på både sjølvkritikk og sjølvsentring. Funksjonen vert at elevane skal vere sjølvkritiske, men også svært sjølvmedvitne deltakarar i det internasjonale samfunnet, kor grunnlaget for handling vert basert på ein kombinasjon av dårleg samvit og overlegenheit.

I måten lærebøkene svarar på bestillinga frå læreplanen skapar dei ein orienteringsfunksjon for elevane som bygger på både historiske brot og kontinuitet. Lærebøkene forteljingar skapar ein identifikasjon med det internasjonale samfunnet som vert forma i brotet med tidlegare europearar, samtidig som dei etablerer ein kontinuitet i «det europeiske» som oppstår i kontrast til ikkje-europearar.

Det er ikkje overraskande at tekstane eg har analysert er prega av europeisk dominans når begge dei to læreplanmåla som avgrensar masteroppgåva handlar om europeisk ekspansjon. Likevel er det påfallande at dei to einaste måla i læreplanen som tydeleg tek opp møter mellom europearar og kulturar utanfor Europa handlar om nettopp europeisk ekspansjon.

Lærebøker

- Hellerud, Synnøve Veinan og Ketil Knutsen. *Matriks 10: Historie* Nynorsk utg. Oslo: Aschehoug, 2008.
- Hellerud, Synnøve Veinan og Sigrid Moen. *Matriks 8 : Historie*. Nynorsk utg. Oslo: Aschehoug, 2006.
- Holm, Dagny og Anne-Elisabeth Utklev. *Gaia 7 : samfunnsfag for barnesteget* Nynorsk utg. Oslo: Gyldendal undervisning, 2008.
- Ingvaldsen, Bjørn og Ingunn Kristensen. *Nye makt og menneske : Historie 8*. Nynorsk utg. Oslo: Cappelen Damm, 2014.
- . *Nye makt og menneske : Historie 9*. Nynorsk utg. Oslo: Cappelen Damm, 2015.
- . *Nye makt og menneske : Historie 10*. Nynorsk utg. Oslo: Cappelen Damm, 2016.
- Lunnan, Håvard, Bjørg Åsta Flatby og Tone Aarre. *Midgard 7 : samfunnsfag for barnetrinnet* Bokmål, 2. utg. Oslo: Aschehoug, 2008.
- Nomedal, John Harald og Ståle Bråthen. *Kosmos 9 : samfunnsfag for ungdomstrinnet* Nynorsk utg. Oslo: Fag og kultur, 2007.
- . *Kosmos 10 : samfunnsfag for ungdomstrinnet* Bokmål utg. Oslo: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke, 2010.
- Skjøsberg, Harald. *Undervegs : Historie 8*. Nynorsk utg. Oslo: Gyldendal undervisning, 2006.
- . *Undervegs : Historie 10*. Nynorsk utg. Oslo: Gyldendal undervisning, 2008.

Litteratur

- Aronsson, Peter. *Historiebruk : att använda det förflutna*. Lund: Studentlitteratur, 2012.
- Barth, Fredrik. *Ethnic groups and boundaries : the social organization of culture difference*. Oslo: Universitetsforlaget, 1969.
- Bøe, Jan Bjarne. *Å lese fortiden : historiebruk og historiedidaktikk*. Kristiansand: Høyskoleforlaget, 2006.
- Eriksen, Thomas Hylland. *Hva er sosialantropologi*. Vol. 4, *Hva er*. Oslo: Universitetsforlaget, 2003.
- Folkenborg, Håkon Rune. *Én fortid - mange fortellinger : introduksjon til historiebruk*. Oslo: Cappelen Damm akademisk, 2018.
- Heiret, Jan, Teemu Ryymin og Svein Atle Skålevåg. *Fortalt fortid : norsk historieskriving etter 1970*. Oslo: Pax, 2013.
- Johnsen, Egil Børre. *Textbooks in the kaleidoscope : a critical survey of literature and research on educational texts*. Oslo: Scandinavian University Press, 1993.
- Kayser Nielsen, Niels. *Historiens forvandlinger : historiebrug fra monumenter til oplevelsesøkonomi*. Århus: Aarhus Universitetsforlag, 2015.
- Kjølseth, Kari. "Verdshistoriens "vi" og "de andre" : En analyse av fem norske lærebøker i verdenshistorie fra slutten av 1800-tallet." Hovedoppgave, Universitetet i Oslo, 2002.
- Libæk, Ivar. *Globus 7 : Samfunnsfag*. Nynorsk utg. Oslo: Cappelen, 2008.
- Lorentzen, Svein. *Ja, vi elsker- : skolebøkene som nasjonsbyggere 1814-2000*. Oslo: Abstrakt forlag, 2005.
- Nordkvelle, Yngve. "Bilder av utviklingsland i norske lærebøker : en undersøkelse av lærebøker for samfunnsfag i ungdomsskolen." I *U-lands-relaterte temaers plass i norsk skole*. Oslo, 1987.
- Nordkvelle, Yngve og Ingrid Tvete. "Nord/sør perspektivet i norske lærebøker : rapport laget for Hei Verden." Stavanger: Hei Verden, 2010.
- Norland, Heidi. "Innledning." I *Hayden White : Historie og fortelling : utvalgte essay*, redigert av Heidi Norland. Oslo: Pax, 2003.
- Palmberg, Mai. *Afrika i skolböckerna: gamla fördomar och nya*. Stockholm: Sida, 1987.
- Rubin, Susanne og Christina Sohlberg. *En obegriplig värld? : om u-länder i högstadielböcker*. Stockholm: SIDA, 1981.
- Rüsen, Jörn. *Berättande och förnuft : historieteoretiska texter*. Göteborg: Daidalos, 2004.

- . "Historical Narration: Foundation, Types, Reason." *History and Theory* 26, nr. 4 (1987): 87-97.
- . *History : narration, interpretation, orientation*. Vol. 5, *Making sense of history*. New York: Berghahn Books, 2005.
- Ryymän, Teemu. *Historie og politikk : historiebruk i norsk politikktutforming etter 1945*. Oslo: Universitetsforlaget, 2017.
- Rød, Jan Ketil. *Innføring i GIS og statistikk : verktøy for å beskrive verden*. 2. utg. Bergen: Fagbokforlaget, 2017.
- Said, Edward W. *Orientalismen : vestlige oppfatninger av Orienten*. Omsett av Anne Aabakken, *Orientalism*. Oslo: Cappelen, 2004.
- Sejersted, Francis. "Historiefagets fortellinger." *Nytt norsk tidsskrift (trykt utg.)*. 12, nr. 4 (1995): S.[313]-325.
- Stugu, Ola Svein. *Historie i bruk*. 2. utg, *Utsyn og innsikt*. Oslo: Det norske samlaget, 2016.
- Sæle, Christian. "Den rette historien : lærebokkritikk som historiepolitisk redskap." Universitetet i Bergen, 2013.
- Tingsten, Herbert. *Gud og fedrelandet : studier i hundre års skolepropaganda*. Omsett av Tryggve Norum. Redigert av Sven Erik Odden, *Gud och fosterlandet. Studier i hundra års skolpropaganda*. Oslo: Gyldendal, 1970.
- Utdanningsdirektoratet. 2015. "Generell del av læreplanen." <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/generell-del-av-lareplanen/> (henta 01.05, 2019).
- . 2013. "Læreplan i samfunnsfag (SAF1-03)." <https://www.udir.no/k106/SAF1-03> (henta 03.10, 2017).
- Wassermann, Johan. "Perspectives on Representations of Colonial Pasts Through Textbook Analysis - Not Quite a Decolonial Turn." I *The Colonial Past in History Textbooks : Historical and Social Psychological Perspectives*, redigert av Joaquim Pires Valentim og Karel Van Nieuwenhuysse. Charlotte, N.C: Information Age Publishing, 2018.
- White, Hayden. *Metahistory : the historical imagination in nineteenth-century Europe*. Baltimore: Johns Hopkins University Press, 1973.
- Wolf, Eric R. *Europe and the people without history*. Berkeley, Calif: University of California Press, 2010.
- Aamotsbakken, Bente. "The Colonial Past in Norwegian History Textbooks." *Internationale Schulbuchforschung* 30, nr. 3 (2008): 763-776.